



Kinn kommune

Møtebok

Utval: Kommunestyret
Møtestad: Florø kulturhus, Festsalen
Dato: 10.06.2026
Tid: Kl. 09:00 - 15:30

Følgjande medlemmer møtte	Parti
Anders Ole Sunnarvik	Kinn AP
Doris Christensen	Kinn AP
Ninja Tolo Ness	Kinn AP
Ola Teigen	Kinn AP
Silje Ødegård Standal	Kinn AP
Anett Berg	Kinn FrP
Frank Willy Pedersen Djuvik	Kinn FrP
Jan Gunnar Holvik	Kinn FrP
Kjell Bjørn Refvik	Kinn FrP
Kjell-Magne Kvalheim	Kinn FrP
Lillian Bratholmen	Kinn FrP
Mats Brunsvik	Kinn FrP
Miriam Johanne Nesje	Kinn FrP
Ronny Mobakken	Kinn FrP
Ørjan Kvalheim	Kinn FrP
Arlene Vågene	Kinn H
Bengt Solheim-Olsen	Kinn H
Hanne Eva Husebø Kristensen	Kinn H
Siri Sunde	Kinn H
Gustav Johan Nydal	Kinn KrF
Daniel Erik Adrian Henriksson	Kinn Rødt
Geir Ole Oldeide	Kinn Rødt
Hege Chatrine Brandsøy	Kinn Rødt
Anita Eikevik	Kinn SP
Elisabeth Halsne	Kinn SP
Jan Arve Midtbø	Kinn SP
Jon Valur Olafsson	Kinn SV
Siri Odijk Solbakken	Kinn SV
Edvard Iversen	Kinn V
Jacob Andrè Telvik Nødseth	Kinn V
Morten Andreas Hagen	UAH
Bente Nygård	AP

Forfall	Parti	Varamedlem	Parti	
Ronny Cassells	Kinn AP	Inger Strand Kvalheim	Kinn AP	
Tor Åge Gravdal	Kinn AP	Marie Kristine Øverås Jensen	Kinn SV	Kinn AP
Bente Olseth	Kinn H	Solbjørg Myrhaug Teige	Kinn H	UAH
Dagrun Almenning Kvalheim	Kinn H	Terje Svardahl	Kinn H	
Aud Norunn Vig	Kinn KrF	Anne Karine Lysne	Kinn KrF	
Kjell-Jarle Oldeide	Kinn			

Andre som møtte:

Kjell Heggen

Ugild	Sak	Følgjande varamedl. møtte	Merknad
Anita Eikevik	098/26	Magne Ove Midtbø	fvl. § 6 1.ledd
Frank Willy Pedersen Djuvik	098/26	Bjarne Holme	fvl. § 6 1.ledd
Mats Brunsvik	098/26		fvl. § 6 1.ledd
Frank Willy Pedersen Djuvik	101/26	Bjarne Holme	fvl. § 6 2.ledd
Siri Odijk Solbakken	099/26	Grethe Stavø	Fvl. § 6 2.ledd

Frå administrasjonen møtte:

Øyvind Bang-Olsen, kommunedirektør

Norvall Bakke, kommunalsjef

Rolf Bjarne Sund, kommunalsjef

Elin Sørbotten, kommunalsjef

Runa Nybakk, kommunalsjef

Oddgeir Nygård, prosjektsjef

Frode Ellingsund, tenesteleiar

Henrik Ulriksen, spesialkonsulent

Mari Halsør, spesialkonsulent

Ymse:

38 røysteføre i møtet.

Habilitetsvurdering i sakene 087, 098, 099 og 101.

Sakene vart behandla i følgjande rekkefølge: 078-093, 095-099, RS011, 101, 103.

Måløy, 11.06.2026Bengt Solheim-Olsen
Ordførar

Sakliste

Sak nr.	Sakstittel
078/26	Godkjenning av innkalling og sakliste
079/26	Godkjenning av møteprotokoll
080/26	Orienteringar
081/26	Spørsmål
082/26	Refererte skriv og meldingar
083/26	Havhesten Kinn kommune KF - årsrekneskap og årsmelding 2025
084/26	Havhesten Kinn kommune KF - Revidert budsjett 2026
085/26	Bordgleder Kinn kommune KF - årsrekneskap og årsmelding 2025
086/26	Bordgleder Kinn kommune KF - 1. tertialrapport 2026
087/26	Florø hamn Kinn kommune KF - årsrekneskap og årsmelding 2025
088/26	Florø Hamn Kinn kommune KF 1.tertialrapport 2026 og budsjettrevisjon
089/26	Kinn utdannings og ressurscenter KF - årsrekneskap og årsmelding 2025
090/26	KURS KF 1. tertialrapport 2026 og budsjettrevisjon
091/26	Kinn kommune - årsrekneskap og årsrapport 2025
092/26	Kinn kommune - Første tertialrapport T1 2026 med revidert budsjett og finansrapport
093/26	Økonomiplan og handlingsprogram 2027-2030
094/26	Orienteringssak - Tilstandsrapport 2025 - Kinn barnevern
095/26	Forskrift om folkevaldes rett til godtgjersle og velferdsgoder i Kinn - Høyringsinnspel
096/26	Suppleringsval – endring i samansetjing av politiske utval
097/26	Val av varamedlemmar - Gruppeleiarutvalet
098/26	Parkeringsordning Måløy - fastsetting av rammer
099/26	Utbyggingsavtale - Gartnerihagen, gbnr 28/48 m.fl.
100/26	Hovudplan vatn, avlaup og overvatn 2026-2035 Florelandet-Brandsøy, Eikefjord og Svanøy - Slutthandsaming
101/26	Høyringssvar - Forslag til forskrift om cruiseavgift, Kinn kommune
102/26	Endring av Forskrift om vedtekter for kommunal skulefritidsordning i Kinn kommune
103/26	Skjenkeløyve- Aur Eikefjord AS - 2026-2028



Saksnr.	Utval	Møtedato
078/26	Kommunestyret	10.06.2026

Godkjenning av innkalling og sakliste

KOST- 078/26 Vedtak:

Innkalling og sakliste vert godkjent.

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:

Innkalling og sakliste vert godkjent.

Behandling i Kommunestyret 10.06.2026:

Godkjenning av innkalling:

Ingen merknadar.

Godkjenning av sakliste:


Ingen merkadar.

Røysting:

Kommunedirektøren si tilråding vart samrøystes godkjent.

KOST- 078/26 Vedtak:

Innkalling og sakliste vert godkjent.



Saksnr.	Utval	Møtedato
079/26	Kommunestyret	10.06.2026

Godkjenning av møteprotokoll

KOST- 079/26 Vedtak:

Møteprotokollen vert godkjent som den ligg føre.

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:

Møteprotokollen vert godkjent som den ligg føre.

Møteprotokoll frå siste møte ligg i Acos møteportal og på Kinn kommune si heimeside.

Behandling i Kommunestyret 10.06.2026:

Ingen merknadar.

Røysting:


Kommunedirektøren si tilråding vart samrøystes godkjent.

KOST- 079/26 Vedtak:

Møteprotokollen vert godkjent som den ligg føre.

Vedlegg i saken:

Protokoll - Kommunestyret - 19.05.2026



Saksnr.	Utval	Møtedato
080/26	Kommunestyret	10.06.2026

Orienteringar

KOST- 080/26 Vedtak:

Orienteringane vert teke til vitande.

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:

Orienteringane vert teke til vitande.

Orienteringar:

Investeringsprosjekt i Kinn kommune
Nordfjord Havn v/Kjell Fagna

Behandling i Kommunestyret 10.06.2026:

Følgjande orienteringar vert helde:

Nordfjord Hamn v/Kjell Fagna

Investeringsprosjekt i Kinn kommune

Prosjektsjef Oddgeir Nygård:
Florø barneskule
Brannstasjon i Florø
Skram skole

Frode Ellingsund:
Kunstgras Florø Stadion
Øvre Skram, nye vegar
Refvik
Hovudplan VAO

Albertatunet v/Åsgeir Tomasgard


Presentasjonar frå alle orienteringane ligg vedlagt saka.

Røysting:

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak samrøystes vedtatt.

KOST- 080/26 Vedtak:

Orienteringane vert teke til vitande.



Kinn kommune

Arkiv: FE-033
JournalpostID: 26/36991
Sakshandsamar: Mari Halsør
Dato: 03.06.2026

Saksframlegg

Saksnr.	Utval	Møtedato
081/26	Kommunestyret	10.06.2026

Spørsmål

KOST- 081/26 Vedtak:

Ingen vedtak.

Behandling i Kommunestyret 10.06.2026:

Spørsmål frå Venstre v/repr. Nødseth:

Vedrørende at gitar- og bandlinje på kulturskulen blir lagt ned. Ønskjer generell sak om tilbodet i kulturskulen, i oppvekst- og kulturutvalet og kommunestyret.

Spørsmål frå FrP v/repr. Mobakken:

Har fått telefonar om at elevar ikkje får dekkja skuleskyss frå Refvik. Kvifor?

Spørsmål frå SP v/repr. Midtbø:

Nordalsfjorden – ordførar skulle ha ei gjennomreise der, er dette gjort?

Brandsøyvegen – viktig at kommunen er på med økt trykk framover, same med vegen til Grøndalen.

Kva er status på vegen opp i Steindalen?

Svar frå ordførar:


Skal gjennomføre synfaring i Nordalsfjorden.

Svar frå teknisk sjef Frode Ellingsund:

Det har pågått eit prosjekt der ein har måtte utføre betongarbeid. Har forståing for at det har vore ein del ulempe for innbyggjarane, men kommunen har prøvd å arbeide så effektivt som mogleg. Vegen vert opna før helga.

KOST- 081/26 Vedtak:

Ingen vedtak.



Kinn kommune

Arkiv: FE-033
JournalpostID: 26/36994
Sakshandsamar: Mari Halsør
Dato: 03.06.2026

Saksframlegg

Saksnr.	Utval	Møtedato
082/26	Kommunestyret	10.06.2026

Refererte skriv og meldingar

KOST- 082/26 Vedtak:

Meldingane vert teke til etterretning slik dei ligg føre.

Det vert sendt følgjande høyringsuttale i RS 011/26:

Høyringsuttale frå Kinn kommune – forslag til endring av vallova om krinsvis plassering av førehandsrøyster

Kinn kommune viser til høyringsutkastet om endringar i vallova og ønskjer å gje si tilslutning til departementet sitt føretrekte forslag om å etablere ei ordning for krinsvis plassering av førehandsrøyster.

Kommunen meiner forslaget vil bidra til at førehandsrøystene i større grad vert fordelte på den røystekrinsen der veljaren har avgjeve si røyst. Dette vil gi eit meir korrekt bilete av den lokale oppslutninga i dei ulike krinsane og styrkje verdien av krinsvise valresultat som grunnlag for analyse og lokaldemokratisk innsikt.

Kinn kommune vurderer at fordelane med ordninga veg tyngre enn dei eventuelle administrative utfordringane ho kan medføre, og støttar difor departementet sitt føretrekte forslag.

Kinn kommune har elles ingen merknader til høyringsutkastet.

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:

Meldingane vert teke til etterretning slik dei ligg føre.

Behandling i Kommunestyret 10.06.2026:

RS 011/26 - Forslag frå Raudt, foreslått av Geir Ole Oldeide, Kinn Raudt
Høyringsuttale frå Kinn kommune – forslag til endring av vallova om krinsvis plassering av førehandsrøyster

Kinn kommune viser til høyringsutkastet om endringar i vallova og ønskjer å gje si tilslutning til departementet sitt føretrekte forslag om å etablere ei ordning for krinsvis plassering av førehandsrøyster.

Kommunen meiner forslaget vil bidra til at førehandsrøystene i større grad vert fordelte på den røystekrinsen der veljaren har avgjeve si røyst. Dette vil gi eit meir korrekt bilete av den lokale oppslutninga i dei ulike krinsane og styrkje verdien av krinsvise valresultat som grunnlag for analyse og lokaldemokratisk innsikt.

Kinn kommune vurderer at fordelane med ordninga veg tyngre enn dei eventuelle administrative utfordringane ho kan medføre, og støttar difor departementet sitt føretrekte forslag.

Kinn kommune har elles ingen merknader til høyringsutkastet.

RS 010/26

Raudt, AP og Høgre ber om at det kjem ei sak på dette første møte etter sommaren. Korleis skal dette gjerast i praksis, bør vere lik praksis i alle utval.

RS 011/26

Raudt v/repr. G. Oldeide foreslår at kommunestyret skal sende eit høyringssvar. Kommunestyret vedtar å behandle dette.

RS 013/26

Raudt v/repr. Oldeide kommenterer at alle eigarar skal ha fått tilsendt dette, men Kinn kommune står ikkje oppført på mottakarlista.

Røysting:

Kommunedirektøren si tilråding samrøystes vedteke. Framlegg frå Raudt til RS011/26 samrøystes vedtatt.

KOST- 082/26 Vedtak:

Meldingane vert teke til etterretning slik dei ligg føre.

Det vert sendt følgjande høyringsuttale i RS 011/26:

Høyringsuttale frå Kinn kommune – forslag til endring av vallova om krinsvis plassering av førehandsrøyster

Kinn kommune viser til høyringsutkastet om endringar i vallova og ønskjer å gje si tilslutning til departementet sitt føretrekte forslag om å etablere ei ordning for krinsvis plassering av førehandsrøyster.

Kommunen meiner forslaget vil bidra til at førehandsrøystene i større grad vert fordelte på den røystekrinsen der veljaren har avgjeve si røyst. Dette vil gi eit meir korrekt bilete av den lokale oppslutninga i dei ulike krinsane og styrkje verdien av krinsvise valresultat som grunnlag for analyse og lokaldemokratisk innsikt.

Kinn kommune vurderer at fordelane med ordninga veg tyngre enn dei eventuelle administrative utfordringane ho kan medføre, og støttar difor departementet sitt føretrekte forslag.

Kinn kommune har elles ingen merknader til høyringsutkastet.


Underliggende sak:

010/26, Brev frå Ungdommens kommunestyre i Kinn om mentorordning

011/26, Høring - Forslag til endringer i valgloven (kretsvis opptelling)

012/26, Møtebok for styremøte Vestland Revisjon KO 07.05.2026

013/26, Protokoll frå representantskapsmøte Vest kontroll kommunalt oppgåvefellesskap
21.05.2026



Saksnr.	Utval	Møtedato
069/26	Formannskapet	04.06.2026
083/26	Kommunestyret	10.06.2026

Havhesten Kinn kommune KF - årsrekneskap og årsmelding 2025

KOST- 083/26 Vedtak:

Årsrekneskap og årsmelding 2025 for Havhesten Kinn kommune KF vert godkjent slik dei ligg føre.

Vedtak som innstilling frå Formannskapet - 04.06.2026

Årsrekneskap og årsmelding 2025 for Havhesten Kinn kommune KF vert godkjent slik dei ligg føre.

Dagleg leiar sitt framlegg til vedtak:

Kinn kommunestyre godkjenner årsrekneskap og årsmelding 2025 for Havhesten Kinn kommune KF slik dei ligg føre.

Bakgrunn for saka:

Rekneskapen for Havhesten Kinn kommune KF er avlagd og presentert i samsvar med lov, forskrift og god kommunal rekneskapskikk.

I henhold til kommunelova §14-3 skal årsrekneskap og årsberetning vedtakast seinast seks månader etter rekneskapsårets slutt. Kvart årsrekneskap skal behandlast samtidig med tilhøyrande årsberetning. Vedtaket om årsrekneskap skal angi korleis eit eventuelt meirforbruk i driftsrekneskapet skal dekkast inn. Kontrollutvalet skal uttale seg til kommunestyret om årsrekneskapet og årsberetning før formannskapet innstiller til vedtak.

Saksopplysningar:

Det ligg føre årsmelding og rekneskap for Havhesten Kinn kommune KF per 31.12.2025. Revisor har lagt fram revisjonsberetning av 18.04.2026 utan atterhald.

Kontrollutvalet har i møte 27.04.2026 gjeve si uttale til kommunestyret i kontrollutvalssak 027/26:

Etter ei samla vurdering av det kontrollutvalet har fått lagt fram, og på bakgrunn av at kontrollutvalet i dialog med revisor ikkje er gjort kjent med andre forhold som kunne hatt konsekvens for uttalen frå kontrollutvalet, jf. kommunelova §14-3, vil kontrollutvalet tilrå kommunestyret å godkjenne årsrekneskap og årsrapport 2025 for Havhesten KF.

Vurderingar:

Rekneskapen for 2025 viser eit netto driftsresultat på kr 45.316 og eit resultat i balanse på kr 0.

I investeringsrekneskapen er tidlegare års udekka dekkja inn i sin heilheit med kr 9.313. Investeringsrekneskapet er gjort opp i balanse.

Økonomiske konsekvensar:

Årsrekneskapen for 2025 er gjort opp i balanse. Disposisjonsfond per 31.12.2025 utgjør kr 2.827.763.

Aktuelle lover, forskrifter, kjelder:

LOV-2018-06-22-83 Lov om kommuner og fylkeskommuner (kommuneloven)

FOR-2019-06-07-714 Forskrift om økonomiplan, årsbudsjett, årsregnskap og årsberetning for kommuner og fylkeskommuner mv

Behandling i Kommunestyret 10.06.2026:

Styreleiar Anders Ola Sunnarvik orienterte innleiingsvis.

Røysting:

Innstilling frå formannskapet samrøystes vedtatt.

KOST- 083/26 Vedtak:

Årsrekneskap og årsmelding 2025 for Havhesten Kinn kommune KF vert godkjent slik dei ligg føre.

Behandling i Formannskapet 04.06.2026:**Røysting:**

Innstilling frå styret samrøystes vedtatt.

FORM- 069/26 Vedtak:

Årsrekneskap og årsmelding 2025 for Havhesten Kinn kommune KF vert godkjent slik dei ligg føre.

Vedlegg i saken:


Havhesten Kinn kommune KF - rekneskap 2025

Årsmelding 2025 Havhesten Kinn kommune KF

Uttale om årsrekneskapen - Revisjonsmelding Havhesten Kinn kommune KF 2025

Kontrollutvalet sin uttale: Havhesten KF - årsrapport og rekneskap 2025

Årsrekneskap og årsmelding Havhesten Kinn kommune KF 2025



Saksnr.	Utval	Møtedato
007/26	Styret i Havhesten Kinn kommune KF	11.05.2026
068/26	Formannskapet	04.06.2026
084/26	Kommunestyret	10.06.2026

Havhesten Kinn kommune KF - Revidert budsjett 2026

KOST- 084/26 Vedtak:

Revidert budsjett 2026 for Havhesten Kinn kommune KF vert godkjent slik det ligg føre.

Vedtak som innstilling frå Formannskapet - 04.06.2026

Revidert budsjett 2026 for Havhesten Kinn kommune KF vert godkjent slik det ligg føre.

Innstilling frå dagleg leiar:

Styret i Havhesten Kinn kommune KF vedtek revidert budsjett 2026 slik det ligg føre.

Bakgrunn for saka:

Havhesten Kinn kommune KF har i desember 2025 og første kvartal 2026 måtte utføre nødvendig og betydeleg reparasjon og utbetringsarbeid.

Saksopplysningar:

Totale arbeidskostnader og materiell er Kr 1 002 277.- inkl. mva, og som i sin heilheit er betalt av dispensasjonsfondet (EK) til føretaket.

Vedlikehald av terapibassenget utgjer Kr 306 431.- (inkl. mva.) av totalbeløpet, og blir ført som driftskostnad i vedlagt revidert forskriftsskjema.

Resterande kostnad Kr 695 846.- (inkl. mva.) er utbetring av søyler og bæreelement rundt barnebassenget som etter kollaps måtte reparerast omgåande, og som prosjektselskapet Sweco har klassifisert som feilkonstruksjon i bygget som var ferdig stilt hausten 1999.

Dette beløpet blir ført som investering i varige driftsmidlar.

Økonomiske konsekvensar:

Bruk av eige dispensasjonsfond Kr 1 002 277.-

Behandling i Kommunestyret 10.06.2026:

Røysting:

Innstilling frå formannskapet samrøystes vedtatt.

KOST- 084/26 Vedtak:

Revidert budsjett 2026 for Havhesten Kinn kommune KF vert godkjent slik det ligg føre.

Behandling i Formannskapet 04.06.2026:

Røysting:

Innstilling frå styret samrøystes vedtatt.

FORM- 068/26 Vedtak:

Revidert budsjett 2026 for Havhesten Kinn kommune KF vert godkjent slik det ligg føre.

Behandling i Styret i Havhesten Kinn kommune KF 11.05.2026:

Totale kostnader for arbeidet i terapi- og barnebasseng er kr 1 002 277,- inkl. mva. og er i heilheit betalt av disposisjonsfondet til føretaket. Vedlikehald terapibasseng kr 306 431,- inkl. mva vert ført som driftskostnad i vedlagt forskriftsskjema. Resterande kostnad som er reetablering av søyler og bæreelement busjetterast i investering med kr 696 000,- inkl. mva som låneopptak.

Røysting:


Samrøystes vedtatt.

HAVH- 007/26 Vedtak:

Styret i Havhesten Kinn kommune KF vedtek einstemmig at investering på kr 696 000,- inkl. mva. skal vere låneopptak og vedlikehald terapibasseng på kr 306 431,- inkl. mva. føres som driftskostnad.

Vedlegg i saken:

Revidert budsjett 2026 - Havhesten Kinn kommune KF
Forskriftsskjema revidert juni 2026



Saksnr.	Utval	Møtedato
070/26	Formannskapet	04.06.2026
085/26	Kommunestyret	10.06.2026

Bordgleder Kinn kommune KF - årsrekneskap og årsmelding 2025

KOST- 085/26 Vedtak:

Årsrekneskap og årsmelding 2025 for Bordgleder Kinn kommune KF vert godkjent slik dei ligg føre.

Vedtak som innstilling frå Formannskapet - 04.06.2026

Årsrekneskap og årsmelding 2025 for Bordgleder Kinn kommune KF vert godkjent slik dei ligg føre.

Dagleg leiar sitt framlegg til vedtak:

Kinn kommunestyre godkjenner årsrekneskap og årsmelding 2025 for Bordgleder Kinn kommune KF slik dei ligg føre.

Bakgrunn for saka:

Rekneskapen for Bordgleder Kinn kommune KF er avlagd og presentert i samsvar med lov, forskrift og god kommunal rekneskapsskikk.

I henhold til kommunelova §14-3 skal årsrekneskap og årsberetning vedtakast seinast seks månader etter rekneskapsårets slutt. Kvart årsrekneskap skal behandlast samtidig med tilhøyrande årsberetning. Vedtaket om årsrekneskap skal angi korleis eit eventuelt meirforbruk i driftsrekneskapet skal dekkast inn. Kontrollutvalet skal uttale seg til kommunestyret om årsrekneskapet og årsberetning før formannskapet innstiller til vedtak.

Saksopplysningar:

Det ligg føre årsmelding og rekneskap for Bordgleder Kinn kommune KF per 31.12.2025. Revisor har lagt fram revisjonsberetning av 15.04.2026 med følgande merknad:

Budsjettet som står i kolonna «regulert budsjett» er ikkje vedteke av kommunestyret. I samsvar med kommunelova § 9-15 er det kommunestyret som skal vedta budsjettjusteringar.

Andre tilhøve

Årsmeldinga oppfyller ikkje krava i kommunelova § 14-7 årsberetning da den ikkje gjer greie for planlagde og iverksette tiltak for å sikre ein høg etisk standard, samt den faktiske tilstanden når det gjeld kjønnslikestilling og lønsforhold fordelte etter kjønn.

Uten at det har betydning for vår konklusjon, gjør vi oppmerksom på at Bordgleder KF sin skattetrekkkonto per 31.12.2025 ikke hadde tilstrekkelige midler til å dekke påløpt skattetrekk. Dette er ikke i samsvar med skattebetalingsloven § 5 12.

Kontrollutvalet har i møte 27.04.2026 gjeve si uttale til kommunestyret i kontrollutvalssak 25/26:

Etter ei samla vurdering av det kontrollutvalet har fått lagt fram, og på bakgrunn av dialog med revisor, er kontrollutvalet ikkje gjort kjent med forhold som tilseier at årsrekneskapen ikkje kan godkjennast, jf. kommunelova § 14-3.

Kontrollutvalet vil likevel peike på følgjande forhold:

- Budsjettet som ligg til grunn som «regulert budsjett» er ikkje vedteke av kommunestyret. Dette er ikkje i samsvar med kommunelova § 9-15, der det går fram at det er kommunestyret som skal vedta budsjettendringar.*
- Årsberetninga oppfyller ikkje krava i kommunelova § 14-7, då det ikkje er gjort greie for planlagde og iverksette tiltak for å sikre høg etisk standard, og heller ikkje for den faktiske tilstanden når det gjeld kjønnslikestilling og lønsforhold fordelt etter kjønn.*
- Skattetrekkkonto per 31.12.2025 hadde ikkje tilstrekkelege midlar til å dekke påløpt skattetrekk. Dette var ikkje i samsvar med skattebetalingslova § 5-12 (oppheva frå 01.01.2026).*

Kontrollutvalet ser alvorleg på desse forholda, særleg brot på regelverket knytt til skattetrekk og budsjettvedtak. Kontrollutvalet føreset at forholda vert retta opp og følgde opp av eigar og administrasjon.

Kontrollutvalet tilrår at kommunestyret godkjenner årsrekneskap og årsrapport 2025 for Bordgleder KF.

Vurderingar:

Rekneskapen for 2025 viser eit negativt netto driftsresultat på kr 1.514.162 og eit negativt resultat til inndekking i seinare år på kr 1.514.162.

Investeringsrekneskap 2025 er gjort opp i balanse. Udekka beløp tidlegare år på kr 121.753 er ikkje dekkja inn i 2025 som føresett i investeringsbudsjett 2025.

Rutine knytt til oppfølging av budsjettjusteringar er gjennomgått slik at budsjetttrapportering og budsjettjustering følger kommunens tertialrapporteringar framover.

Mangelen knytt til innhald i årsmeldinga i henhald til kommunelova § 14-7 vil bli følgt opp, og være på plass i årsmeldinga for 2026.

Ordninga med skattetrekkkonto er avvikla fom 01.01.2026.

Økonomiske konsekvensar:

Årsrekneskapen for 2025 er gjort opp med meirforbruk. Disposisjonsfond per 31.12.2025 utgjør kr 0.

Akkumulert udekka investering på kr 121.753, og akkumulert udekka drift på kr 1.698.905, skal dekkast inn i budsjett 2026.

Aktuelle lover, forskrifter, kjelder:

LOV-2018-06-22-83 Lov om kommuner og fylkeskommuner (kommuneloven)

FOR-2019-06-07-714 Forskrift om økonomiplan, årsbudsjett, årsregnskap og

Behandling i Kommunestyret 10.06.2026:

Utsetting, foreslått av Frank Willy Pedersen Djuvik, Kinn Fremskrittsparti
Saka vert utsett

Høgre v/repr. Vågene ber om sak i første møte etter sommaren med ein gjennomgang av føretaket, der ein ser på både det positive og negative.

Røysting:

Utsetjingsframlegg frå repr. Djuvik falt med 10 røyster frå FrP.
Innstilling frå formannskapet vedtatt mot ei røyst frå FrP v/Refvik.

KOST- 085/26 Vedtak:

Årsrekneskap og årsmelding 2025 for Bordgleder Kinn kommune KF vert godkjent slik dei ligg føre.

Behandling i Formannskapet 04.06.2026:

Røysting:


Innstilling frå styret samrøystes vedtatt.

FORM- 070/26 Vedtak:

Årsrekneskap og årsmelding 2025 for Bordgleder Kinn kommune KF vert godkjent slik dei ligg føre.

Vedlegg i saken:

Bordgleder Kinn kommune KF - rekneskap 2025
Årsmelding Bordgleder til styret 2025
ÅOP-09-2025 (07) Revisjonsuttale Bordgleder KF 2025
Kontrollutvalet sin uttale Bordgleder KF - årsrapport og rekneskap 2025
Årsmelding 2025
Rekneskap 2025



Saksnr.	Utval	Møtedato
076/26	Formannskapet	04.06.2026
086/26	Kommunestyret	10.06.2026

Bordgleder Kinn kommune KF - 1. tertialrapport 2026

KOST- 086/26 Vedtak:

1. tertialrapport 2026 vert tatt til vitande.

Vedtak som innstilling frå Formannskapet - 04.06.2026

1. tertialrapport 2026 vert tatt til vitande.

Innstilling frå dagleg leiar:

1. tertialrapport 2026 vert tatt til vitande.

Bakgrunn for saka:

Saksopplysningar:

Samandrag

Økonomirapporten for Bordgleder KF per april 2026 viser samla sett ei positiv utvikling i drifta. Aktiviteten er aukande, særleg innan eksternt sal, og føretaket forventar høgare omsetning enn det som låg til grunn ved vedtak av budsjettet for 2026. Samstundes er det enkelte kostnadsområde som viser auke, mellom anna varekostnader og energikostnader.

Styret og administrasjonen følgjer utviklinga tett og vil kome tilbake med eventuelle justeringar i samband med revidert budsjett 2026.

Kommentarar til rekneskapen

Lønskostnader

Lønskostnadene ligg per april under budsjett. Det er i tillegg refusjonar som enno ikkje er inntektsførte.

Det er venta auka aktivitet i andre halvår 2026, noko som òg vil medføre høgare lønskostnader utover året.

Varekostnader

Varekostnadene er høgare enn budsjettet. Dette kjem mellom anna av:

- auka volum på leveransar til Kinn kommune,
- høgare prisar på matvarer,
- auka kostnader til emballasje som ikkje er periodiserte.

Innkjøp av matvarer utgjør per april om lag kr 915 000. Prisveksten på matvarer har ført til at gjennomsnittleg kostnad per servert rett har auka i tråd med konsumprisindeksen.

Frå juni 2026 er det venta ytterlegare vekst i salet, noko som vil medføre auka varekostnader frå og med mai månad.

Energikostnader

Energikostnadene er oppjusterte samanlikna med budsjett. Prognosen byggjer på estimat for kraftprisane resten av året og er derfor knytt til ein viss grad av usikkerheit.

Sal til eksterne kundar

Prognosen for sal til eksterne kundar er oppjustert. Bordgleder KF forventar ei omsetning frå eksterne kundar som ligg meir enn kr 800 000 over det nivået som låg til grunn då formannskapet vedtok budsjettet for 2026.

I 2025 utgjorde sal til eksterne kundar kr 3 312 306. Styret la ved budsjetteringa for 2026 til grunn eit forsiktighetsprinsipp og ønskte ikkje å budsjettere med høgare inntekter enn det ein vurderte som realistisk å kunne levere.

Kommunestyret vedtok likevel eit budsjettert eksternt sal på kr 4 995 000. Ein vesentleg del av denne summen var på vedtakstidspunktet knytt til forventningar om framtidige kontraktar.

Som følgje av kontrakten med ekstern kommune er eksternt sal no prognostisert til kr 5 838 090 i 2026. Avviket mot budsjett er dermed kr 843 090. Det er viktig å merke seg at den reelle veksten i eksternt sal er betydeleg større enn det avviket mot budsjett isolert sett viser.

Nye kundar og framtidig utvikling

Det er planlagt oppstart av leveransar til ekstern kommune i juni 2026. Føretaket arbeider vidare med å skaffe fleire eksterne kundar og styrkje inntektsgrunnlaget. Oppstart og levering til ny kunde vil medføre enkelte ekstraordinære kostnader som kan påverke rekneskapen. Dette vil bli nærare omtala i samband med revidert budsjett 2026.

Rekneskapsføring

Rekneskapen for 2026 er ført med eiga ansvarsfordeling mellom sal til Kinn kommune og sal til eksterne kundar. Denne fordelinga kjem ikkje fram i denne samla økonomirapporten.

Rapporten viser samla rekneskap for Bordgleder KF til og med april 2026.

Vurdering

Administrasjonen vurderer at Bordgleder KF har ei tilfredsstillande økonomisk utvikling per april 2026. Særleg den sterke veksten i eksternt sal bidreg positivt til inntektsgrunnlaget. Samstundes må føretaket handtere auka kostnader knytt til matvarer, energi og oppstart av nye leveranseavtalar.

Utviklinga vert følgd tett, og eventuelle behov for budsjettjusteringar vil bli lagde fram i samband med revidert budsjett 2026.

Økonomiske konsekvensar:

«Skriv her»

Aktuelle lover, forskrifter, kjelder:

«Skriv her»

Behandling i Kommunestyret 10.06.2026:

Røysting:

Innstilling frå formannskapet samrøystes vedtatt.

KOST- 086/26 Vedtak:

1. tertialrapport 2026 vert tatt til vitande.

Behandling i Formannskapet 04.06.2026:

Røysting:


Innstilling frå styret samrøystes vedtatt.

FORM- 076/26 Vedtak:

1. tertialrapport 2026 vert tatt til vitande.

Vedlegg i saken:

Rapport til Bordgleder til formannskapet til og med april 2026



Saksnr.	Utval	Møtedato
071/26	Formannskapet	04.06.2026
087/26	Kommunestyret	10.06.2026

Florø hamn Kinn kommune KF - årsrekneskap og årsmelding 2025

KOST- 087/26 Vedtak:

Årsrekneskap og årsmelding 2025 for Florø hamn Kinn kommune KF vert godkjent slik dei ligg føre.

Vedtak som innstilling frå Formannskapet - 04.06.2026

Årsrekneskap og årsmelding 2025 for Florø hamn Kinn kommune KF vert godkjent slik dei ligg føre.

Dagleg leiar sitt framlegg til vedtak:

Kinn kommunestyre godkjenner årsrekneskap og årsmelding 2025 for Florø hamn Kinn kommune KF slik dei ligg føre.

Bakgrunn for saka:

Rekneskapen for Florø hamn Kinn kommune KF er avlagd og presentert i samsvar med lov, forskrift og god kommunal rekneskapsskikk.

I henhold til kommunelova §14-3 skal årsrekneskap og årsberetning vedtakast seinast seks månader etter rekneskapsårets slutt. Kvart årsrekneskap skal behandlast samtidig med tilhøyrande årsberetning. Vedtaket om årsrekneskap skal angi korleis eit eventuelt meirforbruk i driftsrekneskapet skal dekkast inn. Kontrollutvalet skal uttale seg til kommunestyret om årsrekneskapet og årsberetning før formannskapet innstiller til vedtak.

Saksopplysningar:

Det ligg føre årsmelding og rekneskap for Florø hamn Kinn kommune KF per 31.12.2025.

Florø Hamn Kinn kommune KF er vertsføretak for det interkommunale hamneføretaket Alden Hamneområde. Denne rekneskapen inngår i rekneskapen til Florø Hamn Kinn kommune KF. Det vert avlagt særskild rekneskapen for Alden Hamneområde si verksemd, med eiga årsmelding, og eiga revisjonsmelding. Lov om hamner og farvatn av 01.01.2020 (havne- og farvannsloven) definerer kva som høyrer til hamnekapitalen og kva hamnekapitalen kan nyttast til jf. § 32. Kommunen skal halde inntekter og kapital adskild frå anna verksemd jf §32 2. ledd.

Revisor har lagt fram revisjonsberetning utan atterhald datert 20.04.2026 for Florø hamn Kinn kommune KF, og revisjonsberetning utan atterhald datert 20.04.2026 for Alden

hamneområde.

Kinn kontrollutval har i møte 27.04.2026 gjeve si uttale til kommunestyret i kontrollutvalssak 026/26:

Etter ei samla vurdering av det kontrollutvalet har fått lagt fram, og på bakgrunn av at kontrollutvalet i dialog med revisor ikkje er gjort kjent med andre forhold som kunne hatt konsekvens for uttalen frå kontrollutvalet, jf. kommunelova §14-3, vil kontrollutvalet tilrå kommunestyret å godkjenne årsrekneskap og årsrapport 2025 for Florø hamn KF.

Vurderingar:

Den samla rekneskapen for Florø hamn Kinn kommune KF for 2025 viser eit netto driftsresultat på kr 149.386 og eit resultat i balanse på kr 0.

Investeringsrekneskapet er gjort opp i balanse.

Særrekneskap for Alden hamneområde viser eit negativt netto driftsresultat på kr 682.951, og derav er kr 636.156 dekkja inn ved bruk av bundet driftsfond Alden hamneområde. Etter inndekking gjenstår eit meirforbruk til inndekking seinare år på kr 46.795.

Økonomiske konsekvensar:

Den samla årsrekneskapen for Florø hamn Kinn kommune KF for 2025 er gjort opp i balanse. Disposisjonsfond per 31.12.2025 utgjer kr 20.748.102.

Bundet driftsfond som gjeld særrekneskap for Alden Hamneområde utgjer pr. 31.12.25 kr. 1.371.645.

Aktuelle lover, forskrifter, kjelder:

LOV-2018-06-22-83 Lov om kommuner og fylkeskommuner (kommuneloven)
FOR-2019-06-07-714 Forskrift om økonomiplan, årsbudsjett, årsregnskap og årsberetning for kommuner og fylkeskommuner mv

Behandling i Kommunestyret 10.06.2026:

AP v/repr. Christensen held innlegg og nemner Måsholmen utvikling AS og aksjonæravtalen, som berører Florø Hamn KF.

I forbindelse med det så ønskjer representantane Vågene (AP), Nesje (FrP), Solbakken (SV) og Nydal (KrF) sin habilitet vurdert, då dei alle er del av styret til Florø Hamn KF. Kommunestyret erklærer samrøystes representantane som habile i saka.

Røysting:

Innstilling frå formannskapet samrøystes vedtatt.

KOST- 087/26 Vedtak:

Årsrekneskap og årsmelding 2025 for Florø hamn Kinn kommune KF vert godkjent slik dei ligg føre.

Behandling i Formannskapet 04.06.2026:

Røysting:

Innstilling frå styret samrøystes vedtatt.

FORM- 071/26 Vedtak:

Årsrekneskap og årsmelding 2025 for Florø hamn Kinn kommune KF vert godkjent slik

dei ligg føre.

Vedlegg i saken:

Florø hamn Kinn kommune KF - rekneskap 2025

Florø hamn Kinn kommune KF Alden hamneområde - Rekneskap 2025 (20260222)


Florø hamn Kinn kommune KF - Årsmelding 2025

Uttale om årsrekneskapen - Revisjonsmelding Florø Hamn Kinn kommune KF 2025

Melding frå uavhengig revisor - Årsrekneskapen 2025 for Alden Hamneområde

Kontrollutvalet sin uttale: Florø hamn KF - årsrapport og rekneskap 2025

Florø hamn Kinn kommune KF - Årsrekneskap og årsmelding 2025



Saksnr.	Utval	Møtedato
028/26	Styret i Florø hamn KF	28.05.2026
075/26	Formannskapet	04.06.2026
088/26	Kommunestyret	10.06.2026

Florø Hamn Kinn kommune KF 1.tertialrapport 2026 og budsjettrevisjon

KOST- 088/26 Vedtak:

1. tertialrapport 2026 vert tatt til vitande.
- Budsjettrevisjonar for 2026 blir vedtekne slik dei kjem fram av vedlegg.

Vedtak som innstilling frå Formannskapet - 04.06.2026

1. tertialrapport 2026 vert tatt til vitande.
- Budsjettrevisjonar for 2026 blir vedtekne slik dei kjem fram av vedlegg.

Innstilling frå dagleg leiar:

1. tertialrapport 2026 vert tatt til vitande
- Budsjettrevisjonar for 2026 blir vedtekne slik dei kjem fram av vedlegg

Bakgrunn for saka:

1.tertialrapport syner rekneskapen per 30. april, og med det korleis det vedteke budsjettet er følgt opp undervegs i året så langt. I saka forklarar vi dei største avvika, våre vurderingar og forslag til budsjettrevideringar.

Saksopplysningar:

Denne tertialrapporten viser korleis Florø Hamn ligg an per 30.april i forhold til budsjett for 2026.

Når det gjeld status på drift er det nokre av inntektene og utgiftene som kjem halvårleg og årleg, som dermed ikkje er med i 1.tertial. Dette gjer at det ser ut som om vi vil ende med å tilføre disposisjonsfondet midlar heller enn å måtte bruke midlar frå disposisjonsfondet, som det er lagt inn i budsjett for 2026. Det blir ikkje heilt reelt sidan store kostnadar som renteutgift og avdrag blir fakturert halvårleg. Dette vil utgjere rundt kr 4.600.000. Det er og nokre av kostnadane som ligg over i forhold til budsjett for 2026 når ein deler det opp i tertial. Grunnen til dette er at det er fleire av kostnadane som gjeld for eit heilt år og kjem tidleg på året.

Status på investeringar er at det er fleire pågåande prosjekt, men som ikkje er fakturert endå. Rundt halvparten av prosjekta vil bli gjennomførte i henhold til plan, mens nokre har usikker status. Det er to prosjekt som med høg sannsynligheit vil bli forsinka, også blir nokre fjerna frå revidert budsjett for 2026. Det blir lagt inn eit nytt

investeringsprosjekt som gjeld å etablere ein mur ved fiskerikai i Hestenes. Det er lagt til ei eiga sak om dette. For å få ferdig forprosjektet for cruisesatsing må vi og auke denne. Dette løyser vi ved å justere ned andre prosjekt og fjerne nokre som ikkje er behov for lengre. Det vil sei at låneramma ikkje vil auke som følgje av dette.

Vurderingar:

Økonomiansvarleg vurderer økonomien i 1.tertial som grei. Det er som nemnt nokre kostnader som kjem halvårleg og dermed har gjort at nokre utgiftspostar er høgare i 1.tertial enn det vil vere i neste tertial.

Når det gjeld investeringar ligg det i denne tertialrapporten inne endringar på budsjettet for 2026, som vil komme i revidert budsjett til hausten. Dette vil ikkje føre til ei budsjettauke, men ei omdisponering av bevilga ramme, sidan behov har endra seg. Derfor vurderast denne endringa i investeringsbudsjettet som forsvarleg.

Behandling i Kommunestyret 10.06.2026:**Røysting:**

Innstilling frå formannskapet samrøystes vedtatt.

KOST- 088/26 Vedtak:

1. 1. tertialrapport 2026 vert tatt til vitande.
2. Budsjettrevisjonar for 2026 blir vedtekne slik dei kjem fram av vedlegg.

Behandling i Formannskapet 04.06.2026:**Røysting:**

Innstilling frå styret samrøystes vedtatt.

FORM- 075/26 Vedtak:

1. 1. tertialrapport 2026 vert tatt til vitande.
2. Budsjettrevisjonar for 2026 blir vedtekne slik dei kjem fram av vedlegg.

Behandling i Styret i Florø hamn KF 28.05.2026:


Samrøystes

FLHA- 028/26 Vedtak:

1. 1. tertialrapport 2026 vert tatt til vitande
2. Budsjettrevisjonar for 2026 blir vedtekne slik dei kjem fram av vedlegg

Vedlegg i saken:

Florø Hamn Kinn kommune KF 1.tertialrapport 2026 og budsjettrevisjon
Forskriftsskjema revidert juni 2026



Saksnr.	Utval	Møtedato
072/26	Formannskapet	04.06.2026
089/26	Kommunestyret	10.06.2026

Kinn utdannings og ressurscenter KF - årsrekneskap og årsmelding 2025

KOST- 089/26 Vedtak:

Årsrekneskap og årsmelding 2025 for Kinn utdannings og ressurscenter KF vert godkjent slik dei ligg føre.

Vedtak som innstilling frå Formannskapet - 04.06.2026

Årsrekneskap og årsmelding 2025 for Kinn utdannings og ressurscenter KF vert godkjent slik dei ligg føre.

Dagleg leiar sitt framlegg til vedtak:

Kinn kommunestyre godkjenner årsrekneskap og årsmelding 2025 for Kinn utdannings og ressurscenter KF slik dei ligg føre.

Bakgrunn for saka:

Rekneskapen for Kinn utdannings og ressurscenter KF er avlagd og presentert i samsvar med lov, forskrift og god kommunal rekneskapsskikk.

I henhold til kommunelova §14-3 skal årsrekneskap og årsberetning vedtakast seinast seks månader etter rekneskapsårets slutt. Kvart årsrekneskap skal behandlast samtidig med tilhøyrande årsberetning. Vedtaket om årsrekneskap skal angi korleis eit eventuelt meirforbruk i driftsrekneskapet skal dekkast inn. Kontrollutvalet skal uttale seg til kommunestyret om årsrekneskapet og årsberetning før formannskapet innstiller til vedtak.

Saksopplysningar:

Det ligg føre årsmelding og rekneskap for Kinn utdannings og ressurscenter KF per 31.12.2025. Revisor har lagt fram revisjonsberetning av 08.04.2026 med slik merknad knytt til årsmelding 2025:

Andre tilhøve

Årsmeldinga oppfyller ikkje krava i kommunelova§ 14-7 årsberetning da den ikkje gjer greie for planlagde og iverksette tiltak for å sikre ein høg etisk standard, samt den faktiske tilstanden når det gjeld kjønnslikestilling og lønsforhold fordelte etter kjønn.

Kontrollutvalet har i møte 27.04.2026 gjeve si uttale til kommunestyret i kontrollutvalssak 24/26:

Etter ei samla vurdering av det kontrollutvalet har fått lagt fram, og på bakgrunn av dialog med revisor, er kontrollutvalet ikkje gjort kjent med forhold som tilseier at årsrekneskapen ikkje kan godkjennast, jf. kommunelova § 14-3.

Kontrollutvalet vil likevel peike på følgjande forhold:

- 1. Årsberetninga oppfyller ikkje krava i kommunelova § 14-7, då det ikkje er gjort greie for planlagde og iverksette tiltak for å sikre høg etisk standard, og heller ikkje for den faktiske tilstanden når det gjeld kjønnslikestilling og lønsforhold fordelt etter kjønn.*

Kontrollutvalet tilrår at kommunestyret godkjenner årsrekneskap og årsrapport 2025 for Kinn utdannings- og ressurscenter KF.

Vurderingar:

Rekneskapen for 2025 viser eit netto driftsresultat på kr 15.835.358 og eit resultat i balanse på kr 0.

Investeringsrekneskapet er gjort opp med eit udekket beløp kr 3.130 (eigenkapitalinnskott KLP) som må dekkast inn i rekneskapen for 2026.

Mangelen knytt til innhald i årsmeldinga i henhold til kommunelova § 14-7 vil bli følgt opp, og vere på plass i årsmeldinga for 2026.

Økonomiske konsekvensar:

Årsrekneskapen for 2025 er gjort opp i balanse. Disposisjonsfond per 31.12.2025 utgjør kr 54.511.337.

Aktuelle lover, forskrifter, kjelder:

LOV-2018-06-22-83 Lov om kommuner og fylkeskommuner (kommuneloven)

FOR-2019-06-07-714 Forskrift om økonomiplan, årsbudsjett, årsregnskap og årsberetning for kommuner og fylkeskommuner mv

Behandling i Kommunestyret 10.06.2026:

Røysting:

Innstilling frå formannskapet samrøystes vedtatt.

KOST- 089/26 Vedtak:

Årsrekneskap og årsmelding 2025 for Kinn utdannings og ressurscenter KF vert godkjent slik dei ligg føre.

Behandling i Formannskapet 04.06.2026:

Røysting:

Innstilling frå styret samrøystes vedtatt.

FORM- 072/26 Vedtak:

Årsrekneskap og årsmelding 2025 for Kinn utdannings og ressurscenter KF vert godkjent slik dei ligg føre.

Vedlegg i saken:


Kinn utdannings og ressurscenter KF - rekneskap 2025

Årsmelding 2025 endeleg

Uttale om årsrekneskapen 2025 - Kinn utdannings- og ressurscenter KF

Kontrollutvalet sin uttale: Kinn utdannings- og ressurscenter KF - årsrapport og rekneskap 2025

KURS KF Årsmelding og årsrekneskap 2025



Saksnr.	Utval	Møtedato
012/26	Styret i Kinn utdannings- og ressurscenter KF	26.05.2026
074/26	Formannskapet	04.06.2026
090/26	Kommunestyret	10.06.2026

KURS KF 1. tertialrapport 2026 og budsjettrevisjon

KOST- 090/26 Vedtak:

1. tertialrapport 2026 vert tatt til vitande.
- Budsjettrevisjonar for 2026 blir vedtekne slik dei kjem fram av vedlegg.

Vedtak som innstilling frå Formannskapet - 04.06.2026

1. tertialrapport 2026 vert tatt til vitande.
- Budsjettrevisjonar for 2026 blir vedtekne slik dei kjem fram av vedlegg.

Innstilling frå dagleg leiar:

1. tertialrapport 2026 vert tatt til vitande
- Budsjettrevisjonar for 2026 blir vedtekne slik dei kjem fram av vedlegg

Bakgrunn for saka:

1.tertialrapport syner rekneskapen per 30. april, og med det korleis det vedteke budsjettet er følgt opp undervegs i året så langt. I saka forklarar vi dei største avvika, våre vurderingar og forslag til budsjettrevideringar.

Saksopplysningar:

Budsjettet for 2026 tek utgangspunkt i 75 busettingar. Per 15. mai har vi busett 13 personar og avtalt busetting for 26 personar, til saman 39 personar.

Vi har fått overført om lag 25 mill. kroner i integreringstilskot og 1,7 mill. kroner i norsktilskot i første kvartalsutbetaling frå IMDi.

Vi har fått innvilga prosjektmidlar frå IMDi til Jobbsjansen for 2026. Desse midlane går til drift av Mosaikk kafé, stønad til deltakarane i Jobbsjansen og finansiering av delar av løn til tilsette i prosjektet. Vi har også fått prosjektmidlar til etablerartenesta i dei same lokala.

Utbetaling av introduksjonslønn (34%) og ventestønad (26%) er i tråd med budsjett. Lønsprognozen for avdelingane ligg samla sett på budsjett. Det er avvik på administrasjon/FOU som gjeld utbetaling av Jobbsjansen-stønad som ikkje er budsjettert inn, samt løn til ein av dei prosjekttilsette.

I 2025 vart rekneskapen gjort opp med eit lite beløp som udekka i investering, kr 3.130. Rekninga frå KLP EK tilskot 2025 var kr 73.130, men KURS KF hadde berre budsjettert med kr 70.000. Dette må vi dekke inn i revidert budsjett, samt auke årets avsetting slik at vi dekker årets rekning. Dette er innarbeidd i budsjettet og kjem til uttrykk i forskriftsskjemaet.

Vi har overført dekningsbidrag til kommunen på 8 mill. kroner i tråd med budsjettvedtaket. Vi har gjort kvartalsvise overføringer til tenestene som har budsjettbaserte avtalar, mellom anna barnehage, grunnskule, helsestasjon og kulturtenesta. Det er også ein plan om at faste kostnader hos bustadkontoret skal bli refundert jamleg gjennom året.

Frå NAV får vi kvartalsvise refusjonsgrunnlag. Utbetaling av sosialstønad og KVP for første kvartal i år var høvesvis 4,6 mill. kroner og 0,9 mill. kroner. Dette er ein liten auke frå fjerde kvartal i 2025, og også ein liten auke samanlikna med første kvartal i 2025. Tidlegare år har første kvartal hatt dei høgaste utgiftene til sosialstønad, med noko nedgang utover året.

Vurderingar:

Utgifter til sosialhjelp

Det er budsjettert med 15,7 mill. kroner i refusjon av sosialhjelpsutgifter i 2026, noko som er ein budsjettnedgang frå 2025. Tala for første kvartal viser likevel at utbetalingane framleis ligg på eit høgt nivå, og det er sannsynleg med eit meirbehov mot slutten av året. Samtidig kan kvartalstala variere, mellom anna på grunn av sesongvariasjonar i tilgang til arbeid.

Styret har gitt klarsignal til ein ekstra innsats for å få fleire frå sosialhjelp over i lønna arbeid. Tiltaka inneber bruk av midlar frå disposisjonsfondet no, for å redusere utgiftene på lengre sikt.

I sak 006/26 i styret for KURS KF (vedlagt denne saka) er det gjort greie for planar om ressurspool, som inneber å tilsette kandidatar som har sosialhjelp som hovudinntektskjelde i prosjektstillingar. Styret vedtok å be KURS KF om å innarbeide kostnader til prosjektet i revidert budsjett for 2026.

KURS KF planlegg også å starte opp nye kurstilbod i samarbeid med Nav, mellom anna arbeidsretta norskkurs i vaksenopplæringa, for å gje eit tilstrekkeleg differensiert tilbod til dei med kort programtid som ikkje har komme i arbeid.

Dette vil også bidra til å bu oss på dei endringane i integreringspolitikken varsla frå Arbeids- og inkluderingsdepartementet i ei høyring i vår, der vi ventar at det endelege forslaget vert klart rundt utgangen av året. I forslaget som var sendt på høyring ligg det mellom anna inne ei omlegging av stønadsutbetalingar, bortfall av bustøtte samt innføring av ein ny aktivitetsplikt.

Det er difor lagt inn eit forslag om ei budsjettrevisjon på 3 mill. kroner for å finansiere den ekstra innsatsen. Dette aukar planlagt bruk av disposisjonsfondet samanlikna med opphavsleg budsjett og økonomiplan, men sidan årsresultatet for 2025 vart betre enn budsjettert, vil det ikkje medføre behov for ytterlegare saldering.

I samråd med Nav er det også avgjort at KURS KF skal løne direkte arbeidskoordinatorstillinga som tidlegare gjekk via Nav. Den tilsette skal arbeide både hos KURS KF og i Nav, og vi trur dette vil bidra til enno betre samhandling og samordning av verkemiddel på tvers.

Det er vår vurdering at dei vesentlege effektane av desse tiltaka på utgiftene til

sosialstønad vil komme i 2027 ved at fleire går over frå ytingar til arbeid.

Prognose for busetting og inntekter frå statlege tilskot

Frå 4. mai får menn mellom 18 og 60 år frå Ukraina ikkje lenger kollektiv beskyttelse i Noreg. UDI ser allereie ein nedgang i ankomstar for denne gruppa. Asylsøkjarar frå andre land enn Ukraina har også ei fallande utvikling, men det er stor uvisse framover grunna den globale situasjonen.

IMDi har uttalt at prognosen tilseier at kommunane sine vedtak om busetting vil bli oppfylte, noko som betyr 75 busettingar for Kinn kommune.

Sjølv om ankomstane går noko ned, er det framleis mange som ventar i mottak, og samla tal på vedtekne busettingar i kommunane er lågare enn behovet. Dei som bur i mottak no er i hovudsak små familiar og einslege vaksne. Nye prognosar frå UDI og IMDi kjem i juni og til hausten.

Vi ser ein aukande tendens til utflytting frå kommunen samanlikna med tidlegare år, i hovudsak retur til heimlandet. Dette påverkar inntektene til KURS negativt både i inneverande år og i resten av 5-årsperioden for integreringstilskotet.

Vi har ikkje tilstrekkeleg kunnskap på noverande tidspunkt til å foreslå ein budsjettrevisjon for det generelle integreringstilskotet i 1. tertial, men vil vurdere dette på nytt i samband med rapporteringa for 2. tertial. Vi har lagt inn prosjektmidlane frå IMDi for jobbsjansen og etablerertenesta vi har fått tilsegn på, til saman 3 mill. kroner, med tilhøyrande auke i utgifter på ansvarsområde Administrasjon/FoU.

Konklusjon

KURS KF har per 1. tertial ein økonomi i hovudsak i balanse, men med vedvarande høge sosialhjelpsutgifter og noko uvisse knytt til inntekter grunna utflytting. KURS KF meiner det er nødvendig å setje i verk målretta tiltak for å få enno fleire i arbeid i 2026. Satsing på ressurspool og arbeidsretta kvalifiseringstiltak er vurdert som viktige grep for å redusere utgiftene på sikt.

Hovudbiletet framover er fortsett nedgang i inntekter og omstillingsbehov i åra framover. Disposisjonsfondet er planlagt fasa inn i inneverande økonomiplanperiode, og vil saman med prosjektmidlar vere viktig for å utvikle og oppretthalde tiltak og aktivitet.

Oppdaterte prognosar og vidare arbeid vil kunne ha konsekvensar for ny økonomiplan, inkludert potensielle store endringar i nasjonale rammevilkår frå 2028. Dette vil bli nærare omtalt i forslag til ny økonomiplan til hausten. Samstundes vert det ikkje tilrådd andre justeringar av budsjettet for 2026 enn dei vi har skissert over, før ein har betre grunnlag i 2. tertial.

Behandling i Kommunestyret 10.06.2026:

Røysting:

Innstilling frå formannskapet samrøystes vedtatt.

KOST- 090/26 Vedtak:

1. tertialrapport 2026 vert tatt til vitande.
2. Budsjettrevisjonar for 2026 blir vedtekne slik dei kjem fram av vedlegg.

Behandling i Formannskapet 04.06.2026:

Røysting:

Innstilling frå styret samrøystes vedtatt.

FORM- 074/26 Vedtak:

1. tertialrapport 2026 vert tatt til vitande.
2. Budsjettrevisjonar for 2026 blir vedtekne slik dei kjem fram av vedlegg.

**Behandling i Styret i Kinn utdannings- og ressurscenter KF
26.05.2026:**


Styret har ingen merknadar til tertialrapport og budsjettrevisjonar. Kommuneleiinga har varsla at dei vil foreslå å bruke 1,5 millionar kroner frå disposisjonsfondet til KURS KF for å dekke behov hos bustadkontoret. Styret meiner at det er viktig for KURS KF at bustadkontoret har tilstrekkelege ressursar, og vil ikkje motsette seg dette.

KURE- 012/26 Vedtak:**Innstilling frå dagleg leiar:**

1. tertialrapport 2026 vert tatt til vitande
2. Budsjettrevisjonar for 2026 blir vedtekne slik dei kjem fram av vedlegg

Vedlegg i saken:

1. tertialrapport 2026 og budsjettrevisjon
- Sak 006_26 Flyktingar i jobb
Ressurpool prosjektskisse
Forskriftskjema budsjettrevisjon



Saksnr.	Utval	Møtedato
065/26	Formannskapet	04.06.2026
091/26	Kommunestyret	10.06.2026

Kinn kommune - årsrekneskap og årsrapport 2025

KOST- 091/26 Vedtak:

Kinn kommunestyre godkjenner årsrekneskap, konsolidert årsrekneskap og årsrapport 2025 for Kinn kommune slik dei ligg føre.

Vedtak som innstilling frå Formannskapet - 04.06.2026

Kinn kommunestyre godkjenner årsrekneskap, konsolidert årsrekneskap og årsrapport 2025 for Kinn kommune slik dei ligg føre.

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:

Kinn kommunestyre godkjenner årsrekneskap, konsolidert årsrekneskap og årsrapport 2025 for Kinn kommune slik dei ligg føre.

Bakgrunn for saka:

Rekneskapen for Kinn kommune er avlagd og presentert i samsvar med lov, forskrift og god kommunal rekneskapsskikk.

I tråd med kommunelova §14-3 skal årsrekneskap og årsberetning vedtakast seinast seks månader etter rekneskapsåret er slutt. Kvart årsrekneskap skal behandlast samtidig med tilhøyrande årsberetning. Vedtaket om årsrekneskap skal angi korleis eit eventuelt meirforbruk i driftsrekneskapen skal dekkast inn. Kontrollutvalet skal uttale seg til kommunestyret om årsrekneskapen og årsberetning før formannskapet innstiller til vedtak.

Saksopplysningar:

Det ligg føre årsmelding og rekneskap for Kinn kommune per 31.12.2025. Revisor har lagt fram revisjonsberetning av 20.04.2026 utan atterhald eller merknad. Kontrollutvalet har i sak 28/26, i møte 27.04.2026, fatta følgjande vedtak:

Med grunnlag i kontrollutvalet sine aktivitetar retta mot økonomiforvaltninga uttalar kontrollutvalet følgande:

- 1. Kontrollutvalet viser til revisjonsmelding for 2025 datert 20.04.2026.*
- 2. Kontrollutvalet tilrår at kommunestyret godkjenner årsrekneskapen og årsmeldinga 2025 for Kinn kommune.*
- 3. Kontrollutvalet har ikkje merknadar til administrasjonen sin omtale av dei lovpålagde krava i årsmeldinga.*

Lenke til «Årsrekneskap og årsrapport 2025 for Kinn kommune»:

Vurderingar:

Rekneskapen for 2025 viser eit netto driftsresultat på kr 34 649 666 og eit resultat i balanse på kr 0. Konsolidert rekneskap for 2025 viser eit netto driftsresultat på kr 49 165 563 og framført til inndekking seinare år på kr 1 514 162. Investeringsrekneskapet for Kinn kommune er gjort opp i balanse på kr 0. Konsolidert investeringsrekneskap for Kinn kommune er gjort opp med eit udekket beløp på kr 3 130.

Økonomiske konsekvensar:

Årsrekneskapen for Kinn kommune 2025 er gjort opp i balanse. Disposisjonsfond per 31.12.2025 for Kinn kommune utgjør kr 75 184 215. Konsolidert årsrekneskap for Kinn kommune 2025 er gjort opp med kr 1 514 162 framført til inndekking seinare år. Konsolidert disposisjonsfond per 31.12.2025 for Kinn kommune utgjør kr 153 271 417.

Aktuelle lover, forskrifter, kjelder:

LOV-2018-06-22-83 Lov om kommuner og fylkeskommuner (kommuneloven)
FOR-2019-06-07-714 Forskrift om økonomiplan, årsbudsjett, årsregnskap og årsberetning for kommuner og fylkeskommuner mv

Behandling i Kommunestyret 10.06.2026:

Røysting:

Innstilling frå formannskapet samrøystes vedtatt.

KOST- 091/26 Vedtak:

Kinn kommunestyre godkjenner årsrekneskap, konsolidert årsrekneskap og årsrapport 2025 for Kinn kommune slik dei ligg føre.

Behandling i Formannskapet 04.06.2026:

Røysting:


Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak samrøystes vedtatt.

FORM- 065/26 Vedtak:

Kinn kommunestyre godkjenner årsrekneskap, konsolidert årsrekneskap og årsrapport 2025 for Kinn kommune slik dei ligg føre.

Vedlegg i saken:

Kinn kommune - rekneskap 2025
Kinn kommune - konsolidert rekneskap 2025
Kommunerekneskap med årsmelding 2025 - kontrollutvalet sin uttale
Melding frå uavhengig revisor - utsegn om årsrekneskapen 2025
Kinn kommune - Årsrapport og årsrekneskap 2025



Saksframlegg

Saksnr.	Utval	Møtedato
010/26	Finansutvalet	04.06.2026
066/26	Formannskapet	04.06.2026
092/26	Kommunestyret	10.06.2026

Kinn kommune - Første tertialrapport T1 2026 med revidert budsjett og finansrapport

KOST- 092/26 Vedtak:

1. Kinn kommunestyre tar orientering om 1. tertialrapport 2026 for Kinn kommune til vitande.
2. Revidert driftsbudsjett for 2026 vert vedteke i samsvar med kommunedirektøren sitt utkast datert 27.05.2026 i Løyvingsoversikt drift etter § 5-4 første og andre ledd.
3. Revidert investeringsbudsjett 2026 vert vedteke i samsvar med kommunedirektøren sitt utkast datert 27.05.2026 i Løyvingsoversikt investering, etter § 5-5 første og andre ledd.

Vedtak som innstilling frå Finansutvalet - 04.06.2026

Finansutvalet tar orientering om 1. tertialrapport 2026 for Kinn kommune til vitande.

Vedtak som innstilling frå Formannskapet - 04.06.2026

1. Kinn kommunestyre tar orientering om 1. tertialrapport 2026 for Kinn kommune til vitande.
2. Revidert driftsbudsjett for 2026 vert vedteke i samsvar med kommunedirektøren sitt utkast datert 27.05.2026 i Løyvingsoversikt drift etter § 5-4 første og andre ledd.
3. Revidert investeringsbudsjett 2026 vert vedteke i samsvar med kommunedirektøren sitt utkast datert 27.05.2026 i Løyvingsoversikt investering, etter § 5-5 første og andre ledd.

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:

1. Kinn kommunestyre tar orientering om 1. tertialrapport 2026 for Kinn kommune til vitande.
2. Revidert driftsbudsjett for 2026 vert vedteke i samsvar med kommunedirektøren sitt utkast datert 27.05.2026 i Løyvingsoversikt drift etter § 5-4 første og andre ledd.
3. Revidert investeringsbudsjett 2026 vert vedteke i samsvar med kommunedirektøren sitt utkast datert 27.05.2026 i Løyvingsoversikt investering, etter § 5-5 første og andre ledd.

Bakgrunn for saka:

Saka gjeld økonomirapportering per 1. tertial 2026, revidering av budsjettet til Kinn

kommune for 2026 og finansrapport. Økonomiprognosen er basert på økonomisk informasjon kjent i mai, samt månadsrapportar per april frå tenestoområda.

Saksopplysningar:

Rapport over kommunen si finans- og gjeldsforvaltning per 31.04.2026 er inkludert i publisert tertialrapport via Framsikt.

Vurderingar:

Viser til vurderingar i publisert tertialrapport via Framsikt på følgende lenke:

[Framsikt T1](#)

Økonomiske konsekvensar:

Som vist i publisert tertialrapport via Framsikt. Rapporten stadfester at økonomien vår er særskild krevjande. Ut frå kjent økonomisk informasjon på tidspunkt for rapportering, må Kinn kommune framleis balansere driftsrekneskapen med bruk av bufferfond. Kinn kommune si drift er fortsett ikkje i økonomisk balanse. Det er behov for å ha fokus på gjennomføring av planlagde og nye omstillingstiltak framover.

Aktuelle lover, forskrifter, kjelder:

Lov om kommuner og fylkeskommuner (Kommunelova)

Forskrift om økonomiplan, årsbudsjett, årsregnskap og årsberetning for kommuner og fylkeskommuner mv

KRS – Kommunale rekneskapsstandardar

Kinn kommune sitt økonomireglement

Kinn kommune sitt finansreglement

Behandling i Kommunestyret 10.06.2026:

Repr. Eliasson (UAH) ønskjer rekneskapen frå Nordfjordbadet, har etterspurt det i fleire omgangar.

Røysting:

Innstilling frå formannskapet samrøystes vedtatt.

KOST- 092/26 Vedtak:

1. Kinn kommunestyre tar orientering om 1. tertialrapport 2026 for Kinn kommune til vitande.
2. Revidert driftsbudsjett for 2026 vert vedteke i samsvar med kommunedirektøren sitt utkast datert 27.05.2026 i Løyvingsoversikt drift etter § 5-4 første og andre ledd.
3. Revidert investeringsbudsjett 2026 vert vedteke i samsvar med kommunedirektøren sitt utkast datert 27.05.2026 i Løyvingsoversikt investering, etter § 5-5 første og andre ledd.

Behandling i Formannskapet 04.06.2026:**Røysting:**

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak samrøystes vedtatt.

FORM- 066/26 Vedtak:

1. Kinn kommunestyre tar orientering om 1. tertialrapport 2026 for Kinn kommune til vitande.
2. Revidert driftsbudsjett for 2026 vert vedteke i samsvar med kommunedirektøren sitt

utkast datert 27.05.2026 i Løyvingsoversikt drift etter § 5-4 første og andre ledd.
3. Revidert investeringsbudsjett 2026 vert vedteke i samsvar med kommunedirektøren sitt utkast datert 27.05.2026 i Løyvingsoversikt investering, etter § 5-5 første og andre ledd.

Behandling i Finansutvalet 04.06.2026:

Røysting:

Finansutvalet tar samrøystes orienteringa til vitande.

FINU- 010/26 Vedtak:


Finansutvalet tar orientering om 1. tertialrapport 2026 for Kinn kommune til vitande.

Vedlegg i saken:

Kommunedirektørens innstilling til endring tertialrapport 1 2026 datert 27. mai 2026

1. Tertialrapport 2026 Kinn kommune - feil

1. Tertialrapport 2026 Kinn kommune, rev.10.06



Saksframlegg

Saksnr.	Utval	Møtedato
024/26	Kinn eldreråd	01.06.2026
026/26	Råd for menneske med nedsett funksjonsevne	01.06.2026
037/26	Helse-, sosial- og omsorgsutvalet	02.06.2026
066/26	Oppvekst- og kulturutvalet	02.06.2026
054/26	Plan- og miljøutvalet	02.06.2026
011/26	Finansutvalet	04.06.2026
067/26	Formannskapet	04.06.2026
093/26	Kommunestyret	10.06.2026

Økonomiplan og handlingsprogram 2027-2030

KOST- 093/26 Vedtak:

1. Førebels økonomiplanprognose vert lagt til grunn i arbeidet med utarbeiding ny økonomiplan for 2027-2030.
2. Kommunedirektøren skal skissere mogeleg tiltak for å kunne oppnå forbetringar av driftsresultat i perioden som ledd i arbeidet med å utarbeide ny økonomiplan.
3. Kommunedirektøren skal utarbeide økonomiplanprognose for 2031-34 og investeringsrammer som omsyn tek plan for reduksjon av lånegjelda.
4. Finansutvalet vert orientert og deltek i arbeidet med utforming ny økonomiplan.

Vedtak som innstilling frå Kinn eldreråd - 01.06.2026

1. Førebels økonomiplanprognose vert lagt til grunn i arbeidet med utarbeiding ny økonomiplan for 2027-27
2. Kommunedirektøren skal skissere mogeleg tiltak for å kunne oppnå forbetringar av driftsresultat i perioden som ledd i arbeidet med å utarbeide ny økonomiplan.
3. Kommunedirektøren skal utarbeide økonomiplanprognose for 2031-34 og investeringsrammer som omsyn tek plan for reduksjon av lånegjelda.
4. Finansutvalet vert orientert og deltek i arbeidet med utforming ny økonomiplan.

Vedtak som innstilling frå Råd for menneske med nedsett funksjonsevne - 01.06.2026

1. Førebels økonomiplanprognose vert lagt til grunn i arbeidet med utarbeiding ny økonomiplan for 2027-27
2. Kommunedirektøren skal skissere mogeleg tiltak for å kunne oppnå forbetringar av driftsresultat i perioden som ledd i arbeidet med å utarbeide ny økonomiplan.
3. Kommunedirektøren skal utarbeide økonomiplanprognose for 2031-34 og

- investeringsrammer som omsyn tek plan for reduksjon av lånegjelda.
4. Finansutvalet vert orientert og deltek i arbeidet med utforming ny økonomiplan.

Vedtak som innstilling frå Plan- og miljøutvalet - 02.06.2026

1. Førebels økonomiplanprognose vert lagt til grunn i arbeidet med utarbeiding ny økonomiplan for 2027-27
2. Kommunedirektøren skal skissere mogeleg tiltak for å kunne oppnå forbetringar av driftsresultat i perioden som ledd i arbeidet med å utarbeide ny økonomiplan.
3. Kommunedirektøren skal utarbeide økonomiplanprognose for 2031-34 og investeringsrammer som omsyn tek plan for reduksjon av lånegjelda.
4. Finansutvalet vert orientert og deltek i arbeidet med utforming ny økonomiplan.

Vedtak som innstilling frå Helse-, sosial- og omsorgsutvalet - 02.06.2026

1. Førebels økonomiplanprognose vert lagt til grunn i arbeidet med utarbeiding ny økonomiplan for 2027-27
2. Kommunedirektøren skal skissere mogeleg tiltak for å kunne oppnå forbetringar av driftsresultat i perioden som ledd i arbeidet med å utarbeide ny økonomiplan.
3. Kommunedirektøren skal utarbeide økonomiplanprognose for 2031-34 og investeringsrammer som omsyn tek plan for reduksjon av lånegjelda.
4. Finansutvalet vert orientert og deltek i arbeidet med utforming ny økonomiplan.

Vedtak som innstilling frå Oppvekst- og kulturutvalet - 02.06.2026

1. Førebels økonomiplanprognose vert lagt til grunn i arbeidet med utarbeiding ny økonomiplan for 2027-27
2. Kommunedirektøren skal skissere mogeleg tiltak for å kunne oppnå forbetringar av driftsresultat i perioden som ledd i arbeidet med å utarbeide ny økonomiplan.
3. Kommunedirektøren skal utarbeide økonomiplanprognose for 2031-34 og investeringsrammer som omsyn tek plan for reduksjon av lånegjelda.
4. Finansutvalet vert orientert og deltek i arbeidet med utforming ny økonomiplan.

Vedtak som innstilling frå Finansutvalet - 04.06.2026

Orientering om økonomiplan og handlingsprogram 2027-2030 vert teke til vitande.

Vedtak som innstilling frå Formannskapet - 04.06.2026

1. Førebels økonomiplanprognose vert lagt til grunn i arbeidet med utarbeiding ny økonomiplan for 2027-2030.
2. Kommunedirektøren skal skissere mogeleg tiltak for å kunne oppnå forbetringar av driftsresultat i perioden som ledd i arbeidet med å utarbeide ny økonomiplan.
3. Kommunedirektøren skal utarbeide økonomiplanprognose for 2031-34 og investeringsrammer som omsyn tek plan for reduksjon av lånegjelda.
4. Finansutvalet vert orientert og deltek i arbeidet med utforming ny økonomiplan.

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:

1. Førebels økonomiplanprognose vert lagt til grunn i arbeidet med utarbeiding ny økonomiplan for 2027-27
2. Kommunedirektøren skal skissere mogeleg tiltak for å kunne oppnå forbetringar av driftsresultat i perioden som ledd i arbeidet med å utarbeide ny økonomiplan.
3. Kommunedirektøren skal utarbeide økonomiplanprognose for 2031-34 og investeringsrammer som omsyn tek plan for reduksjon av lånegjelda.
4. Finansutvalet vert orientert og deltek i arbeidet med utforming ny økonomiplan.

Bakgrunn for saka:

Ved handsaming av Budsjett, økonomiplan og handlingsprogram 2024-2027 gjorde Kinn kommunestyre følgande vedtak pkt. 21 i sak 179/23 den 12.12.23:

Det skal etablerast eit finansutval som skal stå for arbeidet med utarbeiding av framlegg til årsbudsjett og økonomiplan...Finansutvalet legger overordna økonomiske rammer for tenesteområda tidleg på året...

F. sak 25/012 «Årshjul» vart det varsla sak til junimøte om driftsrammer som skal leggjast til grunn for arbeid med ny økonomiplan og nytt budsjett.

Kommunelova krev at både økonomiplan og årsbudsjett (jfr. Kommunelova §14 4, §14-5) må reviderast når det oppstår endringar av ein slik art at budsjettbalansekravet ikkje blir møtt.

Forventingar til lågare nivå på utbetalingar frå havbruksfondet enn økonomiplan 2026-29 legg opp til, samt at renta no har stege, gjer det nødvendig også å revidere økonomiplan.

Utarbeiding av rammer er no førebelse, og seier noko om retning for arbeid utover hausten. Tilpassing til nytt rentenivå og lågare inntekter tek noko tid å innarbeide når ein skal vurdere det mot kvalitet, og tillitsvalde skal ha høve til å delta i arbeidet.

I samband med handsaming av budsjett 2027, og økonomiplan 2027-29 la formannskapet til grunn at reduksjonar i havbruksfondet ikkje skal justerast mot eigedomsskatt (k.sak 25/124 (dok. 34). Kommunedirektøren legg no opp eit løp for å jobbe med å finne innsparingar som gjer at ein vurderer andre tiltak enn auka eigedomsskatt.

1. Innleiing

Administrasjonen har justert på interne rutinar for å legge til rette for at finansutvalet skal kunne ta stilling til overordna og førebelse økonomiske rammer for tenesteområda 2027-2030 i juni.

Finansutvalet vart orientert i møte 5 mai at vedtak på førebels rammar vart lagt fram utvala, formannskapet og kommunestyret i juni.

Talgrunnlaget i denne saka samsvarer med talgrunnlaget i sak om første tertialrapport 2026 og sak om revidert økonomiplan 2027-2030.

2. Omstillingsprogrammet

Vi blir over dei neste åra færre unge og samtidig fleire eldre. Det betyr at vi får mindre inntekter over statsbudsjettet til å drifte skular, barnevern og helsestasjon, men samtidig

meir inntekter til å drifte tenester innan helse og pleie og omsorg. Denne demografiutfordringa krev betydeleg omstilling av kommunen si drift over dei neste åra.

Rekneskapsresultat for 2025 viste god gjennomføring av omstillingar. For 2025 utgangspunkt at vi skulle gjennomføre økonomiske tilpassingar på 60,3 mill. kr. Vi hadde ei god gjennomføringsgrad. Vi har derfor teke eit viktig steg mot realisering av omstillingsprogrammet.

Alle tenestemråda, har, og må gjennomføre nye endringar og tilpassing for å kunne handtere den økonomiske situasjon og dei krav kommunestyret har stilt.

Særleg utfordrande vil det vere for pleie/omsorg og grunnskule å halde fokus på kvalitet og aktivitetstilpassing til færre ressursar enn i dag. Omstillingsprogrammets blir no justert, for å kunne jobbe med endra rammevilkår knytt til inntekts- og rentesida.

Vi må nytte tida til konsekvensvurdering og gjennomføring av dei nye stega omstillingsprogrammet krav inntil endeleg vedtak kan gjerast i desember. Undervegs vil det blir rapportert til finansutvalet utover hausten.

3. Arbeid i sektorane

Alle tenestemråda har sett i gang arbeid med eit omstillingsprogram, med mål om å kome ned på forbruksnivået til gjennomsnittet i KOSTRA-gruppe 7 (KG07). Arbeidsopplegget tek utgangspunkt i kommuneplanen sin samfunnsdel og den overordna målsettinga om at:

«Kinn er ein attraktiv kommune som omstiller seg og gir gode og likeverdige tenester.» Omstillingsarbeidet er forankra både i økonomiske utfordringar, endra demografi, behov for kvalitetsutvikling, krav til berekraft og kultur for endring. Arbeidsopplegget koplar årsmelding, økonomiplanarbeid og utviklingsarbeid saman i eitt samla styringsløp. Det skal vurderast risiko og konsekvensar av omstillingstiltak.

Omstillingsprogrammet omfattar og utpeiking av indikatorar for å evaluere verknader av omstillingstiltaka og arbeidet med kvalitetsutvikling. Indikatorane kan nyttast til å måle m.a. effekt, kvalitet, innbyggjaroppleving, samhandling og produktivitet.

Fokus på utvikling av kvalitet i tenestene

Arbeidet med utvikling av kvalitet i tenestene er retta mot å sikre berekraftige, trygge og framtidsette kommunale tenester gjennom styrking av kompetanse, betre samhandling og vidareutvikling av arbeidsmåtar og system.

Det er særleg fokus på kommunen som arbeidsgjevar, med tiltak knytt til rekruttering, kompetanseutvikling, heiltidskultur, HMS og arbeidsmiljø. Målet er å sikre stabile fagmiljø og god kapasitet i tenestene.

Vidare er det fokus på utvikling av gode og inkluderande tenester gjennom tidleg innsats, førebygging og tverrfagleg samarbeid. Innan oppvekst omfattar dette mellom anna læringsmiljø, inkludering, foreldresamarbeid og oppfølging av barn og unge med særlege behov. Innan helse og velferd er det særleg vekt på førebyggjande arbeid, rehabilitering, samhandling, velferdsteknologi og meir dreining mot heimebasert omsorg.

Digitalisering og systemutvikling er òg eit sentralt område. Det vert arbeidd med kvalitets- og styringssystem, automatisering, digitale løysingar og vidareutvikling av fag- og journalsystem for å styrke kvalitet, dokumentasjon og effektivitet i tenestene.

På samfunns- og utviklingsområdet er det fokus på planarbeid, bustadutvikling, eigedomsforvaltning, samarbeid med næringsliv og utvikling av attraktive lokalsamfunn. Det vert også lagt vekt på samarbeid og interkommunale løysingar der dette kan bidra til betre tenester og meir robuste fagmiljø.

Samla sett er arbeidet retta mot å styrke kvaliteten i tenestene gjennom betre

ressursutnytting, systematisk utviklingsarbeid og større evne til omstilling i organisasjonen.

Organisering av arbeidet

Arbeidet med omstillingsprogrammet starta på tenesteleiarsamlinga den 6. mai. For alle sektorane er det planlagt om lag fem arbeidsmøte fram til oktober. Tillitsvalde er inkludert i desse arbeids- og drøftingsmøta.

4. Førebelse rammer for omstillingsprogrammet i 2027-2030

Totaloversikt drift (jf løyingsoversikt drift etter §5-4 første og andre ledd)

	Rekn	Budsjett	Rev bud	Øk.pla n	Øk.pla n	Øk.pla n	Øk.pla n
	2025	2026	T1-2026	2027	2028	2029	2030
		KST 135/2 5	5-2026	KD Utkast	KD Utkast	KD utkast	KD Utkast
Sum generelle driftsinntekter	-1 559 597	-1 673 793	-1 646 231	-1 629 135	-1 633 961	-1 618 254	-1 627 780
Tenesteområde:							
Politisk leiing	10 411	9 517	9 706	10 506	8 706	9 406	7 806
Sentraladministrasjon	93 859	93 455	96 290	96 132	95 132	95 132	90 932
Felles - diverse (premieavvik)	-90 288	19 232	17 365	17 365	17 365	17 365	17 365
Barnehage	207 483	202 539	203 813	201 269	198 479	201 790	196 590
Grunnskule	379 811	364 403	368 602	356 886	346 655	339 944	333 744
Kommunehelse	89 633	98 853	98 134	97 252	96 147	94 985	91 285
Pleie og omsorg	556 330	524 930	520 354	522 229	530 147	530 147	513 647
Barnevern	63 095	64 203	66 400	64 224	62 283	60 266	57 166
Sosialteneste	33 646	34 526	28 729	28 149	28 012	27 675	25 175
Kultur, fritid og kyrkje	56 322	50 967	63 192	52 115	51 990	51 990	51 990
Plan, byggesak og miljø	20 394	19 539	20 428	20 458	20 458	20 458	18 658
Næring og samferdsle	35 098	32 982	25 206	24 181	23 656	23 156	23 156
Bustad	11 866	2 861	10 797	6 291	4 684	4 529	1 529
Brann- og ulykkesvern	32 282	30 895	31 234	31 234	30 370	30 370	28 170
Vatn, avløp og renovasjon	-36 243	-43 332	-40 151	-44 107	-47 525	-51 606	-51 606
Finans (reservert løyving)	-6 778	48 916	24 562	30 564	33 564	47 564	47 564
Sum nettorammer tenesteområda	1 456 924	1 554 486	1 544 661	1 514 749	1 500 123	1 503 171	1 453 171
Korrigerig (avsk, finans og fond tj.omr)	-147 555	-145 543	-140 980	-137 100	-133 032	-130 929	-130 929
Korrigert sum, løyving drift, netto	1 309 369	1 408 943	1 403 681	1 377 649	1 367 091	1 372 242	1 322 242
Netto finansutgifter	215 578	214 035	213 473	262 302	300 137	297 584	298 280
Netto driftsresultat	-34 650	-50 814	-29 076	10 815	33 269	51 572	-7 258
Sum	34 650	50 814	29 076	-10	-33	-51	7 258

disponeringar eller dekking av netto driftsresultat				815	269	572	
Driftsbalanse	0	0	0	0	0	0	0
	Rekneskap 2025	Budsjett 2026	Budsjett T1 2026	Øk.plan 2027	Øk.plan 2028	Øk.plan 2029	Øk.plan 2030
	UB2025	UB2026	UB2026	UB2027	UB2028	UB2029	UB2030
				7	8	9	0
Akkumulert bufferfond	75 185	116 574	93 741	79 280	55 661	4 251	11 369

For å komme i balanse i løpet av økonomiplanperioden 2027 – 2030 er det i rammene over føresett gjennomføring av omstilling med netto kostnadsreduksjon på 50 mill. kroner ut over det som ligg inne i økonomiplan 2026 - 2029. Rammereduksjonen er lagt inn i 2030 i økonomiplanperioden. Fordelinga mellom tenestoområda er vist i tabellen under. Førebels framskriving teiknar eit alvorleg bilde.

I tida framover vil må vi også vurdere ein snøggare opptrapping av tiltak slik at vi ikkje utsett nødvendig omstillingar og endringar for lagt utover i tid. Dette må vi komma attende til i samband med endeleg handsaming økonomiplan 27-30, men det må være ein del av arbeidet som no skal sjå.

Tabellen under viser innsparingspotensiale ned mot mot KOSTRA-gruppe 7 (gruppe av samanliknbare kommunar). Dette grunnlaget er brukt for å fordele kostnadsreduksjonen på 50 mill. kroner. I kolonna lengst til høgre viser fordelinga slik den er lagt inn i ramma for tenestoområda i 2030.

5. Endringar i investeringar

I opphavelag budsjett 2026, sak 135/25 16.12.2025, var det budsjettet med investeringar i varige driftsmidlar på 712,908 millionar kroner, herav lån 579,053 millionar kroner. I samband med 1. tertialrapport 2026 er det lagt opp til nye justeringar av årets investeringsprogram. Vi reduserer samla investering i varige driftsmidlar med 155,021 millionar kroner, herav lån 96,021 millionar kroner. Auke i lånegjeld gjer også at vi drifta må tilpassast.

Lånegjelda til Kinn er høg og ein har høg terskel for å føreslå nye prosjekt utover det som er vedteke. Reduksjonen i 2026 er hovudsakleg flytta til 2027 i tråd med framdrift i prosjekta. I investeringsplanen for perioden 2026 – 2030 er det lagt til grunn nokre prinsipp for kva for prosjekt det er gjort framlegg om å vidareføre.

Tenesteområde	Økonomianalyse 2025 teoretisk innsparingspotensial (benchmark KOSTRA-gruppe 7)	Korrigert teoretisk innsparingspotensial til arbeid med budsjett rammer i økonomiplan 2027-2030	Demografi - akkumulerte tal 2026-2030					Sum teoretisk innsparingspotensial + demografi inn 2030	Endring budsjett rammer økonomi plan Innan 2030	Illustrert forskjell fra KOSTRA-gruppe 7	Illustrert forskjell fra KOSTRA-gruppe 7 negative settes til null	Andel	Beløp til fordeling matematisk 50 000	Beløp til fordeling øk.plan utkast 50 000
			2026	2027	2028	2029	2030							
Politisk leiling	-1 100	-886	0	0	0	0	0	-886	-700	186	186	0,00222	-110	-1 600
Sentraladministrasjon	-1 100	-4 426	0	0	0	0	0	-4 426	-732	3 694	3 694	0,04405	-2 200	-4 200
Barnehage	-19 400	-21 845	-862	3 231	431	3 662	3 016	-18 829	-3 452	15 377	15 377	0,18335	-9 170	-5 200
Grunnskule	-24 000	-10 431	-11 735	-21 868	-30 548	-38 234	-39 943	-50 374	-39 934	10 440	10 440	0,12448	-6 220	-6 200
Kommunehelse	-4 300	-8 960	551	1 166	1 625	1 954	2 426	-6 534	-253	6 281	6 281	0,07489	-3 740	-3 700
Pleie og omsorg	-40 500	-58 013	4 878	8 920	16 184	23 784	32 144	-25 869	1 872	27 741	27 741	0,33076	-16 540	-16 500
Barnevern	-4 100	-9 112	-674	-1 289	-1 798	-2 415	-2 895	-12 007	-6 511	5 496	5 496	0,06553	-3 280	-3 100
Sosialteneste	-9 600	0	-782	-1 424	-1 448	-1 654	-2 142	-2 142	-7 632	-5 490	0	0,00000	0	-2 500
Kultur, fritid og kyrkje	-100	0	0	0	0	0	0	0	-1 009	-1 009	0	0,00000	0	0
Plan, byggesak og miljø	-2 400	-2 215	0	0	0	0	0	-2 215	790	3 005	3 005	0,03583	-1 790	-1 800
Næring og samferdsle	-2 000	0	0	0	0	0	0	0	-3 653	-3 653	0	0,00000	0	0
Bustad (inkl startlån)	-5 200	0	0	0	0	0	0	0	1 331	1 331	1 331	0,01587	-790	-3 000
Brann og ulykkesvern	-10 900	-11 126	0	0	0	0	0	-11 126	-809	10 317	10 317	0,12302	-6 150	-2 200
Sum	-124 700	-127 014	-8 624	-11 264	-15 554	-12 902	-7 394	-134 409	-60 692	73 717	83 869	1,00000	-49 990	-50 000

Følgjande prinsipp er lagt til grunn:

- Prosjekt der det ligg føre pålegg frå arbeidstilsynet.
- Prosjekt som gjev innsparingar på den kommunale drifta, eller som er heilt naudsynt for å kunne gjennomføre framtidig drift.
- Prosjekt som er fysisk starta opp og der det er inngått bindande kontrakter om fullføring.
- Prosjekt som tek igjen etterslep på forsømt vedlikehald og ENØK tiltak
- Prosjekt som ligg inne i gjeldande planar for investeringar innanfor vann og avløp (VAR)
- Investeringar knytt til gjennomføring av skulestruktur

Detaljer om investeringsplan 2027-2030 kjem i kommunedirektøren sitt utkast til budsjett- og økonomiplan 2027-2030.

6 Oppsummering

Kommunen er i ein særskilt krevjande økonomisk situasjon. Det vedtekne m.a. investeringsprogrammet for 2025-2029 krev at innsparingstiltak på til saman 180 millionar kroner faktisk er mogleg å gjennomføre.

Den samla økonomiske risikoen som ligg i vedtatt økonomiplan 2026-2029, og denne revisjon viser at kommunen ligg nær opptil økonomisk risiko som er i strid med kommunelova § 14-1.

Dersom kommunen ikkje klarer å realisere salderingstiltak som ligg i omstillingsprogrammet, er det stor grunn til å forvente at kommunen kjem i ein problematisk underskotssituasjon.

Den økonomiske evna til å handle vil potensielt bli utfordra, med tilhøyrande risiko for at det vil gå betydeleg utover tenestetilbodet til innbyggjarane.

Med bakgrunn i gjeldoppbygginga i denne kommunestyreperiode må dette innebære særskilte låge investeringar etter 2029. Då må ein ha ein plan for gjeldsreduksjon. Etter 2023 får vi ei tiltakande auke i omfang av tenester til eldre, og barnetalet fell truleg ytterlegare fram mot 2035. Det truleg gjennom ein nøktern gjeldreduksjon ein kan få større grad av midlar til å kunne yte tenester og vedlikehald infrastrukturen.

Omstillingsarbeidet går no inn i ei krevjande fase. Saka har vore drøfte med

arbeidstakarorganisasjonane (ATO). ATO er oppteken av å delta i å finne løysingar innanfor hovudavtalen og innanfor gjeldande formelle føringar for tenesteproduksjon. Arbeidstakarorganisasjonane har i tidlegare fråsegner frårådd «ostehøvel» som verkemiddel for å løyse økonomiske utfordringar. Dei har prioritert konkrete tiltak og strukturtiltak.

Tillitsvalde melder tilbake til administrasjonen om slitasje og frustrasjon kring arbeidspress, manglar i vedlikehald og ressursar i tenestene. I møte med arbeidstakarorganisasjonane har dei også vore oppteken av det må være realisme i omstillingsprogrammet og høve til justering undervegs.

Kommunedirektøren vil ha jamleg gjennomgang med arbeidstakarorganisasjonen for å kunne vurdere talgrunnlag, tiltak og konsekvensar. Det er avtalt møter utover hausten omkring dette.

Med dette bakteppe, og slik dei økonomiske realitetar teiknar seg, kan det i perioden 2028-31, vere behov for å vurdere strukturtiltak.

Økonomiske konsekvensar:

«Skriv her»

Aktuelle lover, forskrifter, kjelder:

«Skriv her»

Behandling i Kommunestyret 10.06.2026:

Røysting:

Innstilling frå formannskapet punkt 3 vedtatt mot tre røyster frå Raudt.
Innstilling frå formannskapet punkt 1,2 og 4 samrøystes vedtatt.

KOST- 093/26 Vedtak:

1. Førebels økonomiplanprognose vert lagt til grunn i arbeidet med utarbeiding ny økonomiplan for 2027-2030.
2. Kommunedirektøren skal skissere mogeleg tiltak for å kunne oppnå forbetringar av driftsresultat i perioden som ledd i arbeidet med å utarbeide ny økonomiplan.
3. Kommunedirektøren skal utarbeide økonomiplanprognose for 2031-34 og investeringsrammer som omsyn tek plan for reduksjon av lånegjelda.
4. Finansutvalet vert orientert og deltek i arbeidet med utforming ny økonomiplan.

Behandling i Formannskapet 04.06.2026:

Røysting:

Innstilling frå hovudutvala samrøystes vedtatt.

FORM- 067/26 Vedtak:

1. Førebels økonomiplanprognose vert lagt til grunn i arbeidet med utarbeiding ny økonomiplan for 2027-2030.
2. Kommunedirektøren skal skissere mogeleg tiltak for å kunne oppnå forbetringar av driftsresultat i perioden som ledd i arbeidet med å utarbeide ny økonomiplan.

3. Kommunedirektøren skal utarbeide økonomiplanprognose for 2031-34 og investeringsrammer som omsyn tek plan for reduksjon av lånegjelda.
4. Finansutvalet vert orientert og deltek i arbeidet med utforming ny økonomiplan.

Behandling i Finansutvalet 04.06.2026:

Røysting:

Finansutvalet tar samrøystes orienteringa om økonomiplan og handlingsprogram 2027-2030 til vitande.

FINU- 011/26 Vedtak:

Orientering om økonomiplan og handlingsprogram 2027-2030 vert teke til vitande.

Behandling i Plan- og miljøutvalet 02.06.2026:

Røysting:

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak samrøystes vedtatt.

PMUV- 054/26 Vedtak:

1. Førebels økonomiplanprognose vert lagt til grunn i arbeidet med utarbeiding ny økonomiplan for 2027-27
2. Kommunedirektøren skal skissere mogeleg tiltak for å kunne oppnå forbetringar av driftsresultat i perioden som ledd i arbeidet med å utarbeide ny økonomiplan.
3. Kommunedirektøren skal utarbeide økonomiplanprognose for 2031-34 og investeringsrammer som omsyn tek plan for reduksjon av lånegjelda.
4. Finansutvalet vert orientert og deltek i arbeidet med utforming ny økonomiplan.

Behandling i Oppvekst- og kulturutvalet 02.06.2026:

Røysting:

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak samrøystes vedtatt.

OPKUV- 066/26 Vedtak:

1. Førebels økonomiplanprognose vert lagt til grunn i arbeidet med utarbeiding ny økonomiplan for 2027-27
2. Kommunedirektøren skal skissere mogeleg tiltak for å kunne oppnå forbetringar av driftsresultat i perioden som ledd i arbeidet med å utarbeide ny økonomiplan.
3. Kommunedirektøren skal utarbeide økonomiplanprognose for 2031-34 og investeringsrammer som omsyn tek plan for reduksjon av lånegjelda.
4. Finansutvalet vert orientert og deltek i arbeidet med utforming ny økonomiplan.

Behandling i Helse-, sosial- og omsorgsutvalet 02.06.2026:

Røysting:

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak samrøystes vedtatt.

HSOUV- 037/26 Vedtak:

1. Førebels økonomiplanprognose vert lagt til grunn i arbeidet med utarbeiding ny økonomiplan for 2027-27
2. Kommunedirektøren skal skissere mogeleg tiltak for å kunne oppnå forbetringar av driftsresultat i perioden som ledd i arbeidet med å utarbeide ny økonomiplan.
3. Kommunedirektøren skal utarbeide økonomiplanprognose for 2031-34 og investeringsrammer som omsyn tek plan for reduksjon av lånegjelda.
4. Finansutvalet vert orientert og deltek i arbeidet med utforming ny økonomiplan.

**Behandling i Råd for menneske med nedsett funksjonsevne
01.06.2026:****Røysting:**

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak samrøystes vedtatt.

RMNF- 026/26 Vedtak:

1. Førebels økonomiplanprognose vert lagt til grunn i arbeidet med utarbeiding ny økonomiplan for 2027-27
2. Kommunedirektøren skal skissere mogeleg tiltak for å kunne oppnå forbetringar av driftsresultat i perioden som ledd i arbeidet med å utarbeide ny økonomiplan.
3. Kommunedirektøren skal utarbeide økonomiplanprognose for 2031-34 og investeringsrammer som omsyn tek plan for reduksjon av lånegjelda.
4. Finansutvalet vert orientert og deltek i arbeidet med utforming ny økonomiplan.

Behandling i Kinn eldreråd 01.06.2026:**Røysting:**


Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak samrøystes vedtatt.

KIEL- 024/26 Vedtak:

1. Førebels økonomiplanprognose vert lagt til grunn i arbeidet med utarbeiding ny økonomiplan for 2027-27
2. Kommunedirektøren skal skissere mogeleg tiltak for å kunne oppnå forbetringar av driftsresultat i perioden som ledd i arbeidet med å utarbeide ny økonomiplan.
3. Kommunedirektøren skal utarbeide økonomiplanprognose for 2031-34 og investeringsrammer som omsyn tek plan for reduksjon av lånegjelda.
4. Finansutvalet vert orientert og deltek i arbeidet med utforming ny økonomiplan.

Vedlegg i saken:

Investeringsplan 2027-2030 til sak om økonomiplan Juni 2026



Kinn kommune

Arkiv: FA-F47, TI-&14
JournalpostID: 26/34169
Sakshandsamar: Runa Nybakk
Dato: 20.05.2026

Saksframlegg

Saksnr.	Utval	Møtedato
023/26	Råd for menneske med nedsett funksjonsevne	01.06.2026
062/26	Oppvekst- og kulturutvalet	02.06.2026
033/26	Helse-, sosial- og omsorgsutvalet	02.06.2026
094/26	Kommunestyret	10.06.2026

Orienteringssak - Tilstandsrapport 2025 - Kinn barnevern

KOST- 094/26 Vedtak:

Sak utsett grunna tid.

Vedtak som innstilling frå Råd for menneske med nedsett funksjonsevne - 01.06.2026

Tilstandsrapport 2025 for Kinn barnevern vert teke til vitande.

Vedtak som innstilling frå Helse-, sosial- og omsorgsutvalet - 02.06.2026

Tilstandsrapport 2025 for Kinn barnevern vert teke til vitande.

Vedtak som innstilling frå Oppvekst- og kulturutvalet - 02.06.2026

Tilstandsrapport 2025 for Kinn barnevern vert teke til vitande.

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:

Tilstandsrapport 2025 for Kinn barnevern vert teke til vitande.

Bakgrunn for saka:

Frå 01.01.2021 er det lovbestemt at kommunestyret minst ein gang i året skal få ei orientering om tilstanden i barneverntenesta (bvl § 2-1 åttande ledd).

Tilstandsrapport 2025 for Barnevernstenesta i Kinn er nå utarbeidd, og vert presentert i Råd for menneske med nedsett funksjonsevne, Oppvekst og kulturutvalet og Helse-, sosial og omsorgsutvalet før den går vidare til handsaming i Kinn kommunestyre.

Saksopplysningar:

Kinn kommunestyre og kommunen si administrative leiding har det overordna ansvaret for at barneverntenesta vert forvalta i samsvar med gjeldande regelverk, og at tenesta som

vert ytt er forsvarleg.

Årleg tilstandsrapportering er ein del av kommunen si plikt til internkontroll av barnevernstenesta (jf kommunelova § 25-1). Tilstandsrapporten vert utarbeidd i tillegg til barnevernstenesta si rapportering gjennom tertialrapportar og årsrapport.

Tilstandsrapporten skal bidra til auka bevisstheit i høve kva som er godt barnevern, kunnskap om barnevernstenesta sin kapasitet, oppfylling av tidsfristar, ressursbruk og samarbeid med andre instansar. Tilstandsrapporten er såleis eit verkty som sikrar kommunen si styring og systematiske kontroll med at barnevernstenesta utfører arbeidet slik at barn og familiar får den hjelpa dei har behov for.

Tilstandsrapporten for 2025 gjev orientering om m.a:

- Erfaringar med arbeidet i team, etter endra organiseringsmodell i 2024
- Status for arbeidet med meldingar, undersøkingar og ulike hjelpetiltak, og barnevernleiar si vurdering av dette
- Kvalitetsarbeidet i tenesta
- Økonomi
- Fokusområde i det vidare arbeid

Tilstandsrapporten for 2025 supplerer barnevernstenesta sin årsrapport for 2025 som del av Kinn kommune sin årsrapport og årsberetning for 2025.

Vurderingar:

Tilstandsrapporten synleggjer barnevernet sitt arbeid i 2025, og gjev viktig informasjon til administrativ og politisk leing om ansvaret og kvaliteten i tenestetilbodet.

Statsforvaltaren i Vestland gjennomførte tilsyn med Kinn barnevern i juni 2023, om barneverntenesta si oppfølging av barn plassert i fosterheim. Tilsynet vart avslutta i mai 2025. I Statsforvaltaren si vurdering er det lagt vekt på at Kinn barnevernsteneste har iverksett og gjennomført relevante tiltak som er eigna til å sikre at barn i fosterheim får forsvarleg oppfølging. I etterkant har barnevernstenesta følgd opp kvalitetsarbeidet gjennom å delta i frivillig og landsomfattande tilsynsaktivitet som inneber eigenkontroll av undersøkingarbeid, med rettleiing frå Statsforvaltaren. Dette arbeidet har resultert i eigen utviklingsplan for kvalitetsforbetring, og lagt grunnlag for systematisk arbeid med forbetring av undersøkingssaker.

Samanlikna med 2024 er det i 2025 nedgang i talet på meldingar, nye undersøkingar, tal på barn med hjelpetiltak, tal på barn under omsorg som kommunen har oppfølgings- og kontrollansvar for, og tal på unge i aldersgruppa 18-25 år som mottek ettervern. Kommunedirektøren viser til barnevernleiar si vurdering av arbeidet med meldingar, undersøkingar, tiltaksarbeid, barn under omsorg, og arbeidet med ettervern.

Barnevernstenesta har ei stabil personalgruppe med høg fagleg kompetanse. For å møte aukande og komplekse krav i barnevernsarbeidet, er kompetanseutvikling for dei tilsette høgt prioritert. Det vert også jobba systematisk og målretta for å styrke arbeidsmiljøet og for å redusere sjukefråværet. Tal frå 4. kvartal syner eit lågare langtids sjukefråvær enn landssnittet. Det vert jobba systematisk med å førebygge og følgje opp sjukefråværet.

Rekneskapen for 2025 syner eit mindreforbruk i barnevernstenesta, hovudsakleg knytt til lågare utgifter til fosterheimsplasseringar, avslutta kostnadskrevjande tiltak, og målretta evalueringa av tiltak. Tenesta arbeider aktiv med utøving av god ressursutnytting innanfor den økonomiske ramma. Ut i frå at barnevernstenesta er ei driftsmessig kompleks teneste, kan nye, alvorlege saker gje ein risiko for uføreseielege og auka kostnader.

Barneverntenesten deltek i tverrfagleg førebyggjande arbeid og arbeid med tidleg

innsats, og samarbeider med andre tenester i oppvekstsektoren. Kommunedirektøren vurderer at forpliktende tverrfagleg arbeid er ein viktig føresetnad for å sikre systematisk innsats med å legge til rette for heilskaplege tenester til barn og unge.

Aktuelle lover, forskrifter, kjelder:

Barnevernlova

Endringar i velferdstenestelovgivinga

Behandling i Kommunestyret 10.06.2026:

Sak utsett grunna tid.

KOST- 094/26 Vedtak:

Sak utsett grunna tid.

Behandling i Helse-, sosial- og omsorgsutvalet 02.06.2026:

Barnevernsleiar Lena Eikefjord orienterte - presentasjon vedlagt.

Røysting:

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak samrøystes vedtatt.

HSOUV- 033/26 Vedtak:

Tilstandsrapport 2025 for Kinn barnevern vert teke til vitande.

Behandling i Oppvekst- og kulturutvalet 02.06.2026:

Barnevernsleiar Lena Eikefjord orienterte - presentasjon vedlagt.

Røysting:

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak samrøystes vedtatt.

OPKUV- 062/26 Vedtak:

Tilstandsrapport 2025 for Kinn barnevern vert teke til vitande.

**Behandling i Råd for menneske med nedsett funksjonsevne
01.06.2026:**

Orientering av Lena Eikefjord, barnevernsleiar.


Røysting:

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak samrøystes vedtatt.

RMNF- 023/26 Vedtak:

Tilstandsrapport 2025 for Kinn barnevern vert teke til vitande.

Vedlegg i saken:



Saksnr.	Utval	Møtedato
073/26	Formannskapet	04.06.2026
095/26	Kommunestyret	10.06.2026

Forskrift om folkevaldes rett til godtgjersle og velferdsgoder i Kinn - Høyringsinnspel

KOST- 095/26 Vedtak:

1. Høyringsinnspela til forskrift om folkevaldes rett til godtgjersle og velferdsgoder i Kinn kommune er vurderte slik det går fram av saksutgreinga.
2. Heimelsgrunnlaget for forskrifta vert endra slik at kommunelova § 8-5 vert teke inn i heimelsvisinga.
3. Det vert teke inn ei presisering i forskrifta om at dekning av tapt arbeidsforteneste føreset at den folkevalde faktisk har lidt eit økonomisk tap.

4. Det vert teke inn ei presisering i forskrifta om at ved dekning av ulegitimert tap ved bruk av feriedagar skal ferieuttak dokumenterast frå arbeidsgjevar.

5. Forskrift om folkevaldes rett til godtgjersle og velferdsgoder i Kinn kommune vert vedteken med dei endringane som følgjer av punkt 2, 3. og 4, samt følgjande endringar:

Nytt pkt 6: Det skal gjerast ein full gjennomgang og revidering av forskrifta innan 1. mai 2027.

Til forskrifta:

Til § 4: Første setning skal starte: « Godtgjering for dokumenterte utgifter til skyss, kost og overnatting....

Andre avsnitt: Stryk «og inntil kr 800 pr dag for ikkje-dokumenterte tap»

Forskrifta gjeld frå 11. juni 2026.

Vedtak som innstilling frå Formannskapet - 04.06.2026

1. Høyringsinnspela til forskrift om folkevaldes rett til godtgjersle og velferdsgoder i Kinn kommune er vurderte slik det går fram av saksutgreinga.
2. Heimelsgrunnlaget for forskrifta vert endra slik at kommunelova § 8-5 vert teke inn i heimelsvisinga.
3. Det vert teke inn ei presisering i forskrifta om at dekning av tapt arbeidsforteneste føreset at den folkevalde faktisk har lidt eit økonomisk tap.
4. Det vert teke inn ei presisering i forskrifta om at ved dekning av ulegitimert tap ved bruk av feriedagar skal ferieuttak dokumenterast frå arbeidsgjevar.

5. Forskrift om folkevaldes rett til godtgjersle og velferdsgoder i Kinn kommune vert vedteken med dei endringane som følgjer av punkt 2, 3. og 4, samt følgjande endringar:

Nytt pkt 6: Det skal gjerast ein full gjennomgang og revidering av forskrifta innan 1. mai 2027.

Til forskrifta:

Til § 4: Første setning skal starte: « Godtgjering for dokumenterte utgifter til skyss, kost og overnatting....

Andre avsnitt: Stryk «og inntil kr 800 pr dag for ikkje-dokumenterte tap»

§ 5-2 siste avsnitt: Skal lyde: Ferie vert rekna som godkjend forfallsgrunn og vert ikkje kompensert som tapt arbeidsforteneste, jmf. også § 3-c om at det skal føreligge eit faktisk økonomisk tap.

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:

1. Høyringsinnspela til forskrift om folkevaldes rett til godtgjersle og velferdsgoder i Kinn kommune er vurderte slik det går fram av saksutgreiinga.
2. Heimelsgrunnlaget for forskrifta vert endra slik at kommunelova § 8-5 vert teke inn i heimelsvisinga.
3. Det vert teke inn ei presisering i forskrifta om at dekning av tapt arbeidsforteneste føreset at den folkevalde faktisk har lidt eit økonomisk tap.
4. Det vert teke inn ei presisering i forskrifta om at ved dekning av ulegitimert tap ved bruk av feriedagar skal ferieuttak dokumenterast frå arbeidsgjevar.
5. Forskrift om folkevaldes rett til godtgjersle og velferdsgoder i Kinn kommune vert vedteken med dei endringane som følgjer av punkt 2, 3. og 4.

Bakgrunn for saka:

Gruppeleiarutvalet vedtok i sak 010/26 å leggje framlegg til endring av forskrift om folkevalde sin rett til godtgjersle og velferdsgoder i Kinn kommune ut på offentlig høyring i perioden 08.05.2026 – 29.05.2026.

Forskrifta er utarbeidd med heimel i kommunelova kapittel 8 og skal regulere folkevalde sine rettar til mellom anna godtgjersle, dekning av utgifter, tapt arbeidsforteneste, frikjøp, pensjon og velferdsordningar.

I høyringsperioden kom det inn to skriftelege høyringsinnspel frå privatpersonar.

Saksopplysningar:

Høyringsinnspelen omtalar særleg reglane om tapt arbeidsforteneste og frikjøp.

Innspelsgjevarar meiner mellom anna at:

- Forskrifta i større grad bør presisere at dekning av tapt arbeidsforteneste føreset eit faktisk økonomisk tap.
- Krava til dokumentasjon og sannsynleggjing ved ulegitimert tapt arbeidsforteneste bør skjerpast.
- Bruk av feriedag ikkje automatisk bør gje grunnlag for kompensasjon
- Kommunedirektøren sitt skjønn ved vurdering av dokumentasjon og sannsynleggjing bør avgrensast gjennom meir objektive kriterium
- Forskrifta bør stille krav om dokumentert stillingsnedtrekk ved frikjøp
- Kommunelova § 8-5 bør takast inn i heimelsgrunnlaget for forskrifta
- Ordninga med frikjøp av utvalsleiar bør vurderast nærare
- Kommunen bør gjennomgå tidlegare praksis og eventuelle tidlegare utbetalningar

Innspelsgjevarar viser mellom anna til kommunelova §8-3, kommunelova § 8-5, departementet sine tolkingar av regelverket og til tidlegare revisjonsrapportar og saker som har vore handsama i kontrollutvalet.

Vurderingar:

Administrasjonen legg til grunn at forskrifta må vere i samsvar med kommunelova og gjeldande rett, samstundes som ho må vere praktisk gjennomførbar og gje føreseielege rammer for dei folkevalde.

Når det gjeld kravet om at tapt arbeidsforteneste føreset eit faktisk økonomisk tap, er dette eit grunnleggjande vilkår etter kommunelova. Sjølv om dette følgjer direkte av lova, kan det vurderast om ei presisering i forskrifta vil kunne bidra til større tydelegheit.

Når det gjeld dokumentasjon og sannsynleggjering av ulegitimert tap, opnar kommunelova for at tap kan erstattast sjølv om det ikkje kan dokumenterast fullt ut. Forskrifta må derfor balansere behovet for kontroll mot lovgjevar sitt føremål om å leggje til rette for brei deltaking i lokalpolitikken. Administrasjonen vurderer at framlegget inneheld krav om eigenerklæring og sannsynleggjering som er innanfor lova sine rammer.

Innspela om kompensasjon ved bruk av feriedagar og om nivået på skjønnsutøvinga er i stor grad spørsmål om korleis kommunen ønskjer å innrette ordninga innanfor handlingsrommet kommunelova gir. Administrasjonen vurderer at framlegget gir tilstrekkeleg grunnlag for forsvarleg sakshandsaming, men at ei presisering mht dokumentasjon om ferieuttak frå arbeidsgjevar, bidrar til lik praksis og etterprøvbarheit.

Når det gjeld merknaden om manglande heimelsvising til kommunelova § 8-5, viser administrasjonen til at § 7 i forskrifta regulerer frikjøp. Det er derfor naturleg å vurdere om § 8-5 bør takast inn i heimelsgrunnlaget for forskrifta for å sikre samsvar mellom forskrifta sitt innhald og den lovheimelen som regulerer frikjøp.

Innspela knytt til tidlegare praksis, kontroll av historiske utbetalingar og tillit til kommunen si forvaltning gjeld forhold som i hovudsak ligg utanfor denne forskrifta sitt verkeområde. Forskrifta regulerer framtidige ordningar og rettar. Eventuelle undersøkingar av tidlegare praksis må eventuelt vurderast i eigne saker.

Samla vurderer administrasjonen at høyringsinnspela reiser fleire relevante problemstillingar knytt til kontroll, dokumentasjon og tydeleggjering av regelverket. Administrasjonen vurderer særleg merknaden om heimelsvising til kommunelova § 8-5 som relevant å følgje opp i den endelege forskrifta. Dei øvrige merknadene vurderast i hovudsak å vere spørsmål om politiske prioriteringar eller forhold som allereie er regulerte gjennom kommunelova.

Dei to innkomne høyringsinnspela og administrasjonen si vurdering av innkomne høyringsinnspel ligg som vedlegg til saka.

Økonomiske konsekvensar:

Aktuelle lover, forskrifter, kjelder:

Kommunelova

Behandling i Kommunestyret 10.06.2026:

Endring av §5-2, foreslått av Frank Willy Pedersen Djuvik, Kinn Fremskrittsparti
Endring i framlegg frå formannskapet § 5-2 siste avsnitt: "vert rekna som godkjend forfallsgrunn og" vert stroke frå setninga.

Ikraftttredelse, foreslått av Frank Willy Pedersen Djuvik, Kinn Fremskrittsparti
Forskrifta gjeld frå den dato den vert vedteken

justert ikraftttredelse, foreslått av Frank Willy Pedersen Djuvik, Kinn Fremskrittsparti
Forskrifta gjeld frå 11. juni 2026

Røysting:

Innstilling frå formannskapet, med to endringsframlegg frå FrP v/repr. Djuvik, samrøystes vedtatt.

KOST- 095/26 Vedtak:

1. Høyringsinnspela til forskrift om folkevaldes rett til godtgjersle og velferdsgoder i Kinn kommune er vurderte slik det går fram av saksutgreiinga.
2. Heimelsgrunnlaget for forskrifta vert endra slik at kommunelova § 8-5 vert teke inn i heimelsvisinga.
3. Det vert teke inn ei presisering i forskrifta om at dekning av tapt arbeidsforteneste føreset at den folkevalde faktisk har lidt eit økonomisk tap.

4. Det vert teke inn ei presisering i forskrifta om at ved dekning av ulegitimert tap ved bruk av feriedagar skal ferieuttak dokumenterast frå arbeidsgjevar.

5. Forskrift om folkevaldes rett til godtgjersle og velferdsgoder i Kinn kommune vert vedteken med dei endringane som følgjer av punkt 2, 3. og 4, samt følgjande endringar:

Nytt pkt 6: Det skal gjerast ein full gjennomgang og revidering av forskrifta innan 1. mai 2027.

Til forskrifta:

Til § 4: Første setning skal starte: « Godtgjering for dokumenterte utgifter til skyss, kost og overnatting....

Andre avsnitt: Stryk «og inntil kr 800 pr dag for ikkje-dokumenterte tap»

Forskrifta gjeld frå 11. juni 2026.

Behandling i Formannskapet 04.06.2026:

Forslag frå Raudt, foreslått av Geir Ole Oldeide, Kinn Raudt

Nytt pkt 6: Det skal gjerast ein full gjennomgang og revidering av forskrifta innan 1. mai 2027.

Til forskrifta:

Til § 4: Første setning skal starte: « Godtgjering for dokumenterte utgifter til skyss, kost og overnatting....

Andre avsnitt: Stryk «og inntil kr 800 pr dag for ikkje-dokumenterte tap»

§ 5-2 siste avsnitt: Skal lyde: Ferie vert rekna som godkjend forfallsgrunn og vert ikkje kompensert som tapt arbeidsforteneste, jmf. også § 3-c om at det skal føreligge eit faktisk økonomisk tap.

Røysting:

Framlegg frå Raudt v/repr. G. Oldeide samrøystes vedtatt.
Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak samrøystes vedtatt.

FORM- 073/26 Vedtak:

1. Høyringsinnspela til forskrift om folkevaldes rett til godtgjersle og velferdsgoder i Kinn kommune er vurderte slik det går fram av saksutgreiinga.
2. Heimelsgrunnlaget for forskrifta vert endra slik at kommunelova § 8-5 vert teke inn i heimelsvisinga.
3. Det vert teke inn ei presisering i forskrifta om at dekning av tapt arbeidsforteneste føreset at den folkevalde faktisk har lidt eit økonomisk tap.
4. Det vert teke inn ei presisering i forskrifta om at ved dekning av ulegitimert tap ved bruk av feriedagar skal ferieuttak dokumenterast frå arbeidsgjevar.
5. Forskrift om folkevaldes rett til godtgjersle og velferdsgoder i Kinn kommune vert vedteken med dei endringane som følgjer av punkt 2, 3. og 4, samt følgjande endringar:

Nytt pkt 6: Det skal gjerast ein full gjennomgang og revidering av forskrifta innan 1. mai 2027.

Til forskrifta:

Til § 4: Første setning skal starte: « Godtgjering for dokumenterte utgifter til skyss, kost og overnatting....

Andre avsnitt: Stryk «og inntil kr 800 pr dag for ikkje-dokumenterte tap»


§ 5-2 siste avsnitt: Skal lyde: Ferie vert rekna som godkjend forfallsgrunn og vert ikkje kompensert som tapt arbeidsforteneste, jmf. også § 3-c om at det skal føreligge eit faktisk økonomisk tap.

Vedlegg i saken:

Høyringsinnspel - forskrift om folkevaldes rett til godtgjersle og velferdsgoder i Kinn
høyringsinnspill.pdf

Høyringsinnspel - tabell

Forskrift om folkevaldes rett til godtgjersle og velferdsgoder i Kinn - Framlegg til
handsaming i formannskap 04.06.2026 og kommunestyret 10.06.2026



Saksnr.	Utval	Møtedato
096/26	Kommunestyret	10.06.2026

Suppleringsval – endring i samansetjing av politiske utval

KOST- 096/26 Vedtak:

Nytt varamedlem til formannskapet vert: Siri Sunde

Nytt varamedlem til finansutvalet vert: Siri Sunde

Nytt varamedlem til valstyret vert: Siri Sunde

Nytt varamedlem til oppvekst- og kulturutvalet vert: Bjørn Løkkebø Halsnes

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:

Nytt varamedlem til formannskapet vert:

Nytt varamedlem til finansutvalet vert:

Nytt varamedlem til valstyret vert:

Nytt varamedlem til oppvekst- og kulturutvalet vert:

Bakgrunn for saka:

Som følgje av at representant Skram Heggen (H) har flytta frå kommunen og tredd ut av kommunestyret, har han også tredd ut av sine verv som varamedlem i politiske utval.

Saksopplysningar:

Skram Heggen (H) var vald som varamedlem i følgjande utval:

Utval	Rolle
Formannskapet	Varamedlem
Finansutvalet	Varamedlem
Valstyret	Varamedlem
Oppvekst- og kulturutvalet	Varamedlem

Når ein folkevald trer ut av vervet, skal det veljast nytt medlem eller varamedlem til organet dersom dette er nødvendig, jf. kommunelova § 7-10.

Suppleringsvalet gjeld for resten av valperioden.

Partiet Høgre skal fremje ein kandidat. Kommunestyret skal velje vedkomande dersom dei lovbestemte vilkåra i kommunelova er oppfylt.

Dersom valet fører til at eitt kjønn vil bli representert med mindre enn 40 prosent av varamedlemmane til organet eller gruppa sine varamedlemmar, skal det, viss det er mogleg, veljast nytt varamedlem frå det underrepresenterte kjønnnet.

Nytt varamedlem skal plasserast nedst på lista over varamedlemmar, jf. kommunelova §

7-10 6. ledd.

Vurderingar:

Det ligg til kommunestyret å gjennomføre suppleringsval til dei aktuelle verva, jf. kommunelova § 5-9 om val til folkevalde organ.

Ved suppleringsval skal ein i utgangspunktet følgje dei same prinsippa som ved det opphavlege valet, herunder at det er den aktuelle partigruppa (Høgre) som fremjar forslag på kandidatar.

Økonomiske konsekvensar:

Ingen.

Aktuelle lover, forskrifter, kjelder:

Kommunelova §§ 5-9, 7-9 og 7-10.

Behandling i Kommunestyret 10.06.2026:

Suppleringsval, foreslått av Arlene Vågene, Kinn Høgre

Varamedlem formannskapet: Siri Sunde

Varamedlem finansutvalet: Siri Sunde

Varamedlem Valstyret: Siri Sunde

Varamedlem oppvekst og kultur: Bjørn Løkkebø Halsnes

Røysting:

Framlegg frå Høgre v/repr. Vågene samrøystes vedtatt.


KOST- 096/26 Vedtak:

Nytt varamedlem til formannskapet vert: Siri Sunde

Nytt varamedlem til finansutvalet vert: Siri Sunde

Nytt varamedlem til valstyret vert: Siri Sunde

Nytt varamedlem til oppvekst- og kulturutvalet vert: Bjørn Løkkebø Halsnes



Saksnr.	Utval	Møtedato
097/26	Kommunestyret	10.06.2026

Val av varamedlemmar - Gruppeleiarutvalet

KOST- 097/26 Vedtak:

1. Kommunestyret vedtek at det skal oppnemnast varamedlemmar til gruppeleiarutvalet. Politisk organiserings- og delegeringsreglement vert oppdatert i samsvar med dette.
2. Kvart parti oppnemner 1-2 varamedlemmar.
3. Følgjande varamedlemmar vert oppnemnd i kvart parti:
Høgre: 1. Dagrunn Almenning Kvalheim 2. Siri Sunde
Framstegspartiet: 1. Kjell Bjørn Refvik 2. Miriam Nesje
Senterpartiet: 1. Jan Arve Midtbø 2. Elisabeth Halsne
Raudt: 1. Geir Oldeide 2. Hege Chatrine Brandsøy
Arbeidarpartiet: 1. Ola Teigen 2. Doris Christensen
Kristeleg Folkeparti: 1. Aud Norunn Vig
Sosialistisk Venstreparti: 1. Siri Odijk Solbakken 2. Ingunn Frøyen
Venstre: 1. Edvard Iversen 2. Anne Marit Seljeseth

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:

1. Kommunestyret vedtek at det skal oppnemnast varamedlemmar til gruppeleiarutvalet. Politisk organiserings- og delegeringsreglement vert oppdatert i samsvar med dette.
2. Kvart parti oppnemner 1-2 varamedlemmar.
3. Følgjande varamedlemmar vert oppnemnd i kvart parti:
Høgre:
Framstegspartiet:
Senterpartiet:
Raudt:
Arbeidarpartiet:
Kristeleg Folkeparti:
Sosialistisk Venstreparti:
Venstre:

Bakgrunn for saka:

Leiar i gruppeleiarutvalet har bede om at det vert fremja ei sak om val av varamedlemmar til utvalet. Per i dag er det berre oppnemnt faste medlemmar, og ved forfall er det difor ikkje høve til å stille med varamedlem.

For å sikre kontinuitet i arbeidet og at partia er representerte i møte også ved fråvær, er det ønskeleg å etablere ei ordning med varamedlemmar til gruppeleiarutvalet. Kommunestyret skal difor ta stilling til val av varamedlemmar frå dei politiske partia.

Saksopplysningar:

Gruppeleiarutvalet er oppretta med heimel i kommunelova § 5-1 punkt g, og er nærare regulert i kommunen sitt politiske organiserings- og delegeringsreglement. Utvalet er samansett av leiarane for dei politiske partigruppene i kommunestyret, og fungerer blant anna som valnemnd med innstillingsrett i valsaker.

Reglementet omtalar ikkje bruk av varamedlemmar. I praksis inneber dette at utvalet kan bli svekka dersom faste medlemmar har forfall, sidan det ikkje finst ei etablert ordning for å møte med vara.

For å sikre at utvalet er operativt og representativt til ei kvar tid, er det føreslått å opne for at kvart parti kan oppnemne 1-2 varamedlemmar. Desse kan møte ved forfall og bidra til kontinuitet i arbeidet.

Vurderingar:

Det vert vurdert som formålstenleg å etablere ei ordning med varamedlemmar til gruppeleiarutvalet. Ei slik ordning vil bidra til at utvalet fungerer etter intensjonen, også i tilfelle der faste medlemmar ikkje har høve til å møte.

Ved å leggje til rette for at kvart parti kan oppnemne 1-2 varamedlemmar, sikrar ein både fleksibilitet og at alle parti får høve til å vere representerte. Dette vil styrke arbeidet i utvalet, særleg når utvalet skal starte arbeidet inn mot neste valperiode.

Sjølv om ordninga ikkje er direkte omtala i reglementet, ligg det innanfor kommunestyret sitt handlingsrom å organisere arbeidet på ein føremålstenleg måte. Det vert difor tilrådd å innføre ei slik ordning, der partia sjølve melder inn sine varamedlemmar.

Økonomiske konsekvensar:

Ingen økonomiske konsekvensar.

Aktuelle lover, forskrifter, kjelder:

Kommunelova § 5-1

[Politisk organisering og delegering Kinn kommune](#)

Behandling i Kommunestyret 10.06.2026:

Framlegg frå valnemnda, foreslått av Frank Willy Pedersen Djuvik, Kinn Fremskrittsparti
Følgjande varamedlemmar vert oppnemnd i kvart parti:

Høgre: 1. Dagrunn A. Kvalheim, 2. Siri Sunde

Framstegspartiet: 1. Kjell Bjørn Refvik, 2. Miriam Nesje

Senterpartiet: 1. Jan Arve Midtbø, 2. Elisabeth Halsne

Raudt: 1. Geir Oldeide, 2. Hege Chatrine Brandsøy

Arbeidarpartiet: 1. Ola Teigen, 2. Doris Christensen

Kristeleg Folkeparti: 1. Aud Norunn Vig

Sosialistisk Venstreparti: 1. Siri Odijk Solbakken, 2. Ingunn Frøyen

Venstre:


Venstre:, foreslått av Jacob Andrè Telvik Nødseth, Kinn Venstre
1. Edvard Iversen, 2. Anne Marit Seljeseth

Røysting:

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak, inkl. begge endringsframlegg, samrøystes vedtatt.

KOST- 097/26 Vedtak:

1. Kommunestyret vedtek at det skal oppnemnst varamedlemmar til gruppeleiarutvalet. Politisk organiserings- og delegeringsreglement vert oppdatert i samsvar med dette.
2. Kvart parti oppnemner 1-2 varamedlemmar.
3. Følgjande varamedlemmar vert oppnemnd i kvart parti:
Høgre: 1. Dagrunn Almenning Kvalheim 2. Siri Sunde
Framstegspartiet: 1. Kjell Bjørn Refvik 2. Miriam Nesje
Senterpartiet: 1. Jan Arve Midtbø 2. Elisabeth Halsne
Raudt: 1. Geir Oldeide 2. Hege Chatrine Brandsøy
Arbeidarpartiet: 1. Ola Teigen 2. Doris Christensen
Kristeleg Folkeparti: 1. Aud Norunn Vig
Sosialistisk Venstreparti: 1. Siri Odijk Solbakken 2. Ingunn Frøyen
Venstre: 1. Edvard Iversen 2. Anne Marit Seljeseth



Saksnr.	Utval	Møtedato
049/26	Plan- og miljøutvalet	02.06.2026
098/26	Kommunestyret	10.06.2026

Parkeringsordning Måløy - fastsetting av rammer

KOST- 098/26 Vedtak:

Sak utsett.

Vedtak som innstilling frå Plan- og miljøutvalet - 02.06.2026

1. Kommunestyret vedtek parkeringssoner, tidsavgrensingar og prinsipp for avgiftsfastsetting slik det følger av saka, kart og tabell, med følgjande endringar:
Sjøgata gratis med tidsbegrensing 2 timer, lik gate 1.
1) avgift med betaling etter to timer gratis: gt.1 den enveiskjørte delen, Sjøgata og Amtskaia, Kiwi, Jibben, Televerket, Larsmarka og Vengengården.
2) Spiralen, Moldøen gratis.
2. Kommunestyret ber Vågsøy Parkering AS om å iverksette vedtakspunkta i saka i tråd med selskapets formål og etablerte forvaltningsrutinar for fastsetting av avgiftssatsar.
3. Alt 1 Kommunen går ikkje vidare med vidare utgreiing og innføring av kameraløysing i offentleg gateløp på noverande tidspunkt. Ei slik løysing kan likevel bli aktuell seinare. Det blir lagt til Vågsøy Parkering AS å forløpande vurdere om innføring av slik system er føremålsteneleg, gjennomførbart og økonomisk berekraftig.
4. Vågsøy Parkering AS skal gå i dialog med grunneigarar av private sentrumsnære parkeringsareal med mål om å få på plass ei lik parkeringsordning på private områder som på dei offentlege områda. Dette vere seg prissetting, tidsavgrensingar, håndheving og betalingsløysing. Det skal vektleggast at ordninga vert brukervennlig og lett forståeleg for billistane. Det skal vurderes om kameraløysing kan nyttast på dei avgrensa parkeringsareala. Private rettigheter må takast i vare.

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:

1. Kommunestyret vedtek parkeringssoner, tidsavgrensingar og prinsipp for avgiftsfastsetting slik det følger av saka, kart og tabell.

2. Kommunestyret ber Vågsøy Parkering AS om å iverksette vedtakspunkta i saka i tråd med selskapets formål og etablerte forvaltningsrutinar for fastsetting av avgiftssatsar.
3. Alt 1 Kommunen går ikkje vidare med vidare utgreiing og innføring av kameraløysing i offentleg gateløp på noverande tidspunkt. Ei slik løysing kan likevel bli aktuell seinare. Det blir lagt til Vågsøy Parkering AS å forløpande vurdere om innføring av slik system er føremålsteneleg, gjennomførbart og økonomisk berekraftig.

Alt 2 Vågsøy Parkering AS skal jobbe målretta mot at kameraløysing i offentleg gateløp blir innført så snart som praktisk mogleg. Oppfølging vert utført av Vågsøy Parkering AS som på sjølvstendig grunnlag må vurdere om slikt system er føremålsteneleg, gjennomførbart og økonomisk berekraftig.

4. Vågsøy Parkering AS skal gå i dialog med grunneigarar av private sentrumsnære parkeringsareal med mål om å få på plass ei lik parkeringsordning på private områder som på dei offentlege områda. Dette vere seg prissetting, tidsavgrensingar, håndheving og betalingsløysing. Det skal vektleggast at ordninga vert brukervennlig og lett forståeleg for billistane. Det skal vurderes om kameraløysing kan nyttast på dei avgrensa parkeringsareala. Private rettigheter må takast i vare.

Bakgrunn for saka:

Saka er ei oppfølging av sak 32/25

Parkeringsordning for Måløy sentrum - ny handsaming

KOST- 032/25 Vedtak:

1. Betalingsfritak for elektrisk og hydrogendrevet (fossilfri) motorvogn på avgiftsbelagte kommunale parkeringsplasser fjernast så raskt som råd.

2. Kommunestyret ber om det vert utarbeida ein heilskapleg plan for handtering av parkering i Måløy sentrum.

Følgande moment skal leggast til grunn i planen:

- I den kommunale delen av gate 1 skal det være tidsavgrensa parkering.

- Det skal utgreiast om parkeringsordninga kan erstattast av elektronisk/digital handheving av regulering.

- Parkeringsssonene skal ikkje utvidast utan ein brei involvering av bebuarar i dei berørte områda.

Punkt 1 i vedtak sak 32/25 er iverksett.

Denne sak tilsikter å følge opp vedtakspunkt 2 frå sak 32/25.

Saksopplysningar:

Involvering er ivare tatt gjennom;

-Møte med Måløy Byforening og Måløy Vekst AS 26 januar 2026

-Møte med Måløy Vekst AS 9 mars 2026

-Allmøte 7 april 2026 i Måløy Rådhus som vart annonsert i avis og på nett

Det er kome skriftlige innspill til parkeringsordning frå Måløy Vekst AS, Måløy Byforening og Vågsøy Parkering AS.

Innspilla er vedlagt saksutgreiinga.

Florø Parkering AS ved dagleg leiar har vore ein del av prosessen og saksførebuinga.

Kommunedirektøren har i prosess med utgreiing av kameraløysing vert i kontakt med kommunane Tromsø, Ålesund, Trondheim og Skien.

I tillegg til selskapa Giant Leap, Nor Tronic og Parkly som alle leverer parkeringsrelaterte løysingar, samt Norpark – Norges Parkeringsforening.

Kameraløysing i offentleg gateløp er det per i dag ingen i landet som har innført og kommunedirektøren går nærare inn på tema i utgreiinga vidare i denne sak.

Basert på dei innspilla som er kome gjennom møter og skriftlige innspill, tilrår kommunedirektøren rammer for parkeringsordning i Måløy sentrum slik beskrevet under.

Kommunedirektøren har lagt stor vekt på innspilla som er kome frå Byforeninga og næringslivet, og meiner at rammer foreslått i all hovudsak innfrir dei ønska og behov som er fremja gjennom prosessen.

Kart Måløy sentrum:



Nr kart	Område	Man-fre (08-16)	Lør (08-16)	Etter 16/ Søndag
1	Gate 1 envegskjørt del (inkl Lefdal)	Gratis. Maks 2 timar.	Gratis. Maks 2 timar.	Gratis. Ingen tidsavgrensing.
2	Sjøgata og Amstkaia	Avgift. Ingen tidsavgrensing.	Gratis.	Gratis. Ingen tidsavgrensing.
3	Kiwi	Gratis. Maks 2 timar.	Gratis. Maks 2 timar.	Gratis. Ingen tidsavgrensing.
4	Spiralen, Moldøen og Vengengården	Gratis.	Gratis.	Gratis.
5	Jibben (Gate 2) +	Redusert sats.	Gratis.	Gratis.

	Televerket	Ingen tidsavgrensing.		Ingen tidsavgrensing.
6	Larsmarka	Avgift. Ingen tidsavgrensing.	Gratis.	Gratis. Ingen tidsavgrensing.
Privat	Sentrumstomta	Følges opp etter vedtakspunkt 4		
Privat	Måløy Brygge	Følges opp etter vedtakspunkt 4		
6	Lefdal	Potensielt framtidig parkeringshus		
6	Larsmarka	Potensielt framtidig parkeringshus		

Avvik mellom innspill og forslaget over

Det er foreslått at Amstkaia vert regulert på same måte som Sjøgata. Det er vurdert at det er behov for ei tydeligare merking av parkeringsplassar i den kommunale gata, med påfølgande håndheving. Næringa sitt behov i forhold til inn- og utkjøring av porter, samt behov for laste- og lossesoner, skal ivaretakast. Det er tenkt opning for gjennomkjøring (oppheving av vedtak om forbudt for gjennomkjøring for 306.1 underskilt 808) slik at også tilkomst til bubilparkering vert styrka.

Eigedomane ligg innanfor område som i gjeldande reguleringsplan «Reguleringsendring for Sæterneset» (PlanID 1439199507) er sett av til offentleg vegføremaal (køyreveg og gangveg).

I den nye «Områdeplanen for Måløy sentrum» (PlanID 20200118), som no ligg ute til offentleg høyring, er området vidareført med same føremål.

Del av Sjøgata, med tilhøyrande parkeringsplassar rundt Måløy Brygge, er ikkje kommunal. Grunnen er også privat eigd. Desse parkeringsplassane vert difor lagt inn som noko å følgje opp på lik linje med den samanliknbare Sentrumstomta. Viser her til forslag til vedtakspunkt 4.

Det er for øvrig merka av i kart og tabell, dei 2 omtalte parkeringsplassane som potensielt kan utviklast til framtidige parkeringshus.

Om Gate 1 riks- og fylkesveg

Denne vegstrekninga er ikkje omtalt nærare i tabell/kart om parkeringsordning.

Det er foreståande omfattanda arbeid på både riks- og fylkesveg med omsyn til utbetring av infrastruktur og vegelement.

Kommunen, Statens vegvesen og Vestland Fylkeskommune er avhengig av ein gjensidig dialog både om oppgraderingsprosjektet og om kva som potensielt vert mogleg å etablere av parkering langs denne strekninga, når prosjektet er ferdigstilt.

Kommunedirektøren vurderer det difor slik at avklaring kring ei eventuell parkeringsordning langs riks- og fylkesvegdelene bør avventes og dagens situasjon oppretthaldes inntil vidare.

Utviding av antall parkeringsplasser

Gjennom fullførte og pågåande prosjekt etter at Kinn vart etablert, som t.d Gate 1 og Skram skule, er det estimert at antall parkeringsplassar i sentrum er blitt redusert frå 539 til 412 plassar (det vil seie ein reduksjon på 127 plassar)

Dette er plasser som er forsvunnet som følge av politiske vedtak. Reduksjon i p-plasser er soleis ei varsla og forventa utvikling.

Det er likevel poengtert, særleg frå næringslivet i Måløy, at det er eit stort behov for fleire p-plassar. Dette mellom anna begrunna i den store innpendlinga og ønskje om tilgjengelige p-plassar både til arbeidrarar, besøkande og handlande.

Det er vurdert muligheter for å kunne tilby fleire parkeringsplassar i eller nær Måløy sentrum.

Særleg Moldøen og Vengengården peiker seg ut som potensielle plassar for å auke parkeringskapasiteten.

Moldøen er eit kommunalt eigd areal som relativt lett kan opparbeidast til parkeringsareal utan dei aller største kostnadane. Det er estimert at kommunen kan etablere om lag 60 p på denne lokaliteten. Opparbeidingskostnaden er estimert til mellom 800.000 og 1 mill.

Ved Vengengården er det i reguleringsplan under utarbeiding, avsett eit større areal til parkering enn det er per i dag.

Det er estimert at areal avsett kan opne for om lag 45 plassar (om lag 15 meir enn i dag). Det vil krevje ei investering i opparbeiding estimert til 1,5 mill. Arealkjøp ikkje hensyntatt. Private rettigheter i området må ivaretakast.

Oppsummert vil det vere mogleg å erstatte om lag 75 av dei 127 p-plassane som omtalt innleiingsvis.

Særskilt om kameraparkering (ANPR - Automatic Number Plate Recognition) i offentleg gate

ANPRbaserte kameraparkeringsanlegg vert ofte vurderte som ei enkel teknisk løysing for parkeringshandtering. Ei slik løysing føreset likevel eit tilstrekkeleg høgt tal parkeringsplassar innanfor eitt og same område for å vere økonomisk berekraftig. Erfaringstal syner at det normalt må vere om lag 30–50 parkeringsplassar, avhengig av nivået på parkeringsavgifta, for at drifta ikkje skal gå med underskot.

Vidare stiller Datatilsynet krav om at kameraparkering ikkje kan vere einaste betalingsløysing. Det må òg vere mogleg å betale både via mobilapp og på parkeringsautomat før førar køyrer frå området, slik at kameraregistreringa då vert sletta. ANPRløysinga kan difor ikkje etablerast åleine, men må kombinerast med andre betalingsløysingar. Dette aukar både investeringskostnader og kompleksitet i drift og forvaltning.

Eit ANPRbasert kameraparkeringsanlegg kan heller ikkje nyttast til å handheve tidsavgrensa parkering slik det politiske vedtaket legg opp til. Løysinga registrerer berre samla parkeringstid og støttar ikkje reell handheving av maksimalt tillaten parkeringstid (makstid).

Det er gjennomført ei vurdering av personvernkonsekvensar (DPIA) ved ei eventuell innføring av kameraparkering (ANPR) i offentleg gate i Måløy. Vurderinga syner at ei slik løysing inneber høg risiko for dei registrerte sine rettar og fridomar. Systemet vil medføre kontinuerleg og systematisk overvaking av offentleg tilgjengeleg område, og registrering av personopplysningar om ei stor og uavgrensa gruppe trafikantar. Dette omfattar mellom anna gjennomgangstrafikk, bebuarar, varelevering, drosjer og bussar, utan at alle desse gruppene har eit relevant parkeringsføremål.

For fleire av desse gruppene ligg det ikkje føre gyldig behandlingsgrunnlag etter personvernregelverket. Behandling av personopplysningar i slike tilfelle vil difor vere i strid med personvernforordninga (GDPR).

Datatilsynet stiller klare krav om at formålet med bruk av kamerabaserte løysingar må vere nødvendig, forholdsmessig og tilstrekkeleg tungtvegande sett opp mot inngrepet i personvernet. Parkering er eit legitimt føremål, men vurderinga syner at mindre inngripande alternativ – slik som dagens løysing med parkeringsautomat og mobilbetaling – kan nyttast for å oppnå same effekt utan kontinuerleg overvaking av ferdsel i det offentlege rom. DPIAen peikar òg på risiko for feilregistreringar, noko som kan føre til urimelege belastningar for innbyggjarar og besøkjande.

Kameraparkering gir vidare særlege utfordringar knytt til HCParkering. Retten til gratis parkering for rørslehemma er personbasert og ikkje knytt til køyretøyet. Dette gjer automatisk handtering krevjande, og ei ANPRløysing kan kome i konflikt med gjeldande regelverk og prinsippet om ubetinga rett til gratis parkering på alle kommunale

parkeringsplassar.

Retten til betalingsfritak for forflytningshemma går fram av parkeringsforskrifta § 33 og forskrift om parkeringstillatelse for forflytningshemmede § 2 første ledd bokstav b).

§ 33 Betalingsfritak for forflytningshemma

«Forflytningshemma med parkeringstillating har betalingsfritak på avgiftsbelagde kommunale parkeringsplassar etter forskrift 18. mars 2016 nr. 264 om parkeringstillating for forflytningshemma § 2 første ledd bokstav b). Dei har tilsvarende betalingsfritak på andre avgiftsbelagde vilkårs-parkeringsplassar viste med skilt 552 som hovudskilt eller soneskilt. Dei har òg betalingsfritak på andre avgiftsbelagde vilkårs-parkeringsplassar, med mindre betalingsplikt er oppgitt på informasjonsskilt og eventuelt underskilt.»

§ 2 Vilkår for parkering

«Parkeringstillating for forflytningshemma gir, i samband med transport av den som har fått tillatinga, høve til å parkere motorvogn i heile landet:

[...]

b. på avgiftsbelagd kommunal parkeringsplass utan at avgift blir betalt.»

Til HC-parkering vises det særskilt til uttale frå Vegdirektoratet ved avdeling Veg- og trafikkjuridisk dagsett 16.03.2023 (ref 22/239539-2)

«Dersom den forflytningshemma må betale for parkering i kommunale anlegg med ANPR, fører dette til eit brot på retten til betalingsfritak. Spørsmålet er om kommunane kan oppfylle krava i forskrifta ved å krevje at køyretøyet sitt kjennemerke blir registrert hos kommunen for å kunne nytte betalingsfritaket. Vegdirektoratet meiner at ei slik løysing ikkje kan godkjennast.

Retten til betalingsfritak er fastsett i forskrift. Dersom det skal stillast krav om registrering hos kommunen for å oppnå denne retten, vil dette måtte reknast som eit tilleggsvilkår. For å innføre eit slikt vilkår må kommunen kunne vise til eit heimelsgrunnlag. Vi kan ikkje sjå at det i dagens regelverk finst høve til å stille eit slikt vilkår.

Ei alternativ løysing som kunne tenkjast, er at kommunen kan tilby ei slik registrering. Heller ikkje ei slik løysing er uproblematisk. HC-kort er knytte til person og ikkje til kjennemerke. Dette inneber at den forflytningshemma kan nytte ulike køyretøy, og køyretøyet som vanlegvis blir nytta, kan òg brukast av andre (til dømes familiemedlemmer) utan at den forflytningshemma er med i køyretøyet.

På same måte som det ikkje kan stillast eit vilkår om registrering, kan det heller ikkje stillast krav om at den forflytningshemma må bevisse at det er denne personen som har nytta køyretøyet. Vidare vil ei slik løysing òg føre til at den forflytningshemma aktivt må gjere noko for å få refundert parkeringsavgifta dersom ein ikkje har nytta seg av registreringsordninga.

Føremålet med parkeringstillatingar er å gi parkeringslettat til forflytningshemma med eit særleg og reelt behov. Parkeringstillatinga er ikkje meint som ei økonomisk støtteordning. Det er dermed dei praktiske utfordringane ved betaling, til dømes bruk av automatar og trekking av billett, som kan grunngje eit behov for betalingsfritak. Når det er slike praktiske utfordringar som kan grunngje betalingsfritaket, må det leggjast til grunn at retten er meint å tre i kraft automatisk ved parkering.»

Det er heller ikkje gjennomført ei fullverdig risikovurdering knytt til informasjonssikkerheit. Leverandør er ikkje avklart, då løysinga må konkurranseutsetjast gjennom offentleg anskaffing. Kostnadsramme er ikkje fastsett, og ansvarlinja mellom kommune og eventuelt parkeringsselskap er ikkje avklart.

Samla sett konkluderer både kommunedirektøren og personvernombodet med at

personvernet ikkje kan handterast på ein forsvarleg måte ved bruk av ANPRbasert kameraparkering i offentleg gate. Risikoen for dei registrerte er ikkje redusert til eit akseptabelt nivå.

Det vises i denne samanheng til vedlagt «Vurdering av personvernkonsekvensar (DPIA) for innføring av nytt IKT-/fagsystem» (vedlegg DPIA ANPR).

Kommunedirektøren si tilråding er at kameraløysing ikkje bør innførast i offentlege gateløp på noverande tidspunkt. Om det i framtida kan innførast kameraløysing i offentleg gateløp, bør vere eit ope spørsmål og vurderast fortløpande av kommunen sitt parkeringsselskap.

Kameraløysing på avgrensa/lukka parkeringsareal er derimot i bruk på private parkeringsplassar over heile landet og kan vurderes av Vågsøy Parkering AS på enkelte plasser i Måløy om dei finner løysningar som tek i vare krav for forflytningshemma i HC føreskrifta.

Tilleggsopplysning knytt til pågåande juridiske prøvingar i rettsvesenet

Kommunedirektøren registrerer også at det pågår juridiske avklaringar i rettsvesenet som bør følges med på før det eventuelt besluttas å gå vidare med kameraløysing, enten det er i gateløp eller på avgrensa parkeringsareal, her vises til

<https://www.parkeringsrett.no/tesla-dommen-er-anket-til-hoyesterett-kan-bety-slutten-pa-all-kameraparkering/>

I ei rettssak i Borgarting lagmannsrett i august i fjor, som gjaldt innkrevjing av parkeringsavgift basert på bruk av kameraparkering, leid innkrevningsselskapet Riverty og parkeringsselskapet Onepark eit knusande nederlag mot Tesla.

Saka det gjeld, går i korte trekk ut på at Riverty Norway AS meinte dei hadde eit rettmessig krav mot Tesla Norway AS, i og med at utlåns og firmabilane til Tesla hadde parkert på parkeringsanlegg med avgiftsbetaling ved bruk av kameraparkering (ANPR – Automatic Number Plate Recognition)

Tesla var likevel ikkje villige til å betale på vegner av bilførarane, og av omsyn til personvern var dei heller ikkje villige til å opplyse om kven som hadde køyrt bilane i kvart einskilt tilfelle. Dette da bileigar ikkje er solidaransvarleg med bilfører, slik som forskrift om innkrevjing av sanksjonar, der bilfører er solidaransvarleg med førar jfr. Parkeringsforskriften §37

Av den grunn var Riverty hindra frå å kunne sende faktura for parkering til dei som faktisk hadde parkert utan å gjere opp for seg.

Høgsterett skal handsame saka 27-28 mai 2026. Om Høgsterett kjem fram til same konklusjon som Borgating Lagmannsrett, vil det skape presedens for bruken av kameraparkering – som i så fall vil bli svært vanskeleg å nytte vidare.

Det vil då ikkje lenger vere mogleg å rette krav om betaling av parkeringsavgift mot andre enn bilføraren, noko ingen bileigarar vil vere forplikta til å opplyse om verken til innkrevjings eller parkeringsselskapet.

Vurderingar:

Det er viktig å finne gode løysingar som kompenserer for bortfall av parkeringsplassar i Måløy. Vidare er det viktig å få på plass ei ordning som fremjar trafikksikkerheit og ikkje minst legg til rette for eit aktivt sentrum med handel og servicenæringar. Vidare er det nødvendig å ha ei inntening på parkeringa som sikrar kvalitet og utvikling på parkeringsareala i Måløy.

Kommunedirektøren meiner at forslag til rammer for parkeringsordning, som no blir lagt fram, er eit resultat av dei konkrete og konstruktive innspilla som er kome frå Byforening og næringsliv, samt lokalt parkeringsselskap.

Forslaget ivaretar dei behov og ønskje som tydelig er kome fram, og kommunedirektøren har kun foreslått mindre justeringar i sitt framlegg.

Rammene for parkeringsordning i Måløy må fastsettest av kommunestyret, og følgast opp av Vågsøy Parkering AS.

Kommunedirektøren har kome til å måtte fraråde innføring av kameraløysing i offentleg gateløp. Ei samla vurdering av alle innspill, kommunikasjon med relevante aktørar og kommunar, uttaler frå offentlege mynde, omsynet til personvernet, og uavklarte juridiske rettsprosessar ligg til grunn.

Kommunedirektøren meiner at det er viktig at kommunen no lander dei viktigaste vedtaka kring rammer for parkeringsordning.

I dag er det ei uheldig uavklart situasjon kring rammer, skilting og informasjon. Ved å avklare rammene politisk, kan arbeidet med skilting, merking og informasjon ferdigstillast slik at innbyggjarar og besøkande for eit føreseieleg og ryddig parkeringstilbod.

Økonomiske konsekvensar:

Opparbeiding av nye parkeringsareal rundt 2,5 mill. Dette må vurderes som ein del av kommunen sitt arbeid med budsjett og økonomiplan.

Skilting, merking, teknisk utstyr, drift og vedlikehold skal først og fremst vere sjølvfinansierande gjennom avgiftsbetaling.

Aktuelle lover, forskrifter, kjelder:

Lov 18. juni 1965 nr. 4 om vegtrafikk (vegtrafikklova)

Forskrift 21. mars 1986 nr. 747 om køyrande og gåande trafikk

Forskrift 7. oktober 2005 nr. 1219 om offentlege trafikkskilt, vegoppmerking, trafikkllys og anvisningar

Forskrift 18. mars 2016 nr. 260 om parkering av motorvogn

Forskrift 18. mars 2016 nr. 264 om parkeringstillatelse for forflytningshemmede

Lov 10. februar 1967 om behandlingsmåten i forvaltningssaker

Lov 15. juni 2018 nr. 38 om behandling av personopplysningar

Høgsterett, kommande sak

<https://www.domstol.no/no/hoyesterett/saksliste/kommende-rettsmoter/onsdag-27.-og-torsdag-28.-mai>

Datatilsynet om kameraovervåking

<https://www.datatilsynet.no/personvern-pa-ulike-omrader/overvaking-og-sporing/kameraovervaking/>

Behandling i Kommunestyret 10.06.2026:

Alternativt forslag, foreslått av Kjell Bjørn Refvik, Kinn Fremskrittsparti

1Kommunestyret vedtek parkeringssoner, tidsavgrensingar og prinsipp for avgiftsfastsetting slik det følger av saka, kart og tabell.

2Kommunestyret ber Vågsøy Parkering AS om å iverksette vedtakspunkta i saka i tråd med selskapets formål og etablerte forvaltningsrutinar for fastsetting av avgiftssatsar.

3Vågsøy Parkering AS skal jobbe målretta mot at kameraløysing i offentleg gateløp blir innført så snart som praktisk mogleg. Oppfølging vert utført av Vågsøy Parkering AS som på sjølvstendig grunnlag må vurdere om slikt system er føremålsteneleg, gjennomførbart og økonomisk berekraftig.

4Vågsøy Parkering AS skal gå i dialog med grunneigarar av private sentrumsnære parkeringsareal med mål om å få på plass ei lik parkeringsordning på private områder som på dei offentlege områda. Dette vere seg prissetting, tidsavgrensingar, håndheving

og betalingsløysing. Det skal vektleggast at ordninga vert brukervennlig og lett forståeleg for billistane. Det skal vurderes om kameraløysing kan nyttast på dei avgrensa parkeringsareala. Private rettigheter må takast i vare.

5Kommunestyret ber om at administrasjonen kjem tilbake med ei sak om mogleg reguleringsendring ved Skram skule, der ein kobler saman gate 4, og opner for gjennomkøyning.

Forslag frå Sp, foreslått av Elisabeth Halsne, Kinn Senterparti

1. Kommunestyret vedtek parkeringssoner, tidsavgrensingar og prinsipp for avgiftsfastsetting slik det følger av saka, kart og tabell, med følgande endringar:
 - a. To timar gratis parkering vert redusert til ein time gratis parkering
2. Kommunestyret ber Vågsøy Parkering AS om å iverksette vedtakspunkta i saka i tråd med selskapets formål og etablerte forvaltningsrutinar for fastsetting av avgiftssatsar.
3. Kommunen går ikkje vidare med utgreiing og innføring av kameraløysing i offentleg gateløp på noverande tidspunkt. Ei slik løysing kan likevel bli aktuell seinare. Det blir lagt til Vågsøy Parkering AS å forløpande vurdere om innføring av slik system er føremålsteneleg, gjennomførbart og økonomisk berekraftig.

Tilleggspunkt frå Sp, foreslått av Elisabeth Halsne, Kinn Senterparti

- Kinn kommunestyre ber om ei sak om fusjonering av Vågsøy Parkering og Florø Parkering.

- Kinn kommunestyre ber om sak der parkeringsregulativa i Måløy og Florø vert samstemt

Forslag frå Raudt, foreslått av Daniel Erik Adrian Henriksson, Kinn Raudt

1. Kommunestyret vedtek parkeringssoner, tidsavgrensingar og prinsipp for avgiftsfastsetting slik det følger av saka, kart og tabell.
2. Kommunestyret ber Vågsøy Parkering AS om å iverksette vedtakspunkta i saka i tråd med selskapets formål og etablerte forvaltningsrutinar for fastsetting av avgiftssatsar.
3. Kommunen går ikkje vidare med vidare utgreiing og innføring av kameraløysing i offentleg gateløp på noverande tidspunkt. Ei slik løysing kan likevel bli aktuell seinare. Det blir lagt til Vågsøy Parkering AS å forløpande vurdere om innføring av slik system er føremålsteneleg, gjennomførbart og økonomisk berekraftig.
4. Vågsøy Parkering AS skal gå i dialog med grunneigarar av private sentrumsnære parkeringsareal med mål om å få på plass ei lik parkeringsordning på private områder som på dei offentlege områda. Dette vere seg prissetting, tidsavgrensingar, håndheving og betalingsløysing. Det skal vektleggast at ordninga vert brukervennlig og lett forståeleg for billistane. Det skal vurderes om kameraløysing kan nyttast på dei avgrensa parkeringsareala. Private rettigheter må takast i vare.
5. Kommunestyret ber om at administrasjonen kjem tilbake med ei sak om mogleg reguleringsendring ved Skram skule, der ein ser på muligheter for å opparbeide nye parkeringsplassar og snuplass på eksisterande tomter sørover, eller at ein kobler saman gate 4, og opner for gjennomkøyning.

Utsetjingsforslag, foreslått av Ola Teigen, Kinn Arbeiderparti
Saka utsettast.

Repr. Djuvik (FrP) ønskjer sin habilitet vurdert, då han er leiar i selskap som er involvert i butikk/handelsnæring som har vore involvert i saksutarbeiding.

Repr. Brunsvik (FrP) ønskjer sin habilitet vurdert, då hans mor er dagleg leiar i Vågsøy Parkering AS.

Repr. Eikevik (SP) ønskjer sin habilitet vurdert, då ho som dagleg leiar i Florø Parkering AS har vore innleigd til saksutgreiinga.

Repr. Nesje ønskjer sin habilitet vurdert, då ho sit i styret i Florø Parkering AS.

Repr. Eliasson (UAH) ønskjer sin habilitet vurdert, då han er nyvalt varamedlem i styret i Vågsøy Parkering AS, men har ikkje delteke i noko møter.

Kommunedirektøren vurderer repr. Djuvik som inhabil etter fvl. § 6 1. ledd bokstav e, ettersom det er interesse på vegne av hans selskap.

Kommunedirektøren vurderer repr. Eikevik som inhabil etter fvl. § 6 1. ledd bokstav e, grunna hennar direkte rolle i saksutgreiinga.

Kommunedirektøren vurderer repr. Brunsvik som inhabil etter fvl § 6 1. ledd bokstav b, då han er nær slekt med leiar i parkeringsselskapet.

Kommunedirektøren vurderer repr. Nesje som habil, då Florø Parkering AS ikkje er del av saka.

Kommunedirektøren vurderer repr. Eliasson som habil, då han er nyvalt varamedlem og ikkje har deltatt i nokon møter i styret.

Kommunestyret erklærer samrøystes representantane Djuvik, Brunsvik og Eikevik som inhabile.

Kommunestyret erklærer samrøystes representantane Eliasson og Nesje som habile i saka.

Repr. Holme (FrP) tiltrer som vara for repr. Djuvik (FrP).

Repr. M. Midtbø (SP) tiltrer som vara for repr. Eikevik (SP).

Røysting:

Utsetjingsframlegg frå AP v/repr. Teigen vedtatt med 20 røyster (8 AP, 2 V, 3 R, 2 SV, 3 SP og 2 UAH v/Teige og Eliasson).

KOST- 098/26 Vedtak:

Sak utsett.

Behandling i Plan- og miljøutvalet 02.06.2026:

Endring, foreslått av Arlene Vågane, Kinn Høgre
Sjøgata gratis med tidsbegrensing 2 timer, lik gate 1.

endring av sonene, foreslått av Doris Christensen, Kinn Arbeiderparti
foreslår en enklere og mer rettferdig inndeling:

- 1) avgift med betaling etter to timer gratis: gt.1 den enveiskjørte delen, Sjøgata og Amtskaia, Kiwi, Jibben, Televerket, Larsmarka og Vengengården.
- 2) Spiralen, Moldøen gratis.

Røysting:

Endringsframlegg til punkt 1 frå Høgre v/repr. Vågane vedtatt mot 4 røyster (2 AP v/Nygård og Christensen, 1 FrP v/Refvik, 1 Raudt v/Husevåg).

Endringsframlegg til punkt 1 frå AP v/repr. Christensen vedtatt mot 4 røyster (2 Høgre v/Vågane og Hovland, 1 Raudt v/Husevåg, 1 SP v/Midtbø).

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak i punkt 3 er alternativ 1 samrøystes vedtatt.

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak, med ovannemnde endringar i punkt 1, samrøystes vedtatt.

PMUV- 049/26 Vedtak:

1. Kommunestyret vedtek parkeringssoner, tidsavgrensingar og prinsipp for avgiftsfastsetting slik det følger av saka, kart og tabell, med følgjande endringar:
Sjøgata gratis med tidsbegrensing 2 timer, lik gate 1.

- 1) avgift med betaling etter to timer gratis: gt.1 den enveiskjørt delen, Sjøgata og Amtskaia, Kiwi, Jibben, Televerket, Larsmarka og Vengengården.
2) Spiralen, Moldøen gratis.
2. Kommunestyret ber Vågsøy Parkering AS om å iverksette vedtakspunkta i saka i tråd med selskapets formål og etablerte forvaltningsrutinar for fastsetting av avgiftssatsar.
3. Alt 1 Kommunen går ikkje vidare med vidare utgreiing og innføring av kameraløysing i offentleg gateløp på noverande tidspunkt. Ei slik løysing kan likevel bli aktuell seinare. Det blir lagt til Vågsøy Parkering AS å forløpande vurdere om innføring av slik system er føremålsteneleg, gjennomførbart og økonomisk berekraftig.
4. Vågsøy Parkering AS skal gå i dialog med grunneigarar av private sentrumsnære parkeringsareal med mål om å få på plass ei lik parkeringsordning på private områder som på dei offentlege områda. Dette vere seg prissetting, tidsavgrensingar, håndheving og betalingsløysing. Det skal vektleggast at ordninga vert brukervennlig og lett forståeleg for billistane. Det skal vurderes om kameraløysing kan nyttast på dei avgrensa parkeringsareala. Private rettigheter må takast i vare.

Vedlegg i saken:

DPIA ANPR


ANPR anlegg i sentrumsgater av Måløy - Uttale jurist og fagsjef Tromsø Parkering AS

Kamera langs offentlig vei - innspill frå Norpark - Norges Parkeringsforening

Parkeringssituasjonen i Måløy sentrum - Samla innspel frå Måløy Vekst og Måløy Byforening

Vegdirektoratet om ANPR og HC

Innspel til parkeringsordning i Måløy sentrum frå Vågsøy Parkering AS



Saksnr.	Utval	Møtedato
051/26	Plan- og miljøutvalet	02.06.2026
099/26	Kommunestyret	10.06.2026

Utbyggingsavtale - Gartnerihagen, gbnr 28/48 m.fl.

KOST- 099/26 Vedtak:

1. Kommunestyret godkjenner utbyggingsavtale mellom Kinn kommune og Gartnerihagen Florø AS for gjennomføring av Detaljreguleringsplan for Gartnerihagen, gbnr. 28/48 m.fl., bustad.
2. Kommunestyret tek til orientering at avtalen har vore lagt ut til offentlig ettersyn i samsvar med plan- og bygningslova § 17-4, og at det i høyringsperioden kom inn éi merknad til avtalen.
3. Kommunestyret viser til merknadsoversikta og føreset at friområdet nord for utbyggingsprosjektet Gartnerihagen vert vidareført i det uttrykk som området har i dag. I dette ligg at skogsområdet mv. skal ha funksjon som buffer mellom utbygd areal mot Storevatnet som rekreasjonsområde, og at tilrettelegging som nemnt i punkt 2.4.1 i avtalen skal skje på mest mogleg skånsomt vis og at grøntstruktur skal bevarast best mogleg.

Vedtak som innstilling frå Plan- og miljøutvalet - 02.06.2026

1. Kommunestyret godkjenner utbyggingsavtale mellom Kinn kommune og Gartnerihagen Florø AS for gjennomføring av Detaljreguleringsplan for Gartnerihagen, gbnr. 28/48 m.fl., bustad.
2. Kommunestyret tek til orientering at avtalen har vore lagt ut til offentlig ettersyn i samsvar med plan- og bygningslova § 17-4, og at det i høyringsperioden kom inn éi merknad til avtalen.
3. Kommunestyret vurderer at merknaden ikkje gir grunnlag for endringar i utbyggingsavtalen.

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:

1. *Kommunestyret godkjenner utbyggingsavtale mellom Kinn kommune og Gartnerihagen Florø AS for gjennomføring av Detaljreguleringsplan for Gartnerihagen, gbnr. 28/48 m.fl., bustad.*
2. *Kommunestyret tek til orientering at avtalen har vore lagt ut til offentlig ettersyn i samsvar med plan- og bygningslova § 17-4, og at det i høyringsperioden kom inn éi merknad til avtalen.*
3. *Kommunestyret vurderer at merknaden ikkje gir grunnlag for endringar i*

Bakgrunn for saka:

Kommunestyret gjorde i sak KOST-119/21 (23.09.2021) prinsippvedtak om bruk av utbyggingsavtalar i Kinn kommune. Vedtaket opnar for at kommunen kan nytte utbyggingsavtalar der dette er hensiktsmessig for å sikre gjennomføring av tiltak som følgjer av plan, i tråd med plan- og bygningslova kapittel 17.

I Detaljreguleringsplan for Gartnerihagen, gbnr. 28/48 m.fl., bustad er det stilt fleire rekkefølgjekrav knytt til opparbeiding av infrastruktur og tilretteleggingstiltak. Desse krava utløyser behov for ein utbyggingsavtale mellom kommunen og utbyggjar.

Plan- og miljøutvalet vedtok i sak PMUV-028/26 å leggje framforhandla utbyggingsavtale mellom Kinn kommune og Gartnerihagen Florø AS ut til offentlig ettersyn i samsvar med plan- og bygningslova § 17-4. Høyringsfristen vart sett til 30 dagar frå kunngjering.

Etter gjennomført høyring vert saka no lagt fram for kommunestyret til endeleg vedtak.

Saksopplysningar:

Kinn kommune og Gartnerihagen Florø AS har forhandla fram utbyggingsavtale knytt til gjennomføring av Detaljreguleringsplan for Gartnerihagen, gbnr. 28/48 m.fl., bustad.

I planføresegnene § 6.1 er det fastsett at det før søknad om rammeløyve skal inngåast avtale mellom utbyggjar og Kinn kommune om gjennomføring av fleire tiltak.

Rekkefølgjekrava omfattar mellom anna:

- opprusting av Professor Gjelsvikveg aust for utbyggingsområdet
- bygging av ny gang- og sykkelveg mellom Professor Gjelsvikveg og Vangsvegen (o_SGS)
- etablering av tursti ned til Storevatnet (o_GT) og opprusting av friområdet (o_GF)
- opparbeiding av opphaldsplass/badeplass ved «Lindesnes» utanfor planområdet

I tillegg er det i planen stilt krav om at ny gang- og sykkelveg (o_SGS) og turstien til Storevatnet (o_GT) skal vere opparbeidd før det kan gjevast bruksløyve til delar av bustadutbygginga.

Utbyggingsavtalen regulerer gjennomføring av desse tiltaka, inkludert ansvar og kostnadsfordeling mellom kommunen og utbyggjar.

Det vil i tillegg bli inngått eigen avtale om overføring av justeringsrett for meirverdiavgift (justeringsavtale) knytt til anlegg som skal overtakast av kommunen. Kommunen skal ikkje bidra med kontantbidrag i samband med denne avtalen.

Utbyggingsavtalen har vore lagt ut til offentleg ettersyn i samsvar med plan- og bygningslova § 17-4. Det kom inn éi merknad i høyringsperioden. Merknaden gjeld i hovudsak ønskje om meir detaljerte føringar knytt til opparbeiding av friområdet o_GF.

Vurderingar:

Kommunedirektøren meiner utbyggingsavtalen er i samsvar med føringane i reguleringsplanen, rammene i plan- og bygningslova kapittel 17 og prinsippvedtaket i sak KOST-119/21.

Når det gjeld merknaden som kom inn i høyringsperioden, vurderer kommunedirektøren at dei forholda som vert tekne opp i hovudsak høyrer til reguleringsplan, tekniske planar og vidare detaljprosjektering, og ikkje til sjølve utbyggingsavtalen.

Etter plan- og bygningslova § 17-3 kan ikkje kommunen gjennom utbyggingsavtalar påleggje utbyggjar større eller andre plikter enn det som har sakleg samanheng med utbygginga og det som er nødvendig for gjennomføring av planen. Det ligg òg eit forholdsmessigheitskrav i lova.

Kommunedirektøren vil vidare peike på at det ikkje er vanleg praksis at utbyggingsavtalar detaljstyrer forhold som plassering av tre, omfang av vegetasjon, terrengforming eller tilsvarende detaljar, med mindre dette allereie er fastsett i reguleringsplan eller godkjende tekniske planar.

Når det gjeld o_GF, legg reguleringsplanen allereie tydelege føringar for arealet. Situasjonsplanen som ligg ved utbyggingsavtalen viser òg kva som er opna for innanfor området. O_GF er ikkje nærare omtalt i sjølve utbyggingsavtalen fordi partane ikkje har rettar eller plikter utover det som følgjer av reguleringsplanen og tilhøyrande planar.

På denne bakgrunnen vurderer kommunedirektøren at merknaden ikkje gir grunnlag for endringar i utbyggingsavtalen.

Kommunedirektøren meiner avtalen gir føreseielege rammer for både kommunen og utbyggjar, og sikrar gjennomføring av nødvendige tiltak knytt til infrastruktur og tilrettelegging i området.

Økonomiske konsekvensar:

Utbyggingsavtalen regulerer ansvar og kostnadsfordeling mellom partane for dei tiltaka som skal gjennomførast. Kommunen skal ikkje bidra med kontantbidrag gjennom justeringsavtalen knytt til meirverdiavgift.

Aktuelle lover, forskrifter, kjelder:

Plan- og bygningslova kapittel 17 (Utbyggingsavtalar)

Detaljreguleringsplan for Gartnerihagen, gbnr. 28/48 m.fl., bustad

Kinn kommune, kommunestyresak KOST-119/21 – prinsippvedtak om bruk av utbyggingsavtalar

Behandling i Kommunestyret 10.06.2026:

Justert punkt 3:, foreslått av Jacob André Telvik Nødseth, Kinn Venstre

3. Kommunestyret viser til merknadsoversikta og føreset at friområdet nord for utbyggingsprosjektet Gartnerihagen vert vidareført i det uttrykk som området har i dag. I dette ligg at skogsområdet mv. skal ha funksjon som buffer mellom utbygd areal mot Storevatnet som rekreasjonsområde, og at tilrettelegging som nemnt i punkt 2.4.1 i avtalen skal skje på mest mogleg skånsomt vis og at grøntstruktur skal bevarast best mogleg.

Repr. Solbakken (SV) ønskjer sin habilitet vurdert, då ho eig hus i Professor Gjelsvikveg 2A som er nabo til friområdet som er omtala i saka. Dei har også sendt inn merknad til nabovarsel om utbygging av Gartnerihagen.

Kommunedirektøren vurderer representanten som inhabil etter fvl. § 6 2.ledd.

Kommunestyret erklærer samrøystes repr. Solbakken som inhabil i saka.

Varamedlem Grete Stavø (SV) tiltrer i saka.

Røysting:

Framlegg frå Venstre punkt 3 v/repr. Nødseth vedtatt mot 10 røyster frå FrP.

Innstilling frå plan- og miljøutvalet punkt 1 og 2 samrøystes vedtatt.

KOST- 099/26 Vedtak:

1. Kommunestyret godkjenner utbyggingsavtale mellom Kinn kommune og Gartnerihagen Florø AS for gjennomføring av Detaljreguleringsplan for Gartnerihagen, gbnr. 28/48 m.fl., bustad.
2. Kommunestyret tek til orientering at avtalen har vore lagt ut til offentlig ettersyn i samsvar med plan- og bygningslova § 17-4, og at det i høyringsperioden kom inn éi merknad til avtalen.
3. Kommunestyret viser til merknadsoversikta og føreset at friområdet nord for utbyggingsprosjektet Gartnerihagen vert vidareført i det uttrykk som området har i dag. I dette ligg at skogsområdet mv. skal ha funksjon som buffer mellom utbygd areal mot Storevatnet som rekreasjonsområde, og at tilrettelegging som nemnt i punkt 2.4.1 i avtalen skal skje på mest mogleg skånsomt vis og at grøntstruktur skal bevarast best mogleg.

Behandling i Plan- og miljøutvalet 02.06.2026:

Røysting:

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak samrøystes vedtatt.

PMUV- 051/26 Vedtak:


1. Kommunestyret godkjenner utbyggingsavtale mellom Kinn kommune og Gartnerihagen Florø AS for gjennomføring av Detaljreguleringsplan for Gartnerihagen, gbnr. 28/48 m.fl., bustad.
2. Kommunestyret tek til orientering at avtalen har vore lagt ut til offentlig ettersyn i samsvar med plan- og bygningslova § 17-4, og at det i høyringsperioden kom inn éi merknad til avtalen.
3. Kommunestyret vurderer at merknaden ikkje gir grunnlag for endringar i utbyggingsavtalen.

Vedlegg i saken:

Utbyggingsavtale mellom Gartnerihagen Florø AS og Kinn kommune

Vedlegg til utbyggingsavtale

Høringsuttale - utbyggingsavtale til offentlig ettersyn - Gartnerihagen



Saksframlegg

Saksnr.	Utval	Møtedato
050/26	Plan- og miljøutvalet	02.06.2026
061/26	Formannskapet	04.06.2026
100/26	Kommunestyret	10.06.2026

Hovudplan vatn, avlaup og overvatn 2026-2035 Florelandet-Brandsøy, Eikefjord og Svanøy - Slutthandsaming

KOST- 100/26 Vedtak:

Sak utsett grunna tid.

Vedtak som innstilling frå Plan- og miljøutvalet - 02.06.2026

Kinn kommune vedtek hovudplan VAO slik den ligg føre i saka.

Kinn kommune søker nytt utslippsløyve for Florelandet-Brandsøy basert på sekundærrensing.

Vedtak som innstilling frå Formannskapet - 04.06.2026

Kinn kommune vedtek hovudplan VAO slik den ligg føre i saka.

Kinn kommune søker nytt utslippsløyve for Florelandet-Brandsøy basert på sekundærrensing.

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:

Kinn kommune vedtek hovudplan VAO slik den ligg føre i saka.

Kinn kommune søker nytt utslippsløyve for Florelandet-Brandsøy basert på sekundærrensing.

Bakgrunn for saka:

Kinn kommune har ansvar for trygg levering av drikkevatt, forsvarleg handtering av avløpsvatn og god overvasshandtering, i samsvar med nasjonalt og internasjonalt regelverk.

EU har vedteke eit revidert avløpsdirektiv som stiller vesentleg strengare krav til reinsing, kontroll, rapportering og energibruk ved avløpsanlegg.

Når direktivet vert teke inn i EØS-avtalen og norsk regelverk, vil det påverke både eksisterande og framtidige avløpsanlegg i kommunen. Det er difor naudsynt at hovudplanen tek høgde for desse endringane.

Plan- og miljøutvalet vedtok 9 september i sak 49/25 å legge Hovudplan ut på offentlig ettersyn.

Planframlegget har vore lagt ut til offentlig ettersyn i perioden 11 september-15 oktober 2025. Det kom inn 8 høyringsinnspel.

Desse innspela er vurderte og innarbeidde der det er mogleg. Viser til vedlagt merknadssamandrag for detaljar. Samtlege innspill er forøvrig lagt ved saka i sin heilskap.

Hausten 2025-våren 2026 gjekk det føre dialog mellom kommunen og Statsforvaltaren i Vestland om detaljar i hovudplanen. Difor har det tatt noko tid frå høyringa var ferdig, til saka no kjem til slutthandsaming.

Statsforvaltaren i Vestland meiner i brev dagsett 27 mars at planen kan godkjennast. Dei ber vidare om tilbakemelding når planen er godkjent og ein detaljert oppstilling av framdrift.

Hovudplan til slutthandsaming kan lesast ved å følgje lenga:

[Hovudplan VAO Endeleg versjon til slutthandsaming](#)

Saksopplysningar:

Hovudplan for vatn, avløp og overvatn i Kinn kommune er eit strategisk dokument som skal sikre forsvarlege, berekraftige og framtidsretta tenester innan vatn og avløp.

Planen tek særleg høgde for nye og skjerpa krav som følgje av revidert EU-direktiv for avløp, som vil få store konsekvensar for kommunane når det vert gjennomført i norsk regelverk.

Planen byggjer på statusvurderingar, risikovurderingar og framskriving av framtidige behov, og peikar ut strategiar og prioriterte tiltak for planperioden.

Særlege utfordringar for Florelandet-Brandsøy – krav om sekundærrensing

Florelandet-Brandsøy er det største tettstadsområdet i Kinn kommune og har i dag avløpshandtering basert på primærrensing ved eksisterande reinseanlegg. Etter gjeldande norsk regelverk har dette vore tilstrekkeleg, mellom anna grunna resipienttilhøva.

Det reviderte EU-direktivet for avløp stiller krav om sekundærrensing for alle tettstader over ei viss storleik, uavhengig av resipient. Når direktivet vert gjennomført i norsk regelverk, vil Florelandet-Brandsøy difor bli omfatta av krav om oppgradering frå primærrenseanlegg til sekundærrenseanlegg.

Konsekvensar av krav om sekundærrensing i Florelandet-Brandsøy

Kravet om sekundærrensing inneber vesentlege endringar for avløpshandteringa i Florelandet-Brandsøy, mellom anna:

- Behov for nytt eller vesentleg oppgradert reinseanlegg, med biologisk reinsesteg
- Betydelige investeringar i leidningsnett, bygg, prosessutstyr og tekniske installasjonar
- Auka drifts- og energikostnader, samt større krav til kompetanse og bemanning
- Overgangsløysingar og gjennomføringsrisiko, knytt til drift i anleggsperioden

Oppgradering til sekundærrensing vil samstundes gje betydelege miljøgevinstar i form av betre reinsing av organisk stoff, redusert forureining og betre tilstand i sjø og kystområde kring Florelandet-Brandsøy.

Her vil opne seg moglegheiter for ei vesentleg meir berekraftig handtering, herunder sirkulærøkonomisk, av restproduktet slam etter reinsing. Dette må gjerast i samarbeid med regionale og lokale aktørar, både i det offentlege og private. Slammengden produsert er forventa å 3-4 doble seg etter kvart som betre reinsing vert innført.

Florelandet-Brandsøy i hovudplanen – strategisk tilnærming

Hovudplan for vatn, avløp og overvatn legg til grunn at oppgradering av avløpsreinsinga i Florelandet-Brandsøy er eitt av dei mest krevjande og kostnadskrevjande tiltaka i planperioden.

Planen legg opp til:

- Tidleg planlegging og konseptval for nytt sekundærrenseanlegg
- Trinnsvis gjennomføring for å redusere økonomisk og driftsmessig risiko
- Samordning med fornying av leidningsnett for å redusere innlekking og overløp
- Vurdering av framtidig kapasitet i lys av befolkningsutvikling og klimaendringar
- Aktiv dialog med statlege styresmakter om krav, fristar og eventuelle overgangsordningar

Vurderingar:

Kommunedirektøren vurderer at hovudplanen er naudsynt for å setje kommunen i stand til å møte komande krav innan avløp og miljø. Særleg er planen viktig for å førebu kommunen på dei omfattande endringane som følgjer av nytt EU-direktiv, og for å sikre ein mest mogleg føreseieleg og berekraftig gjennomføring over tid.

Kommunedirektøren legger fram ein ambisiøs hovudplan for å i størst mogleg grad, innanfor det som sjåast på som teknisk gjennomførbart, å imøtekomme forventningane til framdrift hos Statsforvaltaren og forventa frister som vil kome i Norsk lov når direktivet etter kvart blir implementert.

Det er lagt inn ambisjonar for å framskynde sanering av nokre av slamavskiljarane, særleg då den på Sørstrand. Slamavskiljar i Brandsøy vil bli forsøkt framskynda. I tillegg vil det bli prioritert auking av reinseeffekten på Stranda RA ved bruk av nyutvikla teknologi under utprøving.

Rask framdrift må likevel balanseres mot teknologiutvikling i samfunnet slik at kommunen sikrer å bygge dei mest kostnadseffektive renseanlegga med den best tilgjengelige teknologien.

Kinn kommune har vore, og bør fortsette å vere, ein pådrivar for samarbeid på tvers av kommunar og regionar for å stimulere til teknologiutvikling innan avløpsreinsing. Dette vil kome både vår eigen kommune og andre til nytte.

Økonomiske konsekvensar:

Gjennomføring av hovudplanen, særleg innan avløp, vil krevje betydelege investeringar i anlegg, leidningsnett og kompetanse.

Kostnadene vil i hovudsak måtte dekkjast gjennom sjølvkost innan vatn- og

avløpssektoren. Planen legg til rette for langsiktig planlegging for å dempe gebyrauke og sikre økonomisk bereevne.

Ei detaljert oversikt på simulert gebyrutvikling ligger i hovudplanen sitt kapittel 7.

Tiltaka vert innarbeid i budsjett- og økonomiplan i dei kommande åra gjennom planperioden fram til 2036.

Aktuelle lover, forskrifter, kjelder:

Dei viktigaste regelverka som definerer ansvar og krav i vass- og avlaupssektoren er:

- Lov om matproduksjon og mattrygghet (matloven)
- Forskrift om vannforsyning og drikkevann (drikkevannsforskriften)
- Lov om planlegging og byggesaksbehandling (plan- og bygningsloven)
- Forskrift om tekniske krav til byggverk (byggteknisk forskrift)
- Lov om kommunal beredskapsplikt, sivile beskyttelsestiltak og Sivildforsvaret (sivilbeskyttelsesloven)
- Lov om helsemessig og sosial beredskap (helseberedskapsloven)
- Lov om arbeidsmiljø, arbeidstid og stillingsvern (arbeidsmiljøloven)
- Forskrift om internkontroll
- Forskrift om brannforebygging
- Lov om vassdrag og grunnvann (vannressursloven)
- Lov om vern mot forurensninger og om avfall (forurensningsloven)
- Forskrift om begrensning av forurensning (forurensningsforskriften)
- Utslippstillatelser gitt med hjemmel i forurensningsforskriften

Behandling i Kommunestyret 10.06.2026:

Sak utsett grunna tid.

KOST- 100/26 Vedtak:

Sak utsett grunna tid.

Behandling i Formannskapet 04.06.2026:

Kommunalsjef Rolf Bjarne Sund orienterte. Presentasjon vedlagt.

Røysting:

Innstilling frå plan- og miljøutvalet samrøystes vedtatt.

FORM- 061/26 Vedtak:

Kinn kommune vedtek hovudplan VAO slik den ligg føre i saka.

Kinn kommune søker nytt utslippsløyve for Florelandet-Brandsøy basert på sekundærrensing.

Behandling i Plan- og miljøutvalet 02.06.2026:

Røysting:

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak samrøystes vedtatt.

PMUV- 050/26 Vedtak:

Kinn kommune vedtek hovudplan VAO slik den ligg føre i saka.
Kinn kommune søker nytt utslippsløyve for Florelandet-Brandsøy basert på sekundærrensing.

Vedlegg i saken:

Merknadsamandrag etter offentlig ettersyn

Uttale - templan vatn, avløp og overvatn - Florelandet - Brandsøy, Eikefjord og Svanøy, Kinn kommune

Temaplan vatn, avlaup og overvatn Florelandet-Brandsøy. Eikefjord og Svanøy

Fråsegn til temaplan vatn, avlaup og overvatn 2026-2036 - Florelandet, Brandsøy, Eikefjord og Svanøy - Kinn kommune

NVE sin uttale - Offentleg ettersyn - Temaplan for vatn, avlaup og overvatn - Florelandet - Brandsøy, Eikefjord og Svanøy - Kinn kommune

Innspeil til høyring: Offentleg ettersyn - temaplan Vatn, avlaup og overvatn Florelandet-Brandsøy, Eikefjord og Svanøy

Høringsinnspill Temaplan for vatn, avlaup og overvatn 2026-2036


Svar - offentlig ettersyn - temaplan for vatn, avløp og overvatn 2026 - 2036 - Florelandet - Brandsøy - Eikefjord og Svanøy - Kinn kommune

Høyringsuttale - Temaplan for vatn, avløp og overvatn - Svanøy Grendautval

SV: Dykkar referanse 2020/4055

Tilbakemelding siste melding om hovudplan - avløp - Kinn

Presentasjon formannskapet 04.06.2026



Saksframlegg

Saksnr.	Utval	Møtedato
060/26	Formannskapet	04.06.2026
101/26	Kommunestyret	10.06.2026

Høyringsvar - Forslag til forskrift om cruiseavgift, Kinn kommune

KOST- 101/26 Vedtak:

1. Kinn kommune sluttar seg til vedlagt uttale frå Fjordane interkommunalt politisk råd.
2. Kinn kommunestyre ber kommunedirektøren kome tilbake med ei prinsippsak om å greie ut innføring av cruiseavgift i Kinn kommune dersom forskrifta om cruiseavgift blir vedtatt av sentrale styresmakter.

Vedtak som innstilling frå Formannskapet - 04.06.2026

Ingen vedtak.

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:

1. Kinn kommune sluttar seg til vedlagt uttale frå Fjordane interkommunalt politisk råd.
2. Kinn kommunestyre ber kommunedirektøren kome tilbake med ei prinsippsak om å greie ut innføring av cruiseavgift i Kinn kommune dersom forskrifta om cruiseavgift blir vedtatt av sentrale styresmakter.

Bakgrunn for saka:

Nærings- og fiskeridepartementet har sendt framlegg til forskrift om cruiseavgift ut på høyring. Høyringsfristen er 22.06.2026.

Fjordane interkommunalt politisk råd (Region Fjordane) har utarbeidd høyringsvar i samarbeid med kommunane Stad, Stryn og Kinn, som alle tre har cruisehamner. Uttalen vart vedtatt i regionrådet 08.05.2026.

Nordfjord Havn kom med innspel til utkastet før det blei behandla i regionrådet.

Det er viktig å merke seg at dette er ei høyring av sjølve forskrifta, som legg rammene for eit mogleg handlingsrom for kommunane til å innføre ei lokal avgift. Ei eventuell

innføring av avgifta for Kinn kommune vil kome på eit seinare tidspunkt, dersom sentrale styresmakter gir grønt lys for å innføre avgifta.

Saksopplysningar:

Nærings- og fiskeridepartementet foreslår ei forskrift som er heimla i besøksbidragslova (Lov 20. juni 2025 nr. 104 om besøksbidrag). Forskrifta gir kommunane heimel til å innføre cruiseavgift ved ei kommunal forskrift, og den gir rammene for kva den kommunale forskrifta kan innehalde.

Departementet foreslår i høyringsnotatet at kommunar som vel å innføre besøksbidrag frå cruisevirksomheit, kan legge ei avgift på 100 kroner pr. passasjer pr. påbegynte 24-timersperiode cruiseskipet ligg til hamn i kommunen eller set passasjerar i hamn i kommunen. Ein kan krevje inn avgifta uavhengig av om passasjerer går i land eller ikkje. Kommunen er innkrevjingsmyndigheit. Den enkelte kommune står fritt til å organisere kommunens arbeid, også når det gjeld innkrevjing av cruiseavgifta. Departementet antar at det i praksis vil vere dei kommunalt eigde hamnene som får oppgåva, fordi dei allereie har system for å krevje inn andre avgifter. Administrative kostnader knytt til cruiseavgifta kan dekkast av avgiftsinntektene.

I tråd med formålet i besøksbidragslova skal inntektene frå avgifta gå til å finansiere reiselivsrelaterte fellesgode. Eksempel på slike fellesgode er nemnt tenester, natur, kulturmiljø, infrastruktur, bygningar, og andre element, der bruken av eller behovet for desse aukar vesentleg med antal besøkande. Forslaget inneber at dei besøkande i større grad må bere kostandane dei påfører lokalsamfunna dei besøker. Dette kan bidra til betre sameksistens mellom lokalbefolkninga og cruiseverksemd.

Formålet med den foreslegne forskrifta er å gje kommunar med særleg stor belastning frå reiselivet mynde til å fastsetje ei kommunal cruiseavgift. Avgifta skal nyttast til å finansiere reiselivsrelaterte fellesgode.

Kommunestyret i kommunar med særleg stor belastning frå reiselivet, kan i forskrift bestemme at det skal betalast ei avgift for cruiseskip som anløper hamn i kommunen, og i kva månader av året avgifta skal gjelde. Cruiseavgifta må gjelde for heile kommunen.

Kommunen skal utarbeide ein plan for bruken av inntektene frå avgifta. Planen skal innehalde ei beskriving av reiselivsnæringa i kommunen og utfordringane knytt til mange besøkande. Kommunen skal legge til rette for at berørt næringsliv får kome med innspel til planen. Departementet skal godkjenne at planen er utarbeidd i tråd med føringane som er gitt. Planen må vere godkjent før avgifta kan tre i kraft.

Det blir foreslått at forskrifta skal tre i kraft frå 1. januar 2027. Kommunane må som hovudregel vedta og kunngjere forskrift om cruiseavgift seinast 31. desember året før avgifta trer i kraft. Men for at kommunar skal kunne innføre cruiseavgift allereie i 2027, er det foreslått ein overgangsbestemmelse slik at kravet kan avvikast i 2027. Dersom kommunen skal fastsette forskrift om avgift frå 2027, har ein frist for å sende inn plan for bruk av inntektene seinast 31. januar 2027.

Fjordane interkommunalt politisk råd (Region Fjordane) har vedtatt eit høyringssvar som kommunedirektøren foreslår at Kinn kommune stiller seg bak. I arbeidet med høyringssvar har Nordfjord Havn uttalt seg. Hamnedirektøren har uttalt følgjande:

«Nordfjord Havn sitt hovudbodskap er klart: Vi er positive til lokale bidrag frå reiselivet, men ordninga må ikkje bli så kostbar eller rigid at ho reduserer cruisetrafikken, svekkjer mindre hamner eller avgrensar hamnene sin evne til å investere i det grøne skiftet. Ei berekraftig avgiftsordning må byggje på lokalt sjølvstyre, lokal verdiskaping og eit avgiftsnivå som næringa faktisk kan bere.»

Nordfjord Havn peikar på at ei avgift på 100 kroner pr passasjer er langt over det som er

akseptabelt. I eit første utkast til høyringssvar var summen 30 kr foreslått. Nordfjord Havn peika då på at dei ikkje vurderer ein sats på 30 kroner som moderat. Hamna meiner at mindre destinasjonar som Måløy kan bli særleg utsett.

Etter behandling i regionrådet landa dei på «ein nasjonal sats på inntil 20 kroner pr passasjer.»

Vurderingar:

Kommunedirektøren foreslår at Kinn kommune sluttar seg til uttalen frå Region Fjordane.

Region Fjordane støttar innføring av ei ordning med cruiseavgift, då dette kan gi kommunane eit viktig verkemiddel for å handtere belastning og finansiere fellesgode knytt til cruiseanløp. Departementet foreslår ein fast nasjonal sats på 100 kroner per passasjer per påbegynt døgn i hamn. Region Fjordane meiner at dette nivået er for høgt og kan få uheldige konsekvensar for konkurransekrafta til regionen.

Region Fjordane vil peike at eit høgt avgiftsnivå kan påverke reiarlaga sine val av ruter og hamner, og slik bidra til endringar i seglingsmønster. Dette kan potensielt svekke etablerte cruisedestinasjonar som over tid har investert i infrastruktur, beredskap og tilrettelegging. Samstundes kan det oppstå vriding mot mindre hamner eller område som i mindre grad har tilsvarande krav eller kostnadsnivå.

Region Fjordane sitt syn:

- Ein nasjonal sats på inntil 20 kroner per passasjer vil betre balansere omsynet til finansiering av fellesgode og behovet for å vere konkurransedyktig.
- Avgifta må stå i samsvar med kva midlane kan brukast til.
- Moderat sats vil gi ein nødvendig og stabil inntektsstraum til kommunane.
- Avgiftsnivået bør utformast slik at ein i størst mogleg grad unngår uønskt vriding av trafikk mellom hamner og regionar.

I tillegg ber ein i uttalen om at det må tydeleggjerast i forskrifta kva tiltak cruiseavgifta kan nyttast til.

Det blir også peika på at det er viktig med tydelege rammer for innkrevjing og forvaltning av cruiseavgifta, slik at ordninga får høg legitimitet og fungerer effektivt i praksis.

Region Fjordane meiner det er behov for nærare klargjeringar i forskrifta for å sikre ei ordning som er praktisk gjennomførbar og som ikkje gir utilsikta utslag. Dette gjeld særleg i regionar med tett samarbeid gjennom interkommunale hamneselskap, der ulik praksis mellom kommunar kan gi konkurransevriding og svekke føremålet med ordninga.

Vidare er det behov for å ta omsyn til særskilde driftsmønster i cruisetrafikken, til dømes ruter med fleire korte anløp i same kommune. Utan tilpassingar kan dette gi urimelege utslag. Dette er særleg relevant for kystruta, drifta av Havila Kysttruten og Hurtigruten. Desse har anløp i Florø og Måløy (Kinn kommune), og stoppar berre 15 minutt. Utan tilpassingar kan dette gi urimelege utslag. Departementet ber om høyringsinstansane sitt syn på om det bør vere avgrensing mot kortare stopp på under ein time. Region Fjordane meiner på bakgrunn av dette at kystrutene sine anløp ikkje bør omfattast av berekningsgrunnlaget.

Dette punktet har vore spesielt viktig for Kinn kommune å få med i uttalen.

Det er og behov for ei tydleg klargjering av omgrepet «særleg stor belastning». Region Fjordane meiner det bør vere låg terskel for å kunne innføre cruiseavgift, slik at avgifta kan nyttast som eit verkemiddel for berekraftig reisemålsutvikling og førebyggjande besøksforvaltning.

Samtidig meiner Region Fjordane at nivået på avgifta må justerast ned frå foreslegne 100 kroner til ein nasjonal sats på inntil 20 kroner pr. passasjer.

I høyringsnotatet er tal passasjerar i 2025 i Måløy hamn oppgitt til 128 310. Dersom det

blir innført cruiseavgift på 20 kroner pr. passasjer, vil ein med dette passasjertalet kunne krevje inn ein årleg sum på kroner 2 566 200. Det er grunn til å tru at passasjertalet i Måløy vil auke i åra som kjem. Nordfjord Havn opplyste til Fjordenes Tidende i april at dei ventar rundt 145 000 gjestar i 2026, noko som ville gitt inntekt frå ei cruiseavgift på kr. 2 900 000.

Dersom forskrifta blir vedtatt av sentrale styresmakter, vil kommunedirektøren kome tilbake med ei prinsippsak om å greie ut innføring av cruiseavgift i Kinn kommune.

Økonomiske konsekvensar:

Høyringssaka har ingen økonomiske konsekvensar for Kinn kommune. Dersom ein på eit seinare tidspunkt skal behandle spørsmålet om å innføre avgifta, vil det få økonomiske konsekvensar som beskrive i saka.

Aktuelle lover, forskrifter, kjelder:

«Skriv her»

Behandling i Kommunestyret 10.06.2026:

Forslag frå Raudt, foreslått av Geir Ole Oldeide, Kinn Raudt

Kinn kommune er positiv til innføring av cruiseavgift og vil særleg peike på følgande moment som bør leggst vekt på i utarbeidinga av ei slik ordning:

- Ei tydeleg avgrensing mot svært korte anløp, slik at ordninga ikkje får utilsikta utslag
 - Kystrutene sine anløp bør ikkje omfattast av berekningsgrunnlaget på grunn av svært korte anløp
 - Klare retningslinjer for samarbeid i interkommunale hamneselskap (IKS), særleg i tilfelle der kommunar vel ulik praksis. Det same gjeld samarbeid internt i same kommune, dersom same kommune har fleire hamneføretak.
 - Opning for sesongdifferensiering, slik at avgifta kan tilpassast variasjonar i belastning og behov gjennom året.
 - Det skal vere ein låg terskel for å kunne innføre cruiseavgift
 - Kommunar med særleg stor belastning av cruiseverksemd må prioriterast med rask avklaring i ordninga Rask avklaring for kommunar med særleg stor belastning
- Storleiken på avgifta bør vere fleksibel med ei maksgrense på kr 100,- pr. passasjer.

Høyringssvar frå Kinn kommune, foreslått av Kjell Bjørn Refvik, Kinn Fremskrittsparti
Kinn kommune viser til Nærings- og fiskeridepartementet si høyring om forslag til forskrift om cruiseavgift, med høyringsfrist 22. juni 2026.

Kinn kommune støttar ikkje forslaget til forskrift slik det ligg føre.

Kinn kommune meiner at besøksforvaltning, berekraftig reisemålsutvikling og finansiering av reiselivsrelaterte fellesgode er viktige tema. Kommunen ser at mange reisemål har behov for betre ordningar for å finansiere infrastruktur, tilrettelegging, natur- og kulturmiljø, beredskap og andre fellesgode som både innbyggjarar og besøkande nyttar.

Samtidig meiner Kinn kommune at ei særskild kommunal cruiseavgift ikkje er rett verkemiddel. Forslaget rettar seg mot ein del av reiselivet, utan at finansiering av fellesgode i besøksnæringa blir vurdert heilskapleg. Dette kan gi uheldige og utilsikta utslag, både for cruisehamner, lokalt næringsliv og kommunar som over tid har arbeidd med å utvikle seg som berekraftige reisemål.

Kinn kommune meiner at forskrifta kan føre til konkurransevriding mellom hamner og kommunar. Cruisetrafikken er mobil, og reiarlaga vurderer kostnader, ruter,

hamnevilkår, logistikk og gjesteopplevingar samla når dei planlegg framtidige seglingar. Ei lokal avgift kan difor påverke kva hamner som blir valde, og kva destinasjonar som fell ut av framtidige ruteopplegg.

Dette er særleg viktig for mindre og mellomstore cruisedestinasjonar. Desse destinasjonane har ofte brukt mange år på å byggje opp trafikk, produkt, infrastruktur, beredskap og lokalt samarbeid. Ei avgift som aukar kostnadsnivået vesentleg, kan svekkje konkurransekrafta til nettopp dei destinasjonane som framleis er i ein utviklingsfase.

Måløy er eit døme på ein slik destinasjon. Måløy har dei siste åra utvikla seg som cruisehamn, med aukande trafikk og stor betydning for lokalt næringsliv, transportørar, guidar, serveringsstader, attraksjonar og handelsverksemd. I saksframlegget er det vist til at Måløy hadde 128 310 passasjerar i 2025, og at Nordfjord Havn har opplyst om forventningar på rundt 145 000 gjestar i 2026. Dette viser at cruisetrafikken har eit betydeleg omfang, men også at destinasjonen framleis er i utvikling og er avhengig av føreseielege rammevilkår.

Florø er eit anna døme på at forskrifta kan gi utilsikta utslag dersom den ikkje vert betre avgrensa. Kystruta, ved Hurtigruten og Havila Kystruten, har korte anløp både i Florø og Måløy. Desse stoppa varer om lag 15 minutt. Etter Kinn kommune sitt syn vil det vere urimeleg om slike korte stopp skal inngå i berekningsgrunnlaget for cruiseavgift. Slike anløp har ein heilt annan karakter enn ordinære cruiseanløp, og belastninga på lokalsamfunnet er ikkje samanliknbar.

Kinn kommune meiner vidare at forslaget kan svekkje lokal verdiskaping. Cruiseanløp skaper aktivitet for ei rekkje lokale aktørar. Inntektene kjem ikkje berre hamna til gode, men også lokalt næringsliv gjennom guidetenester, transport, handel, servering, attraksjonar og andre leverandørar. Dersom ei avgift fører til færre anløp eller lågare etterspurnad etter lokale tenester, kan resultatet bli mindre lokal verdiskaping, færre oppdrag og svakare grunnlag for vidare produktutvikling.

Kinn kommune vil også peike på at forslaget kan svekkje hamnene si evne til å investere i grøn omstilling. Mange hamner står framfor store investeringar knytt til infrastruktur, miljøtiltak, tryggleik og tilrettelegging. Dersom avgifta påverkar trafikkgrunnlaget negativt, kan dette svekkje hamnene sitt økonomiske grunnlag for slike investeringar.

Kinn kommune meiner at staten bør vurdere alternative modellar for finansiering av reiselivsrelaterte fellesgode. Ei slik ordning bør vere meir heilskapleg, meir føreseieleg og meir konkurransenøytral enn det forslaget til forskrift legg opp til. Dersom staten ønskjer ei nasjonal ordning for besøksbidrag, bør den utformast slik at den ikkje skaper urimelege utslag mellom ulike besøksformer, hamner, kommunar eller regionar.

Kinn kommune meiner at det, før ei eventuell forskrift blir vedteken, må gjennomførast ei grundigare vurdering av dei samla konsekvensane for norske cruisehamner, reiselivsnæringa og lokalt næringsliv. Det bør særleg vurderast korleis avgifta vil slå ut for mindre og mellomstore destinasjonar, og korleis den kan påverke framtidige seglingsmønster.

Kinn kommune ber på denne bakgrunn om at forslaget til forskrift ikkje blir vedteke i si noverande form.

Dersom departementet likevel går vidare med ei forskrift om cruiseavgift, meiner Kinn kommune at følgjande minimumsendringar må innarbeidast:

Satsen må setjast vesentleg lågare enn 100 kroner per passasjer. Maks 20 kroner, og det må være opp til kommunane sjølv om dei ynskjer å sette den lågare. Korte anløp, inkludert kystruta sine stopp, må haldast utanfor berekningsgrunnlaget. Det må sikrast at ordninga ikkje skaper konkurransevriding mellom hamner og

kommunar.

Det må klargjerast kva som ligg i omgrepet «særleg stor belastning».

Det må stillast krav om grundig konsekvensutgreiing før kommunar kan innføre avgifta. Inntektene frå avgifta må øyremerkast investeringar i infrastruktur som vert særleg belasta av aktiviteten.

Repr. Djuvik (FrP) ønskjer sin habilitet vurdert, då han er dagleg leiar i reiselivsutviklingsselskap som driv med cruiseturisme.

Kommunedirektøren vurderer representanten som inhabil etter fvl. 6 2. ledd, då hans selskap kan ha ein særleg fordel eller ulempe i saka.

Repr. Hagen (UAH) ønskjer sin habilitet vurdert, då han sit i styret for Nordfjord Hamn. Kommunedirektøren vurderer representanten som habil, representantar frå hamneselskap og kommunale føretak vurderast som habile i saka.

Representantane Nesje (FrP), Vågene (H) og Nydal (KrF) ønskjer sin habilitet vurdert, då dei sit i styret for Florø Hamn.

Kommunedirektøren vurderer representanten som habil, representantar frå hamneselskap og kommunale føretak vurderast som habile i saka.

Repr. Refvik (FrP) ønskjer sin habilitet vurdert, då han køyrer taxi og buss for cruiseturistar.

Kommunedirektøren vurderer representanten som habil, då han er ansatt i selskapet som driv med transport.

Kommunestyret erklærer samrøystes repr. Djuvik som inhabil i saka. Representanten fråtrer og repr. Holme tiltre som vara.

Kommunestyret erklærer samrøystes representantane Nesje, Vågene, Nydal og Hagen som habile i saka.

Røysting:

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak vedtatt mot tre røyster frå Raudt.

Framlegg frå FrP v/repr. Refvik falt med 10 røyster frå FrP.

Framlegg frå Raudt v/repr G. Oldeide falt med 14 røyster (3 Raudt, 8 AP, 2 V, 1 UAH v/Eliasson).

KOST- 101/26 Vedtak:

1. Kinn kommune sluttar seg til vedlagt uttale frå Fjordane interkommunalt politisk råd.
2. Kinn kommunestyre ber kommunedirektøren kome tilbake med ei prinsippsak om å greie ut innføring av cruiseavgift i Kinn kommune dersom forskrifta om cruiseavgift blir vedtatt av sentrale styresmakter.

Behandling i Formannskapet 04.06.2026:

Forslag frå Raudt til alternativt pkt 1, foreslått av Geir Ole Oldeide, Kinn Raudt
Kinn kommune er positiv til innføring av cruiseavgift og vil særleg peike på følgande moment som bør leggjast vekt på i utarbeidinga av ei slik ordning:

- Ei tydeleg avgrensing mot svært korte anløp, slik at ordninga ikkje får utilsikta utslag
- Kystrutene sine anløp bør ikkje omfattast av berekningsgrunnlaget pga svært korte anløp
- Klare retningslinjer for samarbeid i interkommunale hamneselskap (IKS), særleg i tilfelle der kommunar vel ulik praksis
- Opning for sesongdifferensiering, slik at avgifta kan tilpassast variasjonar i belastning

og behov gjennom året.

- Låg terskel for å kunne innføre cruiseavgift
- Rask avklaring for kommunar med særleg stor belastning

Justering av Oldeide (R) sitt framlegg, foreslått av Jacob André Telvik Nødseth, Kinn Venstre

Justering av kulepunkt 3, 5 og 6 i Oldeide (R) sitt framlegg:

- Klare retningslinjer for samarbeid i interkommunale samarbeid (IKS), særleg i tilfelle der kommunar vel ulik praksis. Det same gjeld samarbeid internt i same kommune, dersom same kommune har fleire hamneføretak.
- Det skal vere ein låg terskel for å kunne innføre cruiseavgift.
- Kommunar med særleg stor belastning av cruiseverksemd må prioriterast med rask avklaring i ordninga.

Representant Djuvik (FrP) ønskjer sin habilitet vurdert, då han er aktør innan den aktuelle bransjen.

Kommunedirektøren vurderer representanten som habil etter fvl. § 6, då det er ein prosessleiar og generell sak, men bemerker at det er formannskapet som må ta ei skjønsmessig vurdering sjølv.

Repr. Djuvik (FrP) vert erklært inhabil mot 3 røyster frå FrP.

Røysting:

Framlegg frå Venstre v/repr. Nødseth vert sett i lag med framlegg frå Raudt v/repr. G. Oldeide, og falt med 4 røyster (2 AP v/Teigen og Ødegård Standal, 1 Venstre, 1 Raudt). Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak falt med 3 røyster (1 SP, 1 KrF, 1 Høgre).

FORM- 060/26 Vedtak:

Ingen vedtak.


Vedlegg i saken:

Forslag til forskrift om cruiseavgift - høringsbrev

Høringsnotat - forslag til forskrift om cruiseavgift

Forskrift cruiseavgift, uttale frå Region Fjordane 08.05.2026

Høyring på forskrift om cruiseavgift, behandling i Fjordane interkommunalt politisk råd 08.05.2026



Saksframlegg

Saksnr.	Utval	Møtedato
025/26	Råd for menneske med nedsett funksjonsevne	01.06.2026
063/26	Oppvekst- og kulturutvalet	02.06.2026
102/26	Kommunestyret	10.06.2026

Endring av Forskrift om vedtekter for kommunal skulefritidsordning i Kinn kommune

KOST- 102/26 Vedtak:

Sak utsett grunna tid.

Vedtak som innstilling frå Råd for menneske med nedsett funksjonsevne - 01.06.2026

Rådet for menneske med nedsett funksjonsevne ønsker å utsette saka til høsten. På grunn av at vi kan ikkje komme med forandring på ferie Sfo så seint på året. Då dette vil råke mange familier som har lagt ferdig ferie kabalen for i år.

Vedtak som innstilling frå Oppvekst- og kulturutvalet - 02.06.2026

1. Saka vert utsett til hausten. Ei endring på ferie-SFO så seint på året vil råke dei familier som har lagt ferie-SFO til grunn for feriekabalen for i år.

2. Det skal i saka vurderast om det er mogleg å organisere både innhald og finansiering av ferie-SFO som ein del av det samla SFO-tilbodet. Det skal vurderast om dette kan føre til at tilbodet vert økonomisk berekraftig, føre til auka bruk og gje meir kvalitet og forutsigbarhet i tilbodet.

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:

Oppvekst- og kulturutvalet tilrår at Kinn kommunestyre gjer slik vedtak:

1. Med bakgrunn i lågt søkjartal, vert ferie-SFO i Kinn kommune lagt ned med verknad frå 01.08.2026.
2. § 5 Ferie-SFO i Forskrift om vedtekter for kommunal skulefritidsordning i Kinn kommune opphøyrer frå 01.08.2026.
3. Som del av arbeidet med skulestruktur, vert det også sett på organisering av SFO-tilbodet. Det skal vurdrast om det er mogleg å organisere ferie-SFO som del av det samla SFO-tilbodet. Kommunedirektøren kjem tilbake til oppvekst- og kulturutvalet med eiga sak om dette.

Bakgrunn for saka:

Oppvekst- og kulturutvalet gjorde følgjande vedtak i sak OPKUV- 036/26:

Oppvekst- og kulturutvalet sender Forskrift om vedtekter for kommunal skulefritidsordning i Kinn kommune på offentlig høyring.

Formålet med høyringa er å ta stilling til endring av §5 Ferie-SFO, og å ge innspel til om ferie-SFO skal leggst ned eller organiserast på annan måte.

Høyringsinstansar som vert kontakta direkte er foreldreråd og SU ved skulane og barnehagane i kommunen.

Høyringsfrist vert sett til tysdag 12.05.2026

Saka legg opp til ei revidering og endring av gjeldande *Forskrift om vedtekter for kommunal skulefritidsordning i Kinn kommune*, særskilt knytt til §5 Ferie-SFO. Eventuelle endringar skal vedtakast som endring av lokal forskrift jf. Forvaltningslova § 2, og publiserast på Norsk Lovtidend.

Forslag til endring av forskrift om vedtekter har vore til offentlig høyring i samsvar med forvaltningslova § 37. Det er lagt opp til slik prosess for å eventuelt gjere endring i gjeldande *Forskrift om vedtekter for kommunal skulefritidsordning i Kinn kommune*, særskilt knytt til §5 Ferie-SFO:

- 24.03.2026: Sak om endring av *Forskrift om vedtekter for kommunale skulefritidsordning i Kinn kommune, § 5 Ferie-SFO* vert handsama i Oppvekst- og kulturutvalet og sendt på offentlig høyring.
- 12.05.2026: Høyringsfrist
- 02.06.2026: Oppvekst- og kulturutvalet handsamar *Forskrift om vedtekter for kommunale skulefritidsordning i Kinn kommune, § 5 Ferie-SFO* med bakgrunn i innkomne høyringsuttalar.
- 10.06.2026: Kinn kommunestyre gjer vedtak om revidert *Forskrift om vedtekter for kommunale skulefritidsordning i Kinn kommune*.

SU og FAU ved den enkelte barnehage og skule er kontakta direkte med høyringsbrev, i samsvar med vedtaket i Oppvekst og kulturutvalet.

Saka har vore på offentlig høyring, med frist for innspel 12.05.2026. Kinn kommune har mottatt 4 høyringsinnspel i saka.

Oppvekst- og kulturutvalet skal handsame høyringsinnspel, og tilrå i saka som skal endeleg vedtakast av Kinn kommunestyre.

Saksopplysningar:

Kommunen skal ha eit tilbod om skulefritidsordning før og etter skuletid for 1. – 4. årstrinn og for barn med særskilt behov for 1. - 7. årstrinn (Opplæringslova § 4-5).

Kommunen si plikt til å ha skulefritidsordning er avgrensa til skuleåret, det vil seie dei 190 dagane elevane er på skulen (i samsvar med vedtatt forskrift om skuledagar, ferie og fridagar for gjeldande skuleår).

Skulefritidsordninga er ikkje ein del av grunnskuleopplæringa, men skal vere eit frivillig tilbod. Opplæringslova gjev ikkje elevane rett til plass i skulefritidsordninga. Det er heller

ikkje ei plikt for kommunen å ha skulefritidsordning i skulane sin ferie.

Kommunen kan krevje at utgifter til skulefritidsordninga vert dekke gjennom foreldrebetaling. Nasjonalt vedtekne moderasjonsordningar sikrar ein sosioøkonomisk profil på foreldrebetalinga (opplæringsforskrifta §§ 2-2, 2-3 og 2-4):

- Foreldrebetalinga på 1. -4. årstrinn er inntektsregulert og utgjør maksimalt 6% av hushaldninga si inntekt
- SFO er gratis for elevar med særskilt behov på 5. -7. årstrinn
- 1. -3. årstrinn har 12 timar gratis SFO per veke

Kinn kommune organiserer ordinært SFO-tilbod for elevane på barneskulane i kommunen. Kinn kommune har også lagt tilrette for behovsprøvd ferie-SFO, og ordninga med ferie-SFO er regulert i §5 i den kommunale forskrifta.

Med bakgrunn i innføring av 12 t/v gratis kjernetid i veka, også for ferie-SFO, var det forventa ein auke i talet på elevar til ferie-SFO. Erfaringa syner låge søkjartal til ferie-SFO, og eitt av omstillingstiltaka for grunnskule som er vedtatt i handlingsprogram og økonomiplan 2026-2029 er å legge ned ferie-SFO i kommunen.

Endring av ferie-SFO eller bortfall av ferie-SFO organisert av Kinn kommune, vil føre til endring, alternativ opphøyring av §5 i *Forskrift om vedtekter for kommunal skulefritidsordning i Kinn kommune* frå skuleåret 2026-2027.

Vurderingar:

Oppvekst- og kulturutvalet ba særskilt om høyringsinnspel til:

- a. Om ferie-SFO skal leggst ned med bakgrunn i at få elevar nyttar ferie-SFO
- b. Om talet på veker med ferie-SFO skal reduserast
- c. Alternativ organisering av SFO-tilbodet

Kommunedirektøren vil vidare i saka vurdere innspela som er mottatt i høyringa.

A) Skal ferie-SFO leggst ned med bakgrunn i at få elevar nyttar ferie-SFO?

3 av 4 innspel peikar på at ferie-SFO ikkje bør oppretthaldast med dagens ordning. Det vert peika på at:

- Ressursbruken for ferie-SFO er eit tilbod for få elevar, og må vurderast opp mot skulane sitt samla ressursbehov. Det må leggst til rette for ei meir effektiv ressursutnytting.
- Gratis kjernetid 12 t/v gjer ferie-SFO til eit dyrt tilbod fordi det er så få som har behov for ferie-SFO. Gratis kjernetid gjer det også utfordrande å organisere tilbodet.

Ei tilbakemelding er tydeleg i at tilbodet blir opplevd som for dyrt, har for låg kvalitet, og at det finst rimelegare og meir aktivitetsbaserte alternativ som mange vel i staden, til dømes fotballskular, sommarskule ved seilforeninga, forskarfabrikk eller gardstilbod.

Det vert også peika på at låge søkjartal kan skuldast årskull med ulikt elevtal og ulikt behov frå år til år.

Kommunedirektøren si vurdering:

Ein viktig årsak til at ferie-SFO vert vurdert å leggst ned, handlar om låg etterspørsel etter tilbodet. Til tross for innføring av gratis kjernetid 12 t/v også for ferie-SFO, er etterspørselen låg. Vi erfarer også at oppmøte til ferie-SFO er lågare enn dei som melder seg på. Kommunedirektøren erfarer at foreldre vel meir aktivitetsbaserte alternativ arrangert av frivillige lag og organisasjonar framfor kommunal ferie-SFO. Ferie-SFO er eit

frivilleg tilbod, og foreldre står fritt til å velje det tilbodet dei vurderer som mest attraktivt for barna sine. Kommunedirektøren vil tilrå å legge ned tilbodet om ferie-SFO, med bakgrunn i lågt behov.

B) Skal talet på veker med ferie-SFO reduserast?

Eitt innspel er tydeleg på å redusere talet på veker med ferie-SFO, til to veker i juni etter skuleslutt og ei veke før skulestart i august.

Det vert også peika på at:

- ferie-SFO må behovsprøvast
- det er utfordrande å få fast tilsette i SFO til å jobbe i ferie-SFO

Kommunedirektøren si vurdering:

Ferie-SFO vert behovsprøvd ved at foreldre må søkje særskilt om ferie-SFO framfor kvar skuleferie (haust- og vinterferie, og ferieveker etter skuleslutt og før skulestart). Dette er vurdert som den beste måten å avklare behovet for ferie-SFO på.

Det vert påpeika at det er utfordrande å få fast tilsette i SFO til å jobbe i ferie-SFO. Kommunedirektøren oppfattar at dette har samband med at tilsette i SFO også kan ha stilling i skulen og at tilsettingskontrakter følgjer skuleåret. Det er såleis utfordrande å rekruttere faste tilsette til å jobbe i ferie-SFO.

Det er lågast påmelding til ferie-SFO i haustferien og vinterferien. Siste skuleåret har Florø barneskule hatt nok påmelde til ferie-SFO i haustferien. Det er ikkje organisert ferie-SFO i vinterferien. Det er flest påmelde til ferie-SFO i juni/august ved Skavøypoll skule (20), og færrest ved Florø barneskule (12 oppmøtte i juni og 10 i august). Kommunedirektøren viser til kartlegging av behov og etterspurnad i saksutgreiing i vedlagt sak OPKUV- 036/26.

Det er kommunedirektøren si vurdering at søkjartalet til ferie-SFO er lågt, uavhengig av ferieveke. Lågt behov for ferie-SFO er avgjerande for kommunedirektøren si vurdering og tilråding i saka.

C) Alternativ organisering av SFO-tilbodet

FAU ved Florø barneskule peikar på at det må vurderast og prøvast ut alternative måtar å organisere SFO på, før tilbodet vert lagt ned. Dei viser til mellom anna Sogndal kommune: *Der er ordinær SFO stengt i fire veker om sommaren for føresette som betaler for elleve månader. Samstundes har føresette høve til å velje ein høgare månadspris som også omfattar ferieperioden, og som på den måten finansierer eit tilbod om ferie-SFO. Ei slik ordning vil etter vårt syn gi større forutsigbarhet for familiane, samtidig som kostnadene blir jamnare fordelte gjennom året. Vi har stor tru på at dette kan føre til auka bruk av SFO også i feriar.*

FAU ved Skram skole trekkjer fram det positive ved at ferie-SFO er ein arena for elevar frå fleire skular, og er organisert ulikt frå ordinært SFO-tilbod også når det gjeld innhald. Dei etterspør meir informasjon om innhaldet for at fleire skal melde seg på.

Kommunedirektøren si vurdering:

For å få eit betre kunnskapsgrunnlag om organisering og finansiering av ferie-SFO, er det innhenta opplysninga frå nærliggjande kommunar som har ordning med ferie-SFO. FAU ved Florø barneskule trekkjer fram Sogndal kommune si organisering.

Kommunedirektøren merkar seg at både Sogndal - , Sunnfjord – og Bergen kommune organiserer SFO-tilbodet i 11 månader per skuleår. Sogndal - og Bergen kommune har feriestengt 4 veker i juli, og ferie-sfo er inkludert i ordinær SFO-betaling. I Sogndal må foreldre likevel kjøpe sfo-plass i skulefrie periodar i tillegg. I Sunnfjord kommune vert

«inneklemda fridagar» samordna på geografisk nærliggjande skular og eit eige sommarferie-sfo vert samordna på dei større skulane, med eigne satsar for sommarferietilbod. Ferietilbod vert behovsprøvd.

I Kinn kommune vert ordinært SFO-tilbod organisert i 190 dagar, likt med elevane sine skuledagar gjennom eit skuleår. Dette er i samsvar med opplæringslova § 4-5. I tillegg vert det organisert behovsprøvd ferie-SFO i skulane sine feriar, regulert i § 5 i *forskrift om vedtekter for kommunal skulefritidsordning i Kinn kommune*. Det er eigne betalingssatsar for ferie-SFO.

Ordinært SFO-tilbod og ferie-SFO er organsiert med bakgrunn i dialog med foreldre og etter innmeldt behov. Kommunedirektøren vurderer at ei omlegging av det ordinære SFO-tilbodet til også å omfatte feriar og elevfrie dagar gjennom skuleåret, vil krevje ein grundigare prosess med foreldra. Foreldrebetaling for ferie-SFO er fastsett etter innspel frå foreldregruppa etter høyring i 2024. Kommunedirektøren kan ikkje tilrå å auke foreldrebetalinga for ordinært SFO-tilbod for å finansiere ferie-SFO på nåverande tidspunkt. Ei slik alternativ organisering av SFO-tilbodet vil krevje ei nærare utgreiing i dialog med foreldregruppa, også økonomisk.

Kommunedirektøren si oppsummering

Kommunedirektøren merkar seg dei fire innkomne innspela frå FAU og SU.

Ordinært SFO-tilbod, og ferie-SFO er viktige tilbod for elevar og foreldre gjennom skuleåret og i feriar. Kinn kommune legg til rette for å innfri eit SFO-tilbod med god kvalitet, der dyktige tilsette tilbyr varierte aktivitetar i eit trygt miljø for elevane.

Ferie-SFO er behovsprøvd og tilpassa lokale behov. Kommunen har lagt til rette for å oppretthalde ferie-SFO ved å organisere tilbodet ved to skular. Til tross for slik organisering er det svært få som søker ferie-SFO. Kommunedirektøren erkjenner at foreldre vel meir aktivitetsbaserte alternativ arrangert av frivillige lag og organisasjonar framfor kommunal ferie-SFO. Foreldra står fritt til å gjere slikt val.

Det er innhenta informasjon om organisering og foreldrebetaling for ferie-SFO i nærliggjande kommunar til Kinn. Nokre kommunar har SFO-tilbod inkl. ferietilbod med fast sats for foreldrebetaling 11 mnd pr år (t.d. Sogndal og Bergen), og andre har lik ordning som Kinn, med 10 mnd foreldrebetaling likt med skuleåret og ekstra betaling for ferie-SFO (t.d. Sunnfjord). Vi har mottatt eitt innspel om alternativ organisering, der det ordinære tilbodet skal delfinansiere ferie-SFO. Kommunedirektøren kan ikkje tilrå å auke foreldrebetalinga for ordinært SFO-tilbod for å finansiere ferie-SFO på nåverande tidspunkt.

Det låge søkjartalet til ferie-SFO er grunnen til at det vart fremma og vedtatt omstillingstiltak om å legge ned ferie-SFO i handlingsprogram og økonomiplan for 2026-2029. Dette er eitt av fleire omstillingstiltak for grunnskule i gjeldande økonomiplan.

Erfaringa med lågt behov for ferie-SFO er avgjerande for kommunedirektøren si vurdering og tilråding i saka. Kommunedirektøren tilrår at ferie-SFO vert avvikla frå 01.08.2026. Som del av arbeidet med skulestruktur vert det sett på om det er behov for at SFO-tilbodet kan organiserast annleis. Dette skal inkludere framtidig moglegheit for også å etablere ferie-SFO. Kommunedirektøren vil komme attende til oppvekst – og kulturutvalet og kommunestyret med eiga sak om dette.

Utkast til revidert Forskrift om vedtekter for kommunal skulefritidsordning i Kinn kommune, følgjer som vedlegg til saka.

Økonomiske konsekvensar:

Eitt av av omstillingstiltaka for grunnskule som er vedtatt i handlingsprogram og

økonomiplan 2026-2029 er å legge ned ferie-SFO i kommunen. Kommunedirektøren si tilråding stettar vedtaket.

Ei eventuell framtidig omorganisering av SFO-tilbodet, inklusivt ferie-SFO må bereknast og finansierast innanfor gjeldande økonomiske ramme.

Aktuelle lover, forskrifter, kjelder:

Opplæringslova med forskrifter

Forskrift om vedtekter for kommunal skulefritidsordning, Kinn kommune, Vestland

Behandling i Kommunestyret 10.06.2026:

Sak utsett grunna tid.

KOST- 102/26 Vedtak:

Sak utsett grunna tid.

Behandling i Oppvekst- og kulturutvalet 02.06.2026:

Forslag fra AP, foreslått av Ninja Tolo Ness, Kinn Arbeiderparti

1. Saka vert utsett til hausten. Ei endring på ferie SFO så seint på året vil råke dei familier som har lagt ferie SFO til grunn for feriekabalen for i år.

2. Det skal i saka vurderast om det er mogleg å organisere både innhald og finansiering av ferie-SFO som ein del av det samla SFO-tilbodet. Det skal vurderast om dette kan føre til at tilbodet vert økonomisk berekraftig, føre til auka bruk og gje meir kvalitet og forutsigbarhet i tilbodet.

Røysting:

Framlegg frå AP v/repr. Tolo Ness vert sett opp mot kommunedirektøren sitt framlegg og vedtatt mot ei røyst frå KrF v/Vig.

OPKUV- 063/26 Vedtak:

1. Saka vert utsett til hausten. Ei endring på ferie-SFO så seint på året vil råke dei familier som har lagt ferie-SFO til grunn for feriekabalen for i år.

2. Det skal i saka vurderast om det er mogleg å organisere både innhald og finansiering av ferie-SFO som ein del av det samla SFO-tilbodet. Det skal vurderast om dette kan føre til at tilbodet vert økonomisk berekraftig, føre til auka bruk og gje meir kvalitet og forutsigbarhet i tilbodet.

**Behandling i Råd for menneske med nedsett funksjonsevne
01.06.2026:**

Råd for menneske med nedsette funksjonsevne, foreslått av Magne Ove Midtbø, Kinn Senterparti

Rådet for menneske med nedsett funksjonsevne ønsker å utsette saka til høsten. På grunn av at vi kan ikkje komme med forandring på ferie Sfo so seint på året. Då dette vil råke mange familier som har lagt ferdig ferie kabalen for i år.

Røysting:

Fellesframlegg framsatt av leiar Midtbø samrøystes vedtatt.

RMNF- 025/26 Vedtak:

Rådet for menneske med nedsett funksjonsevne ønsker å utsette saka til høsten. På grunn av at vi kan ikkje komme med forandring på ferie Sfo så seint på året. Då dette vil råke mange familier som har lagt ferdig ferie kabalen for i år.

Vedlegg i saken:

Høringsinnspill - Forskrift om vedtekter for kommunal skulefritidsordning i Kinn kommune

Høyringsuttale - endring av ferie-SFO - FAU v/Florø barneskole

Svar på høyring om ferie SFO frå SU Skavøypoll skule 29.04.2026

Høyringsuttale - Oppretthalde eller legge ned ferie-SFO ved grunnskulane - Raudeberg skule

Utkast til revidert forskrift om vedtekter for kommunal skulefritidsordning i Kinn kommune - til handsaming i OK-utval 02.06.2026

Organisering og finansiering av ferie-SFO

Forskrift om vedtekter for kommunal skulefritidsordning, Kinn kommune, Vestland - Lovdata



Saksnr.	Utval	Møtedato
036/26	Helse-, sosial- og omsorgsutvalet	02.06.2026
103/26	Kommunestyret	10.06.2026

Skjenkeløyve- Aur Eikefjord AS - 2026-2028

KOST- 103/26 Vedtak:

Aur Eikefjord AS, org 937 572 336, ved dagleg leiar Trine Vokuhl Havn, får løyve til servering og skjenking av alle sortar alkoholhaldig drikk i omsøkte og godkjente lokale for det, Hovlandsvegen 4A, 6940 Eikefjord.

Løyvet gjeld til og med 30.09.2028.

Godkjent styrar: Trine Vokuhl Havn, f. 11.06.1972

Godkjent stadavløysar: Ida Sørдал, f. 23.11.80

Godkjent lokale: Aur Eikefjord as, Hovlandsvegen 4A, 6940 Eikefjord

Type verksemd: Kafeteria og bar

Alkoholvare: Alkoholhaldig drikk gruppe 1, 2, og 3, drikk med inntil 60% alkohol

Vedtak som innstilling frå Helse-, sosial- og omsorgsutvalet - 02.06.2026

Aur Eikefjord AS, org 937 572 336, ved dagleg leiar Trine Vokuhl Havn, får løyve til servering og skjenking av alle sortar alkoholhaldig drikk i omsøkte og godkjente lokale for det, Hovlandsvegen 4A, 6940 Eikefjord.

Løyvet gjeld til og med 30.09.2028.

Godkjent styrar: Trine Vokuhl Havn, f. 11.06.1972

Godkjent stadavløysar: Ida Sørдал, f. 23.11.80

Godkjent lokale: Aur Eikefjord as, Hovlandsvegen 4A, 6940 Eikefjord

Type verksemd: Kafeteria og bar

Alkoholvare: Alkoholhaldig drikk gruppe 1, 2, og 3, drikk med inntil 60% alkohol

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:

Aur Eikefjord AS, org 937 572 336, ved dagleg leiar Trine Vokuhl Havn, får løyve til servering og skjenking av alle sortar alkoholhaldig drikk i omsøkte og godkjente lokale for det, Hovlandsvegen 4A, 6940 Eikefjord.

Løyvet gjeld til og med 30.09.2028.

Godkjent styrar: Trine Vokuhl Havn, f. 11.06.1972
Godkjent stadavløysar: Ida Sørðal, f. 23.11.80
Godkjent lokale: Aur Eikefjord as, Hovlandsvegen 4A, 6940 Eikefjord
Type verksemd: Kafeteria og bar
Alkoholvare: Alkoholhaldig drikk gruppe 1, 2, og 3, drikk med inntil 60% alkohol

Bakgrunn for saka:

Løyvet vert gitt med dei til ei kvar tid gjeldande vilkår for skjenkestader, jf. alkohollova med tilhøyrande forskrifter og Kinn kommune sine alkoholpolitiske retningslinjer for perioden 2024–2028.

Det er ein føresetnad for løyvet at lokalet er endeleg godkjent i samsvar med gjeldande lovverk, og at dokumentasjonen som ligg føre oppfyller krava etter lov om omsetning av alkoholhaldig drikk m.m. (alkohollova).

Godkjende opnings- og skjenketider:

Skjenkestad	Skjenketider		Opningstider	
	Under 22 %	Over 22 %	Uteservering til	Ope til
Aur Eikefjord AS	08.00-02.00	13.00-02.00	02.30	02.30

Saksopplysningar:

Aur Eikefjord AS er eit nyetablert selskap i Eikefjord. Søknaden om endeleg bruksendring er framleis under behandling, men verksemda har levert all nødvendig dokumentasjon i tråd med gjeldande krav for denne typen søknader. Det har tidlegare vore bensinstasjon i lokalet, og det er difor ikkje behov for ny reguleringsplan. Søknaden er handsama i tråd med serveringslova og alkohollova. Det vert søkt om uteservering på eit avgrensa område, jf. vedlagde teikningar.

Vurderingar:

Aur Eikefjord AS har levert nødvendig dokumentasjon i samsvar med krava som gjeld for denne typen søknader. Det har tidlegare vore bensinstasjon i lokalet.

Søknaden er vurdert i samsvar med serveringslova og alkohollova. Kommunedirektøren tilrår at skjenkeløyve vert gjeve slik det går fram av søknaden.

Økonomiske konsekvensar:

Det vil i samsvar med gjeldande lovverk bli gjennomført kontroll med utføring av det gjeve løyvet. Dette vert utført av det kontrollselskap kommunen har avtale med. Vidare vil Kinn kommune kvart år krevje inn gebyr for å inneha kommunalt løyve for skjenking av alkoholhaldig drikk. Dette gebyret skal dekke dei utgifter kommunen har med oppfølging og kontroll med det gjeve løyvet.

Aktuelle lover, forskrifter, kjelder:

Lov om omsetning av alkoholhaldig drikk av 02.06.1989, nr. 27 (alkohollova) med seinare tillegg og endringar.

Forskrift av 08.06.2005 nr. 538 om omsetning av alkoholhaldig drikk m.v med seinare tillegg og endringar.

Forskrift av 15.12.1994 nr. 1187 om internkontroll for å oppfylle næringsmiddelovgjevinga.

Kinn kommune sine alkoholpolitiske retningslinjer, godkjent i kommunestyre i sak 050/24, den 04. april 2024.

Behandling i Kommunestyret 10.06.2026:

Røysting:

Innstilling frå helse-, sosial- og omsorgsutvalet samrøystes vedtatt.

KOST- 103/26 Vedtak:

Aur Eikefjord AS, org 937 572 336, ved dagleg leiar Trine Vokuhl Havn, får løyve til servering og skjenking av alle sortar alkoholhaldig drikk i omsøkte og godkjente lokale for det, Hovlandsvegen 4A, 6940 Eikefjord.

Løyvet gjeld til og med 30.09.2028.

Godkjent styrar: Trine Vokuhl Havn, f. 11.06.1972

Godkjent stadavløysar: Ida Sørдал, f. 23.11.80

Godkjent lokale: Aur Eikefjord as, Hovlandsvegen 4A, 6940 Eikefjord

Type verksemd: Kafeteria og bar

Alkoholvare: Alkoholhaldig drikk gruppe 1, 2, og 3, drikk med inntil 60% alkohol

Behandling i Helse-, sosial- og omsorgsutvalet 02.06.2026:**Røysting:**

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak samrøystes vedtatt.

HSOUV- 036/26 Vedtak:

Aur Eikefjord AS, org 937 572 336, ved dagleg leiar Trine Vokuhl Havn, får løyve til servering og skjenking av alle sortar alkoholhaldig drikk i omsøkte og godkjente lokale for det, Hovlandsvegen 4A, 6940 Eikefjord.

Løyvet gjeld til og med 30.09.2028.

Godkjent styrar: Trine Vokuhl Havn, f. 11.06.1972

Godkjent stadavløysar: Ida Sørдал, f. 23.11.80

Godkjent lokale: Aur Eikefjord as, Hovlandsvegen 4A, 6940 Eikefjord

Type verksemd: Kafeteria og bar

Alkoholvare: Alkoholhaldig drikk gruppe 1, 2, og 3, drikk med inntil 60% alkohol

Vedlegg i saken:

Søknad om skjenkeløyve

Plantegning.pdf